


KOMMUNEPLAN 2017-2027

Arealdelen

- konsekvensutgreiing

Vedteke i kommunestyret, 9. august 2017 - sak 55/17



Innhald

Konsekvensutgreiing av innkomne innspel	5
Konsekvensutredning (KU)	5
Temakart	5
Omsynssone sikringssone drikkevatt for: Tessand, Vågåmo, Stokstadåsen, Brennsletten, Lalm, Sjørdalen og Lemonsjøen.	5
Omsynssone kulturminne.....	5
Omsynssone bevaring av naturmiljø	5
Omsynssone flom	5
Omsynssone snøskred.....	5
Omsynssone steinssprang	6
Omsynssone jord- og flomskred.....	6
Omsynssone skredfare	6
Omsynssone flom Vågåmo.....	6
Omsynssone for kraftline–høgspenningsanlegg	6
Omsynssone detaljeringssone.....	6
Omsynssone bandlegging for regulering etter pbl.....	6
Metode	6
Natur- og miljø:	7
Samfunn:	7
Konsekvensutgreiing av innkomne innspel	7
Naturmangfaldloven	8
B01: Brustugu – nye leilegheiter, Vågåmo	9
B02: Brustugu, Vågåmo	11
B03: Lalm sentrum	13
B04: Lalm sentrum II.....	16
S01, S02 og S03 Kiwi, Coop og Finstad	19
S04 og S05 Handelsforeining og Bunnpris.....	21
S06 og S07 Moavegen og Eksismoen	23
B/F/K01: Brustugu, Vågåmo	25
B/N/K02: OKB tomta	27
B/FO/K02: Engum tomta	29
B/FO/K03: Smedsmo, Vågåmo	31
B/G01 Vågå Gjestegiveri.....	34

TB/L01: Maurvangen (Tenestebustad med lager/garasje)	36
Samla vurdering av konsekvensane for Vågåmo.....	39
Samla vurdering av konsekvensane for Lalm	40
GL01 og GL02: Utviding av gravlund	41
FT01: Tessosen	43
FT02: Sæta seter (Randsverk camping).....	45
FT03: Tesse	49
N01: Kolbotten II, Lalm.....	51
N02: Klonesodden	54
N03: Skultbakken.....	57
N04: Brustugu - nedre, Vågåmo	59
FO/N02: Lemonsjøen.....	61
F01: Slombhaugen, Leomsjøen	63
F02: Ormeholet (Storviksmorkje).....	66
F03: Grasdokken.....	68
F04: Reiregrende	70
F05: Fjellsida	72
F08: Veidarheim	75
F09: Jetta	77
Samla vurdering av fritidsbustader i Indre Sjødalen og heile Vågå.....	80
F/FT01: Fjellsida.....	81
R/N01 og G01: Tolstadmoen	83
R01: Hanslien.....	87
R02: Ristigdalen	90
R03 Blåhøvegen.....	93
SB02 Bårstad, Lalm	95
SB03 Tolstadløkken, Lalm.....	98
SB04 Holongsøyom.....	101
SB05: Sandbu.....	104
SN01 (Spreidd næring i LNFR): Pina seter	107
SN02 (Spreidd næring i LNFR): Kalven seter.....	109
FS01: Kortbaneflyplass på Grov.....	112
VF01 Brustugu	115
VF02. Vatn og friluftsområde, isbane Vågåvatnet	117

Ny gang- og sykkelveg mellom Lemonsjøen alpin og Skardå camping	119
Vidareføring av ny gang- og sykkelveg frå Sveaholsvegen til rundkøyring	122
Vidareføring av ny gangveg frå Kvarbergåsen til Hølvegen, Vågåmo	124
Samla vurdering av nye byggeområde som er avsett i planforslaget	127

Konsekvensutgreiing av innkomne innspel

Konsekvensutredning (KU)

Etter plan- og bygningslova § 4–2 skal alle kommuneplanar med rammer for framtidig utbygging ha særskilt vurdering og omtale av planen sine verknader for miljø og samfunn. Konsekvensutgreiing (KU) skal vera ein del av planskildringa og den skal skildre verknadene for einskilde område og den samla verknaden for arealbruksendringane i planen. Konsekvensutgreiinga skal skildre verknader for miljø og samfunn ut frå føreliggjande kunnskap og eventuell nødvendig oppdatering av kunnskap. Utgreiinga skal vere relevant for å fatte ei avgjerd og skal vere tilpassa omfanget til tiltaket og konfliktgraden.

Temakart

Det er utarbeidd ulike temakart som er juridisk bindande og som er nytta i samband med KU-vurderingane og ROS-analyse.

Omsynssone sikringssone drikkevatt for: Tessand, Vågåmo, Stokstadåsen, Brennsletten, Lalm, Sjørdalen og Lemonsjøen.

Kartet syner område der det er avsett sikringssone for drikkevatt.

Omsynssone kulturminne

Kartet er basert på data frå Riksantikvaren sin database Askeladden.

Omsynssone bevaring av naturmiljø

Kartet er basert på registreringar av naturtypar i kartløysninga Naturbase. Det er naturtypar som er vekta med svært viktig verdi som er vist i temakartet. Nokre utvalde artar som er raudlista er også vist på temakartet.

Omsynssone flom

Kartet syner aktsemdsområde som er utsett for flom. Kartet er henta frå NVE Atlas. Aktsemdskartet viser område med potensiell flomfare. Kartet er svært grovmaska og må brukast deretter.

Omsynssone snøskred

Kartet syner mogleg kjeldeområde og utløpsområde for snøskred og er henta frå Norges Geologiske Undersøkelse (NGU) sin skreddatabase.

Omsynssone steinssprang

Kartet syner mogleg kjeldeområde og utløpsområde for steinsprang og er henta frå Norges Geologiske Undersøkelse (NGU) sin skreddatabase.

Omsynssone jord- og flomskred

Kartet syner aktsemdsområde som er utsett for flaum- og jordskred. Kartet er henta frå NVE Atlas. Aktsemdskartet for jord- og flomskred viser område med potensiell fare for jord og flomskred. Kartet gir ei god vurdering for fyrste vurdering av skredfare. Noregs Geologiske Undersøkelse (NGU) har utarbeidd det landsdekkande kartet på oppdrag frå NVE.

Omsynssone skredfare

Kartet syner område som er faresonekartlagt med omsyn til ras- og skred av geolog. Kartet viser difor reell fare for snøskred, steinssprang og jord- og flomskred. Vågå kommune kartla mellom anna fleire område i samband med revisjonen av kommunedelplan for Vågåmo i 2008. Desse område står omtalt i NGI- rapport 20071802–1.

Omsynssone flom Vågåmo

Område som NVE har utarbeidd flomsone for er vist i kartet. Dette er reell flomfare og viser 200- års flom for Vågåmo.

Omsynssone for kraftline-høgspenningsanlegg

I Vågåmo er det etablert ei stor transformatorstasjon ved Finnkanten og fleire store kraftliner kryssar difor gjennom Vågåmo. Dei største høgspenningslinene som er på 300 og 132 kV (kilovolt) er vist som omsynssone med bredde på 100 meter i plankartet. Det er utarbeidd tilhøyranda føresegnar til omsynssonene.

Omsynssone detaljeringssone

Viser område som er regulert og der reguleringsplanen framleis skal gjelde.

Omsynssone bandlegging for regulering etter pbl.

Viser område der det må utarbeidast reguleringsplan.

Metode

Nye område og område som er avsett til framtidig utbyggingsformål i gjeldande kommunedelplanar som ikkje er realisert ved regulering eller utbygging, er konsekvensutgreidd på nytt. Konsekvensane av nye og gamle område er vurdert i høve til følgjande tema, der det er 4 tema som rår natur- og miljø og 6 tema som rår samfunn:

Natur- og miljø:

- Naturmiljø og naturmangfald
- Jord- og skogbruk
- Landskap
- Kulturminne og kulturmiljø

Samfunn:

- Forureining, energi og klima
- Nærmiljø, friluftsliv og barn og unge
- Sosial infrastruktur
- Teknisk infrastruktur
- Samfunnstryggleik
- Trafikktryggleik
- Attraktivitet og bukvalitet

Verdsetting av tema er vurdert frå negativt, nøytral til positiv. Innanfor område utan kartlagde førekomstar og lite potensial for å finne noko er konsekvensane vurdert til å vere nøytral. Der det er kartlagt eller kjende verdiar av lokal betyding er vurderinga sett til negativ. Område som ikkje er tilstrekkeleg kartlagde, men som er av ein viss storleik og der det er potensial for å finne verdiar, er vurdert til å vere nøytral eller negativ ut frå tema som er vurdert. Der det finst sjeldne førekomstar eller særskilde verdiar av regional eller nasjonal betyding, er konsekvensane av utbygging sett til negativ.

Konsekvensutgreiing av innkomne innspel

Tema	Innhald (kva er vurdert)	Kunnskap
Naturmiljø og naturmangfald	Naturmangfald og viltførekomstar, vassdrag, område verna etter naturvernlova. Vurderingar etter naturmangfaldlova § 8–12	Naturbase (kartlegging av biologisk mangfald INON, artskart
Jord- og skogbruk	Konsekvensar for landbruksproduksjon og skog	Skog og landskap AR5 + dyrkbar mark
Landskap	Tilpassing til kulturlandskap, visuelt sårbart eller eksponert areal	Lokal kunnskap, terrengmodell og synfaring
Kulturminne og kulturmiljø	Freda eller verneverdig kulturminne eller miljø, eldre busetnader, gardstun	Askeladden kulturminnesøk
Forureining, energi og	Samordna areal og transport,	Kart, lokal kunnskap

klima	fortetting, forureina grunn og støy.	grunnforurensningsdatabasen Støysoner frå Statens vegvesen
Nærmiljø, friluftsliv og barn og unge	Konsekvensar for friluftsliv og nærmiljø og leikeområde	Stiger og løyper–kartgrunnlag Vågå, Barnetrakkregistreringar
Sosial infrastruktur	Avstand til barnehage, skule, helse- og sosialteneste, bustader	Kart og lokalkunnskap
Teknisk infrastruktur	Veg, vatn og avløp	Kart og lokalkunnskap
Samfunnstryggleik	Område som ligg utsett til med omsyn til: skred og ras, steinsprang og flom	Aktsemdskart og eigne utgreiingar
Trafikktryggleik	Vegklasse og vegstandard, avkøyring, gang- og sykkelveg. Nærleik til skule/barnehage/sentrum.	Lokalkunnskap, kartgrunnlag i Vågå
Attraktivitet og bukvalitet	Område, sol, helling	Lokalkunnskap


Naturmangfaldloven

Det er utført ein oppdatering av kunnskapsgrunnlaget om biologisk mangfald, jf. naturmangfaldloven når det gjeld følgjande område:

- FT02: Randsverk camping

Det er Anders Breili som har gjennomført supplerande naturtypekartlegging og vurdering av naturmiljøet. Vurderingane av området sin verdi for biologisk mangfald bygge på feltarbeid og eksisterande informasjon i Naturbase og Artskart. Sjå notat som ligg som vedlegg til planmaterialet.

B01: Brustugu – nye leilegheiter, Vågåmo

Forslagsstillar:	Vågå kommune	
Gnr./bnr.:	Gnr. 66 bnr. 11 og 1	
Dagens formål:	Erverv, Byggeområde	
Foreslått formål:	Bustad	
Arealstorleik:	11 daa	
Dyrka mark:	11 daa	
Skildring av foreslått tiltak: Arealet ligg som erverv i eksisterande kommunedelplan. Ønskjer å vidareføre arealet som bustad. Det kan berre førast opp leilegheitsbygg med høg arealutnytting.		

Tema	Verdiskildring	Skildring og omfang	Vurdering av omfang
Naturmiljø og naturmangfald	Inga kjente registreringar i området.	Regulering til leilegheiter vil truleg påverke naturverdiar og biologisk mangfald lite.	Nøytralt
Jord- og skogbruk	Stor verdi som dyrka mark.	Kan gje auka konfliktnivå mellom landbruk og andre interesser. Men området ligg så sentrumsnært at det allereie er påverka av utbygging.	Negativt
Landskap	Det dyrka arealet ned mot Vanglandet har stor verdi for landskapsbilete, men området er ikkje godt synleg frå vest ettersom det er så attgrodd etter Vågåvatnet.	Landskapet vil forandre seg, men det kan vere positivt ved at heile området ved Vanglandet blir meir tilrettelagd som turområde/friluftsområde i samband med at området blir bygd ut.	Nøytralt
Kulturminne og kulturmiljø	Inga kjende registreringar i området.	Truleg ingen verknad	Negativt

Forureining, energi og klima	Stutt veg til Vågåmo sentrum. Positivt med omsyn til <i>samordnet bustad-, areal- og transportplanlegging</i> .	Vil gje redusert transportbehov og det vil vere positivt for folkehelsa.	Positivt
Nærmiljø, friluftsliv og barn og unge	Ikkje registrert som leikeområde eller friluftsområde.	Ingen verknad.	Nøytralt
Sosial infrastruktur	Gangavstand til skule og sentrum. Ligg innanfor indre sentrumssone av Vågåmo.	Positivt for folkehelsa. Vil ikkje utløyse behov for ny infrastruktur.	Positivt
Teknisk infrastruktur	Tilgang til offentleg vatn- og avløp. Gangavstand til sentrum som bør vere trygg.	Vil ikkje utløyse behov for ny infrastruktur.	Positivt
Samfunnstryggleik	Delar av området ligg innanfor 200 og 500 års flomsone.	Må takast omsyn til dette ved regulering. Arealet må fyllast opp og det bør mellom anna vere kjellarfrie bygg.	Nøytralt
Trafikktryggleik	Det er gang- og sykkelveg til sentrum og skule.	Utbygging vil bidra til at eksisterande gang- og sykkelveg blir meir nytta.	Positivt
Attraktivitet og bukvalitet	Ligg sentrumsnært, men også med stutt veg til turstigar og Vågåvatnet.	Godt eigna som bustadområde. Vil ligge skjerna til frå rv. 15.	Positivt

Konklusjon

Ut frå omsynet til jordvernet og *Meld. St. 9 (2011-2012), Landbruks- og matpolitikken* som vart vedtatt i Stortinget 12. april 2012, bør området takast ut. Jordvernmålet er også presisert i *Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging (2011)*. Omsynet til jordvernet må stå sentralt i all planlegging dersom målet om å redusere talet på omdisponeringar skal bli nådd. Dyrka og dyrkbar jord er ein grunnleggjande ressurs for å sikre matforsyninga på kort og lang sikt, og den er ein viktig del av kulturlandskapet. Samfunnsnyttan med å etablere bustader på arealet er vurdert til å vere høgare enn nytta med å bevare arealet som jordbruksareal. Historikken i saka viser dette. Gjeldande kommunedelplan for Vågåmo som vart godkjend i MD i 2009. Det var da presisert viktigeita av å få utvikla eit «sterkt kryss» og det var hevda at det var samfunnsmessige store verdiar knytt til å få utvikla området, slik at omsynet til jordvern og kulturlandskap var underordna utbyggingsinteressene. Ut frå historikken i saka vil det vere viktig med høg arealutnytting innanfor området.

Arealet ligg sentrumsnært med stutt avstand til brannstasjon og det er god tilgang på sløkkevatn. Arealet er flatt og ligg ikkje innanfor aktsemdskart for ras og skred. Arealet ligg ikkje i tilknytning til mindre vassdrag. Ved regulering av området må det takast omsyn til krav til overvasshandtering. Dette er vareteken gjennom føresegnene til arealdelen §4.2 *Krav til overvasshandtering*.

Arealet blir vidareført som bustad/leilegheiter med høg arealutnytting i ny arealdel.

B02: Brustugu, Vågåmo

Forslagsstillar:	Vågå kommune
Gnr./bnr.:	Gnr. 66 bnr. 11 og 1
Dagens formål:	Erverv, Byggeområde
Foreslått formål:	Bustad
Arealstorleik:	4,5 daa
Dyrka mark:	0,5 daa

Skildring av foreslått tiltak:

Arealet ligg som erverv i eksisterande kommunedelplan. Ønskjer å vidareføre arealet som bustad. 4,5 daa av arealet utgjer det eksisterande gardstunet som skal behaldast.



Vurdering av konsekvens ved endra bruk av areal:

Tema	Verdiskildring	Skildring og omfang	Vurdering av omfang
Naturmiljø og naturmangfald	Inga kjente registreringar i området.	Regulering til bustad vil truleg påverke naturverdiar og biologisk mangfald lite.	Nøytralt
Jord- og skogbruk	Det eksisterande gardstunet blir avsett til bustad.	Ettersom eigedomen mister all dyrka jord rundt tunet er det naturleg at tunet blir vist som bustad.	Nøytralt
Landskap	Tunet kan vidareførast slik som det er i dag.	Ingen verknad for tunet, men heile jordet og området vil forandre seg slik at tunet ikkje vi passe så godt inn i landskapsbiletet.	Nøytralt
Kulturminne og kulturmiljø	Tunet er vist med omsynssone bevaring	Endring frå erverv til bustad vil ha ingen	Nøytralt

	kulturmiljø H570_40	verknad for denne sona.	
Forureining, energi og klima	Stutt veg til Vågåmo sentrum. Positivt med omsyn til <i>samordnet bustad-, areal- og transportplanlegging</i> .	Vil gje redusert transportbehov og det vil vere positivt for folkehelsa.	Positivt
Nærmiljø, friluftsliv og barn og unge	Ikkje registrert som leikeområde eller friluftsområde.	Ingen verknad.	Nøytralt
Sosial infrastruktur	Gangavstand til skule og sentrum. Ligg innanfor indre sentrumssone av Vågåmo.	Positivt for folkehelsa. Vil ikkje utløyse behov for ny infrastruktur.	Positivt
Teknisk infrastruktur	Tilgang til offentleg vatn- og avløp. Gangavstand til sentrum som bør vere trygg.	Vil ikkje utløyse behov for ny infrastruktur.	Positivt
Samfunnstryggleik	Ingen kjend risiko	Ingen kjend risiko	Positivt
Trafikktryggleik	Det er gang- og sykkelveg til sentrum og skule.	Utbygging vil bidra til at eksisterande gang- og sykkelveg blir meir nytta.	Positivt
Attraktivitet og bukvalitet	Ligg sentrumsnært, men også med stutt veg til turstigar og Vågåvatnet.	Godt egna som bustad.	Positivt


Konklusjon

Arealet ligg inne i eksisterande kommunedelplan som erverv og det er eit ønskje om å vidareføre tunet slik som det er i dag. Det er to bustadhus innanfor området og driftsbygning, samt nokre mindre bygningar. Ettersom eigedomen omdisponerer all dyrka mark til byggeformål er ikkje eigedomen å sjå på som ein landbrukseigedom og tunet blir difor avsett som bustad.

Arealet ligg sentrumsnært med stutt avstand til brannstasjon og det er god tilgang på sløkkevatn. Arealet er flatt og ligg ikkje innanfor aktsemdskart for ras og skred. Arealet ligg ikkje i tilknytning til mindre vassdrag. Ved regulering av området må det takast omsyn til krav til overvasshandtering. Dette er vareteken gjennom føresegnene til arealdelen § 4.2 *Krav til overvasshandtering*

Arealet blir vidareført som bustad i ny arealdel.

B03: Lalm sentrum

Forslagsstillar:	Vågå kommune	
Gnr./bnr.:	Gnr. 3 bnr. 1	
Dagens formål:	LNFR-område	
Foreslått formål:	Bustad	
Arealstorleik:	25 daa	
Dyrka mark:	0 daa	
<u>Skildring av foreslått tiltak:</u>		
<p>Ønskjer å leggje til rette for eit nytt område for bustad på Lalm. Statskog er grunneigar og positiv til at området blir regulert til bustadformål.</p> <p>Området består av skogsmark. Terrenget ligg i høgda over Lalm sentrum med god solgang og utsikt.</p> <p>Tilgang til offentleg vatn- og avløp. Stutt veg til skule/barnehage. Gang- og sykkelveg.</p>		

Vurdering av konsekvens ved endra bruk av areal:

Tema	Verdiskildring	Skildring og omfang	Vurdering av omfang
Naturmiljø og naturmangfald	Inga kjente registreringar i området.	Regulering til bustad vil truleg påverke naturverdiar og biologisk mangfald lite.	Nøytralt
Jord- og skogbruk	Skogsmark	Utbygging gjer at arealet ikkje kan nyttast til skogsdrift.	Positivt
Landskap	Ligg i tilknytning til etablert bustadfelt	Liten verknad på landskapsbiletet ettersom det ligg i tilknytning til eksisterande bustadfelt.	Positivt
Kulturminne og kulturmiljø	Inga kjente registreringar.	Ikkje synfart.	Nøytralt
Forureining, energi og klima	Kort veg til barnehage og skule.	I tråd med <i>Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-</i>	Positivt

		<i>areal og transportplanlegging</i>	
Nærmiljø, friluftsliv og barn og unge	Ikkje registrert som leikeområde eller friluftsområde.	Truleg liten verknad for barn- og unge. Mykje skogareal i stutt nærleik til Lalm sentrum.	Nøytralt
Sosial infrastruktur	Kort veg til skule- og barnehage.	I tråd med <i>Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal og transportplanlegging</i> . Gir god folkehelse å kunne gå og sykle til skule.	Positivt
Teknisk infrastruktur	Tilgang til offentleg vatn- og avløp.	Billig felt å bygge ut. Utbygging vil bidra til at fleire kan knyte seg på eksisterande vatn- og avløpsnett.	Positivt
Samfunnstryggleik	Delar av arealet ligg innanfor aktsemdsområde for snøskred. Delar av arealet er brattare enn 1:4. Området grenser til ei høgspenline.	Området må faresonekartleggjast ved utarbeiding av reguleringsplan. Må takast omsyn til høgspenline ved regulering og overvatn.	Negativt
Trafikktryggleik	Gangavstand til sentrum som bør vere trygg.	Krev ny utbygging av interne vegar og avkøyring til Kolbottenvegen.	Positivt
Attraktivitet og bukvalitet	Bør vere attraktivt ettersom det har god solgang og utsikt med stutt veg til barnehage og skule.	Utbygging vil styrke Lalm sentrum.	Positivt

Konklusjon:

Området ligg sentrumsnært og er i *tråd Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging*. Området har tilgang til offentleg vatn- og avløp. Det er gang- og sykkelveg til skule- og barnehage. Bustadområdet har god solgang og utsikt. Vil støtte opp under ønskje om å styrke Lalm sentrum. Utbygging er i tråd med dei overordna kommunal føringane om å bygge opp under eit konsentrert sentrum.

Delar av arealet ligg innanfor aktsemdsområde for snøskred og delar av arealet er brattare enn 1:4. Arealet ligg i tilknytning til eksisterande bustadfelt på Lalm sentrum og det er god tilgang på sløkkevatn. Ligg 15 km frå Lalm og Otta der brannstasjon er etablert. Relativt stutt innsatstid. Arealet ligg ikkje i tilknytning til mindre vassdrag. Ved regulering av området må det takast omsyn til krav til overvasshandtering. Dette er vareteken gjennom føresegnene til arealdelen §4.2 *Krav til overvasshandtering*. Området grenser til ei høgspenline, men det er ikkje nødvendig å etablere

bustadhus i nærleiken til denne. Det kan i reguleringsplanen avsettast ein vegetasjonssone mot høgspenntlinen, slik at det blir ingen risiko for stråling.

Området blir tatt med vidare.

B04: Lalm sentrum II


Forslagsstillar:	Vågå kommune
Gnr./bnr.:	Gnr. 3 bnr. 56
Dagens formål:	Bustad, regulert til park/leikeplass/ljosløype, ski/akebakke
Foerslått formål:	Bustad
Arealstorleik:	5 daa
Dyrka mark:	0 daa

Skildring av foerslått tiltak:

Ønskjer å leggje til rette for eit utviding av område for bustad på Lalm. Vågå kommune er grunneigar.

Området består av skogsmark. Terrenget ligg i høgda over Lalm sentrum med god solgang og utsikt.

Tilgang til offentleg vatn- og avløp. Stutt veg til skule/barnehage. Gang- og sykkelveg.



Vurdering av konsekvens ved endra bruk av areal:

Tema	Verdiskildring	Skildring og omfang	Vurdering av omfang
Naturmiljø og naturmangfald	Inga kjente registreringar i området.	Regulering til bustad vil truleg påverke naturverdiar og biologisk mangfald lite.	Nøytralt
Jord- og skogbruk	Skogsmark	Ingen verknad. Arealet er allereie regulert.	Positivt
Landskap	Ligg i tilknytning til etablert bustadfelt	Liten verknad på landskapsbiletet ettersom det ligg i tilknytning til eksisterande bustadfelt.	Positivt
Kulturminne og	Inga kjente registreringar.	Ikkje synfart.	Nøytralt

kulturmiljø			
Forureining, energi og klima	Kort veg til barnehage og skule.	I tråd med <i>Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal og transportplanlegging</i>	Positivt
Nærmiljø, friluftsliv og barn og unge	Ikkje registrert som leikeområde eller friluftsområde i samband med barnetrakkregisteringar i 2012.	Truleg liten verknad for barn- og unge. Mykje skogareal i stutt nærleik til Lalm sentrum.	Nøytralt
Sosial infrastruktur	Kort veg til skule- og barnehage. Grenser inntil lysløype som skal asfalterast for rullleski. Stutt avstand til idrettsbane og ishockeyanlegg.	I tråd med <i>Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal og transportplanlegging</i> . Gir god folkehelse å kunne gå og sykle til skule.	Positivt
Teknisk infrastruktur	Tilgang til offentleg vatn- og avløp.	Billig felt å bygge ut. Utbygging vil bidra til at fleire kan knyte seg på eksisterande vatn- og avløpsnett.	Positivt
Samfunnstryggleik	Delar av arealet ligg innanfor aktsemdskartet for jord- og flaumskred og snøskred.	Skal faresonekartleggjast ved utarbeiding av reguleringsplan for området. Det må taksast omsyn til overflatevatn ved utarbeiding av reguleringsplan.	Negativt
Trafikktryggleik	Gangavstand til skule og sentrum som er trygg. Etablert gang- og sykkelveg.	Vil bidra til at fleire barn- og unge kan gå til skulen og ha ein trygg skuleveg.	Positivt
Attraktivitet og bukvalitet	Bør vere attraktivt ettersom det har god solgang og utsikt med stutt veg til barnehage og skule.	Utbygging vil styrke Lalm sentrum.	Positivt

Konklusjon:

Området ligg sentrumsnært og er i tråd *Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging*. Området har tilgang til offentleg vatn- og avløp. Det er gang- og sykkelveg til skule- og barnehage. Bustadområdet har god solgang og utsikt. Vil støtte opp under ønskje om å styrke Lalm sentrum. Utbygging er i tråd med dei overordna kommunal føringane om å bygge opp under eit konsentrert sentrum.


Arealet nærast vegen ligg i ei dump slik at dette arealet må fyllast opp. Når dette arealet blir fylt opp vil det andre arealet som grenser til dumpa bli mindre bratt. Arealet vil da vere godt egna for utbygging.

Området er i gjeldande reguleringsplan avsett til park/leikeplass/ljosløype, ski/akebakke. Arealet er ikkje i bruk til det. Da det vart gjennomført barnetrakkregistreringar i 2012 var det ingen registreringar innanfor området. Det er etablert ljosløype i nærleiken til området og delar av denne skal asfalterast for rulleskibane. Det ligg skateplass i nærleiken, idrettsbane og ishockeybane. Det er difor god tilgang på leikeareal til barn i området. Det er også god tilgang på urørt skogsareal ettersom heile området grenser til skogsmark. Utbygging vil difor ikkje redusere barn og unge sine moglegheiter for friluftaktivitetar og leik i nærområdet. Det er difor ikkje nødvendig å finne eit erstatningsareal ettersom arealet aldri har vore opparbeidd til det formålet som det er regulert til i gjeldande reguleringsplan. Det er sær sars god tilgang til opparbeidd og tilrettelagt idretts- og leikeareal i nærområdet.

Delar av arealet ligg innanfor aktsemdskartet for jord- og flaumskred og snøskred. Området må faresonekartleggjast ved utarbeiding av reguleringsplan. Arealet ligg i tilknytning til eksisterande bustadfelt på Lalm sentrum og det er god tilgang på sløkkevatn. Ligg 15 km frå Lalm og Otta der brannstasjon er etablert. Relativt stutt innsatstid. Arealet ligg ikkje i tilknytning til mindre vassdrag. Ved regulering av området må det takast omsyn til krav til overvasshandtering. Dette er varetaken gjennom føresegnene til arealdelen §4.2 *Krav til overvasshandtering*.

Området blir tatt med vidare.

S01, S02 og S03 Kiwi, Coop og Finstad

Forslagsstiller:	Vågå kommune	
Gnr./bnr.:	Gnr. 24 bnr. 4 m.fl.	
Dagens formål:	Forretning/kontor	
Foreslått formål:	Sentrumsformål	
Arealstorleik:	22 daa	
Dyrka mark:	0 daa	
<p><u>Skildring av foreslått tiltak:</u></p> <p>S01 er regulert til forretning/kontor i reguleringsplan Vågåmo aust. S02 er regulert til forretning, kontor og parkering i bebyggelsesplan for Finnkanten forretningsområde. S03 er regulert til bustad, forretning og kontor i reguleringsplan for Vågåmo vest.</p> <p>Ønskjer å endre det til sentrumsformål for å ha ein så fleksibel plan som mogleg.</p>		

Vurdering av konsekvens ved endra bruk av areal:

Tema	Verdiskildring	Skildring og omfang	Vurdering av omfang
Naturmiljø og naturmangfald	Inga kjente registreringar i området.	Ingen verknad	Positivt
Jord- og skogbruk	Ingen jord- og skogbruksinteresser	Ingen verknad.	Positivt
Landskap	Ligg midt i sentrum av Vågåmo.	Ingen verknad for landskapet.	Positivt
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen kjende registreringar innanfor området.	Ingen verknad	Positivt
Forureining, energi og klima	Stutt veg til Vågåmo sentrum. Positivt med omsyn til <i>samordnet bustad, areal- og transportplanlegging.</i>	Vil gje redusert transportbehov og det vil bere positivt for folkehelsa.	Positivt
Nærmiljø, friluftsliv og barn og unge	Ikkje registrert som leikeområde eller friluftsområde.	Ingen verknad.	Positivt
Sosial infrastruktur	Gangavstand til skule og sentrum.	Positivt for folkehelsa. Vil ikkje utløyse behov for ny infrastruktur.	Positivt
Teknisk	Tilgang til offentleg vatn-	Vil ikkje utløyse	Positivt

infrastruktur	og avløp. Gangavstand til sentrum som bør vere trygg.	behov for ny infrastruktur.	
Samfunnstryggleik	Området er ikkje skredutsett eller flomutsett	Føreslått utbygging vil ikkje påverke samfunnstryggleiken.	Positivt
Trafikktryggleik	Det er etablert gang- og sykkelveg i sentrumsområde av Vågåmo.	Området har godkjend avkøyring og trafikktryggleik for mjuke trafikantar er varetatt.	Positivt
Attraktivitet og bukvalitet	Ligg innanfor indre sentrumssone	Truleg eit attraktivt område	Positivt


Konklusjon:

Eigedomane ligg innanfor område som er definert som indre sentrumssone. For å ha ein fleksibilitet i planen er det ønskeleg å definere arealet som sentrumsområde ettersom arealet ligg i sentrum av Vågåmo. I samband med utarbeiding av handelsanalysen frå Vista analyse er det vist til at handel åleine ikkje kan redde sentrum. Service, bustader og tenesteyting kan bli vel så viktig. Dette vil også vere med å skape liv i sentrum. Dersom kommuneplanen ikkje er fleksibel kan kommunen rekne med at bygningar i sentrum kan bli ståande tomme. Analysen frå Vista analyse seier følgjande: «*Veksten i varehandelomsetningen (målt i volum) har økt mye de siste tiårene, men har stagnert noe de siste årene. Hendleatferden er i stadig endring, noe som viser hvor vanskelig det er å bruke plangrunnlag som bygger på historiske data for planlegging for fremtiden. Det planlegges dermed for morgendagens tilbud basert på gårdagens situasjon.*»

Vågå kommune ønskjer ikkje å gå i denne fella og har difor valt å definere fleire område som sentrumsformål, nettopp for å skape fleksibilitet i planen og unngå at bygninger blir ståande tomme.

Eigedomane er lagt inn som sentrumsformål i ny arealdel.

S04 og S05 Handelsforeining og Bunnpris

Forslagsstillar:	Vågå kommune	
Gnr./bnr.:	Fleire	
Dagens formål:	Forretning/kontor	
Foreslått formål:	Sentrumsformål	
Arealstorleik:	19 daa	
Dyrka mark:	0 daa	
Skildring av foreslått tiltak:		
<p>S01 er regulert til forretning/kontor i reguleringsplan Vågåmo aust. S02 er regulert til forretning, kontor og parkering i bebyggelsesplan for Finnkanten forretningsområde. S03 er regulert til bustad, forretning og kontor i reguleringsplan for Vågåmo vest.</p> <p>Ønskjer å endre det til sentrumsformål for å ha ein så fleksibel plan som mogleg.</p>		

Vurdering av konsekvens ved endra bruk av areal:

Tema	Verdiskildring	Skildring og omfang	Vurdering av omfang
Naturmiljø og naturmangfald	Inga kjente registreringar i området.	Ingen verknad	Positivt
Jord- og skogbruk	Ingen jord- og skogbruksinteresser	Ingen verknad.	Positivt
Landskap	Ligg midt i sentrum av Vågåmo.	Ingen verknad for landskapet.	Positivt
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen kjende registreringar innanfor området.	Ingen verknad	Positivt
Forureining, energi og klima	Stutt veg til Vågåmo sentrum. Positivt med omsyn til <i>samordnet bustad, areal- og transportplanlegging</i> .	Vil gje redusert transportbehov og det vil bere positivt for folkehelsa.	Positivt
Nærmiljø, friluftsliv og barn og unge	Ikkje registrert som leikeområde eller friluftsområde.	Ingen verknad. Grenser inntil eit stort friområdet.	Positivt
Sosial infrastruktur	Gangavstand til skule og sentrum.	Positivt for folkehelsa. Vil ikkje utløyse behov for ny infrastruktur.	Positivt
Teknisk infrastruktur	Tilgang til offentleg vatn- og avløp. Gangavstand til sentrum som bør vere	Vil ikkje utløyse behov for ny infrastruktur.	Positivt

	trygg.		
Samfunnstryggleik	Området er ikkje skredutsett eller flomutsett	Føreslått utbygging vil ikkje påverke samfunnstryggleiken.	Positivt
Trafikktryggleik	Det er etablert gang- og sykkelveg i sentrumsområde av Vågåmo.	Området har godkjend avkøyring og trafikktryggleik for mjuke trafikantar er varetatt.	Positivt
Attraktivitet og bukvalitet	Ligg innanfor indre sentrumssone.	Truleg eit attraktivt område	Positivt

Konklusjon:

Store delar av areala innanfor S04 og S05 står i dag tome. Det var tidlegare etablert to matvarebutikkar innanfor desse areala.

Handelsanalysen til Vista Analyse seier følgjande:


«Når butikkene ikke bidrar positivt i gateplan, får vi liten sirkulasjon selv med store offentlige investeringer i gatene. Det har vært et uttrykt planmål fra mange kommuner at første etasje skal være tilrettelagt for næring, men det er ikke sikkert at kravet om vindusflater mot gateplan gir den ønskete effekten. Et problem er at lokalene som står tomme er for store for de små nisjeforretningene som bidrar mest til vitalitet i sentrum. Et annet problem er at leietakerne ikke settes sammen slik at de samlet bidrar til attraktivitet for kunden. Tilbake sitter man med store tomme lokaler som er vanskelig å fylle med ny virksomhet.»

Det er nettopp dette som har skjedd med butikkareal som ligg innanfor S04 og S05 og det er difor Vågå kommune ønskjer å definere dette som sentrumsformål i kommuneplanen, nettopp for å skape ein fleksibilitet i plan som gjer det mogleg å fylle opp dei tomme butikklokala. I samband med utarbeiding av handelsanalysen frå Vista analyse er det vist til at handel åleine ikkje kan redde sentrum. Service, bustader og tenesteyting kan bli vel så viktig. Dette vil også vere med å skape liv i sentrum. Dersom kommuneplanen ikkje er fleksibel kan kommunen rekne med at bygningar i sentrum kan bli ståande tomme. Analysen frå Vista analyse seier følgjande: *«Veksten i varehandelomsetningen (målt i volum) har økt mye de siste tiårene, men har stagnert noe de siste årene. Handleatferden er i stadig endring, noe som viser hvor vanskelig det er å bruke plangrunnlag som bygger på historiske data for planlegging for fremtiden. Det planlegges dermed for morgendagens tilbud basert på gårdagens situasjon.»*

Vågå kommune ønskjer ikkje å gå i denne fella og har difor valt å definere fleire område som sentrumsformål, nettopp for å skape fleksibilitet i planen og unngå at bygningar blir ståande tomme.

Eigedomane er lagt inn som sentrumsformål i ny arealdel.

S06 og S07 Moavegen og Eksismoen

Forslagsstiller:	Vågå kommune	
Gnr./bnr.:	66/188, 33/38 og 66/170	
Dagens formål:	Regulert til offentlig tenesteyting	
Foreslått formål:	Sentrumsformål	
Arealstorleik:	5 daa	
Dyrka mark:	0 daa	
Skildring av foreslått tiltak:		
<p>S07 er regulert til offentlig bygning i reguleringsplan for Vågåmo vest og S06 er regulert som byggeområde for institusjon i reguleringsplan for fjernvarmeanlegg i Vågåmo.</p> <p>Ønskjer å endre det til sentrumsformål for å ha ein så fleksibel plan som mogleg.</p>		

Vurdering av konsekvens ved endra bruk av areal:

Tema	Verdiskildring	Skildring og omfang	Vurdering av omfang
Naturmiljø og naturmangfald	Inga kjente registreringar i området.	Ingen verknad	Positivt
Jord- og skogbruk	Ingen jord- og skogbruksinteresser	Ingen verknad.	Positivt
Landskap	Ligg midt i sentrum av Vågåmo.	Ingen verknad for landskapet.	Positivt
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen kjende registreringar innanfor området.	Ingen verknad	Positivt
Forureining, energi og klima	Stutt veg til Vågåmo sentrum. Positivt med omsyn til <i>samordnet bustad, areal- og transportplanlegging</i> .	Vil gje redusert transportbehov og det vil bere positivt for folkehelsa.	Positivt
Nærmiljø, friluftsliv og barn og unge	Ikkje registrert som leikeområde eller friluftsområde.	Ingen verknad. Grenser inntil eit stort friområdet.	Positivt
Sosial infrastruktur	Gangavstand til skule og sentrum.	Positivt for folkehelsa. Vil ikkje utløyse behov for ny infrastruktur.	Positivt
Teknisk infrastruktur	Tilgang til offentlig vatn- og avløp. Gangavstand til sentrum som bør vere	Vil ikkje utløyse behov for ny infrastruktur.	Positivt

	trygg.		
Samfunnstryggleik	Området er ikkje skredutsett eller flomutsett	Føreslått utbygging vil ikkje påverke samfunnstryggleiken.	Positivt
Trafikktryggleik	Det er etablert gang- og sykkelveg i sentrumsområde av Vågåmo.	Området har godkjend avkøyring og trafikktryggleik for mjuke trafikantar er varetatt.	Positivt
Attraktivitet og bukvalitet	Ligg innanfor indre sentrumssone	Truleg eit attraktivt område	Positivt

Konklusjon:

Vågå kommune er midt i ein prosess med gjennomgang av kommunen sin helse- og omsorgsteneste for å sjå på korleis denne best kan organiserast i framtida, både med omsyn til gode og effektive tenester og økonomisk bærekraftigheit. Prosjekt helse og omsorg. Som ein del av dette blir det drøfta korleis framtidig bygningsstruktur for kommunen sin helse- og omsorgsbygg bør organiserast for å støtte opp under denne hovudmålsettinga. Det er i dag 8 plassar for PU og psykiatri på Eksismoen (S07) og 5 plassar for PU og psykiatri på Moavegen bufellesskap (S06).

Eksismoen:

Anlegget har utvendig tilkomst til alle bueiningar, og i tillegg innvendig forbindelse mellom to bueiningar og kontordelen. Bygget har relativt romslege og fungerande bueiningar. Den langstrakte bygningsstrukturen gir likevel truleg relativt store drifts- og vedlikehaldskostnader.


Moavegen bufellesskap:

Planløyisinga av bygget gir tronge og uhensiktsmessige løysingar i forhold til universell utforming og bruk for rørslehemma. Det er ikkje ventilasjonsanlegg i bygget. Personalet opplever bygget som intimt og med passeleg storleik for dei aktuelle brukarane. Området mellom Eksismoen og Moavegen bufellesskap er freda, noko som gjer ei ev. samanbygging av desse bygga umogeleg.

Det skal i den pågåande prosessen gjerast ei heilskapsvurdering av bygningsstrukturen og det er viktig at Eksismoen og Moavegen blir avsett til sentrumsformål for å opne for så stor grad av fleksibilitet som mogleg i planen. Dagens bygningsmasse er tungdriven og bustader for PU/psykiatri er spreidd på 3 ulike bygg. Det vanskeleggjer ei effektiv bruk av personalressursar, til dømes når det gjeld nattevaktordning. For å sikre fleksibilitet i planen ønskjer ein at desse område blir definert som sentrumsformål i kommuneplanens arealdel. Dersom det blir lagt opp til ein omfattande ombygging/nybygging av Vågåheimen vil det vere tilstrekkeleg plass for offentleg tenesteyting innanfor område T01E. For å sikre at S06 og S07 også kan bli nytta i framtida, dersom all offentleg tenesteyting blir organisert innanfor T01E, er det viktig at planen er så fleksibel som mogleg. Som handelsanalysen frå Vista analyse viser til så er fleksibilitet i planen viktig for å unngå at bygningar blir ståande tomme. Områda ligg også innanfor område som er definert som indre sentrumsområde. Det er difor fornuftig å definere areala som sentrumsformål.

Eigedomane er lagt inn som sentrumsformål i ny arealdel.

B/F/K01: Brustugu, Vågåmo

Forslagsstillar:	Vågå kommune	
Gnr./bnr.:	Gnr. 66 bnr. 11 og 1	
Dagens formål:	Erverv, Byggeområde	
Foreslått formål:	Bustad/næring/kontor	
Arealstorleik:	11 daa	
Dyrka mark:	10 daa	
Skildring av foreslått tiltak: Arealet ligg som erverv i eksisterande kommunedelplan. Ønskjer å vidareføre arealet som kombinert bustad, forretning og kontor.		

Vurdering av konsekvens ved endra bruk av areal:

Tema	Verdiskildring	Skildring og omfang	Vurdering av omfang
Naturmiljø og naturmangfald	Inga kjente registreringar i området.	Regulering til forretning vil truleg påverke naturverdiar og biologisk mangfald lite.	Nøytralt
Jord- og skogbruk	Stor verdi som dyrka mark.	Kan gje auka konfliktnivå mellom landbruk og andre interesser. Men området ligg så sentrumsnært at det allereie er påverka av utbygging.	Negativt
Landskap	Det dyrka arealet ned mot Vanglandet har stor verdi for landskapsbilete, men området er ikkje godt synleg frå vest ettersom det er så attgrodd etter Vågåvatnet.	Landskapet vil forandre seg, men det kan vere positivt ved at heile området ved Vanglandet blir meir tilrettelagd som turområde/friluftsområde i samband med at området blir bygd ut.	Nøytralt
Kulturminne og kulturmiljø	Inga kjende registreringar i området.	Truleg ingen verknad	Negativt
Forureining, energi og klima	Stutt veg til Vågåmo sentrum. Positivt med	Vil gje redusert transportbehov og det vil	Positivt

	omsyn til <i>samordnet bustad-, areal- og transportplanlegging</i> .	vere positivt for folkehelsa.	
Nærmiljø, friluftsliv og barn og unge	Ikkje registrert som leikeområde eller friluftsområde.	Ingen verknad.	Nøytralt
Sosial infrastruktur	Gangavstand til skule og sentrum. Ligg innanfor indre sentrumssone av Vågåmo.	Positivt for folkehelsa. Vil ikkje utløyse behov for ny infrastruktur.	Positivt
Teknisk infrastruktur	Tilgang til offentleg vatn- og avløp. Gangavstand til sentrum som bør vere trygg.	Vil ikkje utløyse behov for ny infrastruktur.	Positivt
Samfunnstryggleik	Delar av området ligg innanfor 200 og 500 års flomsone.	Må takast omsyn til dette ved regulering. Arealet må fyllast opp og det bør mellom anna vere kjellarfrie bygg.	Nøytralt
Trafikktryggleik	Det er gang- og sykkelveg til sentrum og skule.	Utbygging vil bidra til at eksisterande gang- og sykkelveg blir meir nytta.	Positivt
Attraktivitet og bukvalitet	Ligg sentrumsnært, men også med stutt veg til turstigar og Vågåvatnet.	Godt egna for opplevingsbasert/kulturbasert næring ettersom det ligg langs rv. 15-	Positivt


Konklusjon

Ut frå omsynet til jordvernet og *Meld. St. 9 (2011-2012), Landbruks- og matpolitikken* som vart vedtatt i Stortinget 12. april 2012, bør området takast ut. Jordvernmålet er også presisert i *Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging (2011)*. Omsynet til jordvernet må stå sentralt i all planlegging dersom målet om å redusere talet på omdisponeringar skal bli nådd. Dyrka og dyrkbar jord er ein grunnleggjande ressurs for å sikre matforsyninga på kort og lang sikt, og den er ein viktig del av kulturlandskapet. Samfunnsnyttan med å etablere næring på arealet er vurdert til å vere høgare enn nytta med å bevare arealet som jordbruksareal. Historikken i saka viser dette. Gjeldande kommunedelplan for Vågåmo som vart godkjend i MD i 2009. Det var da presisert viktigeita av å få utvikla eit «sterkt kryss» og det var hevda at det var samfunnsmessige store verdiar knytt til å få utvikla området, slik at omsynet til jordvern og kulturlandskap var underordna utbyggingsinteressene. Ut frå historikken i saka syns rådmannen det er vanskeleg å tilrå ei attendeføring til jordbruk.

Arealet ligg sentrumsnært med stutt avstand til brannstasjon og det er god tilgang på sløkkevatn. Arealet er flatt og ligg ikkje innanfor aktsemdskart for ras og skred. Arealet ligg ikkje i tilknytning til mindre vassdrag. Ved regulering av området må det takast omsyn til krav til overvasshandtering. Dette er vareteken gjennom føresegnene til arealdelen §4.2 *Krav til overvasshandtering*.

Arealet blir vidareført som kombinert bustad/næring/kontor med krav om høg arealutnytting.

B/N/K02: OKB tomta

Forslagsstillar:	Vågå kommune
Gnr./bnr.:	Gnr. 22 bnr. 182
Dagens formål:	Industri
Foreslått formål:	Bustad/næring/kontor
Arealstorleik:	2,8 daa
Dyrka mark:	0 daa
Skildring av foreslått tiltak:	
	<p>Ønskjer å leggje til rette for kombinert bustad/næring/kontor. Arealet er regulert til industri/lager. Arealet ligg i tilknytning til eksisterande bustadfelt. Arealet er slik sett betre egne som kombinert formål bustad/næring. Bru over Finna er vist med raud stipla line.</p>
	

Vurdering av konsekvens ved endra bruk av areal:

Tema	Verdiskildring	Skildring og omfang	Vurdering av omfang
Naturmiljø og naturmangfald	Inga kjente registreringar i området.	Endring av arealformål vil ikkje påverke naturverdiar og biologisk mangfald.	Positivt
Jord- og skogbruk	Råker ikkje ved dyrka mark eller skogareal.	Ingen verknad.	Positivt
Landskap	Landskapet vil ikkje forandre seg.	Ingen verknad.	Positivt
Kulturminne og kulturmiljø	Inga kjende registreringar.	Ingen verknad.	Positivt
Forureining, energi og klima	Med etablering av bru over Finna ligg området sentrumsnært. Positivt med omsyn til <i>samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging</i> .	Vil bidra til at bustader/næring blir etablert i gangavstand til sentrum.	Positivt
Nærmiljø, friluftsliv og barn og unge	Ikkje registrert som leikeområde eller friluftsområde.	Ingen verknad	Positivt
Sosial infrastruktur	Gangavstand til sentrum av Vågåmo	I tråd med <i>samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging</i> .	Positivt

Teknisk infrastruktur	Tilgang til offentlig vatn- og avløp. Gangavstand til sentrum som bør vere trygg.		Positivt
Samfunnstryggleik	Området er ikkje skredutsett eller flomutsett	Ingen verknad.	Positivt
Trafikktryggleik	Det er etablert gang- og sykkelveg i sentrumsområde av Vågåmo.	Området har godkjend avkøyring og trafikktryggleik for mjuke trafikantar er varetatt.	Positivt
Attraktivitet og bukvalitet	Ligg i tilknytning til eksisterande næringspark	Truleg attraktive tomter.	Positivt


Konklusjon

Området ligg som erverv, byggeområde næring i gjeldande kommunedelplan. Arealet er i gjeldande reguleringsplan regulert til industri/lager. Endring til kombinert bustad/næring/kontor vil gje ei betre arealutnytting. Arealet grenser til eksisterande busetnad slik at arealet er betre egna til bustad/næring/kontor enn industri/lager. Det er lagt vekt på at området ligg sentrumsnært med tilgang til offentlig vatn- og avløp. Det er stutt veg til barnehage/skule og sentrum. Det er også i tråd med nasjonale føringar for miljøvenleg by- og tettstadutvikling og *Statlig planretningslinjer for samordnet bolig-, areal og transportplanlegging*. Korte avstandar til daglege gjeremål kan bidra til redusert transportbehov og klimagassutslepp. Det gir også god folkehelse at skuleungar kan gå til skulen. Ettersom bygging av bru over Finna er under planlegging vil området bli enda meir sentrumsnært. Ut frå fastsetting av indre sentrumssone så er det riktig å ikkje opne for detaljhandel innanfor området. Dette må konsentrerast til areal som ligg innanfor indre sentrumssone.

Ingen kjent risiko knytt til samfunnstryggleik. Arealet ligg sentrumsnært med stutt avstand til brannstasjon og det er god tilgang på sløkkevatn. Arealet er flatt og ligg ikkje innanfor aktsemdskart for ras og skred. Arealet ligg ikkje i tilknytning til mindre vassdrag. Ved regulering av området må det takast omsyn til krav til overvasshandtering. Dette er vareteken gjennom føresegnene til arealdelen §4.2 *Krav til overvasshandtering*.

Området blir endra til kombinert bustad/næring/kontor.

B/FO/K02: Engum tomta

Forslagsstillar:	Vidareføring frå gjeldande plan	
Gnr./bnr.:	Gnr. 66 bnr. 227	
Dagens formål:	Erverv, regulert til kombinert forretning/kontor	
Foreslått formål:	Bustad/forretning/kontor	
Arealstorleik:	2,4 daa	
Dyrka mark:	0 daa	
Skildring av foreslått tiltak: Arealet er regulert til forretning og kontor i gjeldande reguleringsplan for Vågåmo vest. Ligg som Byggeområde, erverv, i gjeldande kommunedelplan. Ønskjer å leggje til rette for kombinert bustad/forretning/kontor.		

Vurdering av konsekvens ved endra bruk av areal:

Tema	Verdiskildring	Skildring og omfang	Vurdering av omfang
Naturmiljø og naturmangfald	Inga kjente registreringar i området.	Endring av arealformål vil truleg påverke naturverdiar og biologisk mangfald lite.	Positivt
Jord- og skogbruk	Ingen jord- og skogbruksinteresser	Ingen verknad.	Positivt
Landskap	Ligg midt i sentrum av Vågåmo	Ingen verknad for landskapet.	Positivt
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen kjende registreringar innanfor området.	Ingen verknad	Positivt
Forureining, energi og klima	Stutt veg til Vågåmo sentrum. Positivt med omsyn til <i>samordnet bustad, areal- og transportplanlegging.</i>	Vil gje redusert transportbehov og det vil bere positivt for folkehelsa.	Positivt
Nærmiljø, friluftsliv og barn og unge	Ikkje registrert som leikeområde eller friluftsområde.	Ingen verknad. Grenser inntil eit stort friområdet.	Positivt
Sosial infrastruktur	Gangavstand til skule og sentrum.	Positivt for folkehelsa. Vil ikkje utløyse behov for ny	Positivt

		infrastruktur.	
Teknisk infrastruktur	Tilgang til offentlig vatn- og avløp. Gangavstand til sentrum som bør vere trygg.	Vil ikkje utløyse behov for ny infrastruktur.	Positivt
Samfunnstryggleik	Området er ikkje skredutsett eller flomutsett	Føreslått utbygging vil ikkje påverke samfunnstryggleiken.	Positivt
Trafikktryggleik	Det er etablert gang- og sykkelveg i sentrumsområde av Vågåmo.	Området har godkjend avkøyning og trafikktryggleik for mjuke trafikantar er varetatt.	Positivt
Attraktivitet og bukvalitet	Ligg i tilknytning til eksisterande sentrum og skule og friområdet.	Det er marknad for sentrumsnære konsentrerte bueningar i Vågåmo.	Positivt

Konklusjon:

Arealet er regulert til forretning og kontor i gjeldande reguleringsplan for Vågåmo vest. Ligg som Byggeområde, erverv, i gjeldande kommunedelplan. Ønsker å leggje til rette for kombinert bustad/forretning/kontor i ny arealdel. Vil gje eit betre arealutnytting, samstundes som arealet ligg nært opp til skule og leikeområdet. Arealet er slik sett egne for busetting.

Ingen kjent risiko knytt til samfunnstryggleik. Arealet ligg sentrumsnært med stutt avstand til brannstasjon og det er god tilgang på sløkkevatn. Arealet er flatt og ligg ikkje innanfor aktsemdskart for ras og skred. Arealet ligg ikkje i tilknytning til mindre vassdrag. Ved regulering av området må det takast omsyn til krav til overvasshandtering. Dette er vareteken gjennom føresegnene til arealdelen §4.2 *Krav til overvasshandtering*.

Arealet blir vidareført som kombinert bustad/forretning/kontor i ny arealdel. Det skal vere høg arealutnytting med leilegheitsbygg.

B/FO/K03: Smedsmo, Vågåmo

Forslagsstillar:	Vågå kommune
Gnr/bnr:	Gnr. 65 bnr. 1
Dagens formål:	Erverv, byggeområde næring
Foreslått formål:	Bustad/forretning/kontor
Arealstorleik:	7 daa
Dyrka mark:	7 daa

Skildring av foreslått tiltak:

Ønskjer å leggje til rette for bustad/forretning/kontor i kombinasjon. Arealet ligg som byggeområde erverv i gjeldande kommunedelplan.

Ettersom det ikkje blir opna for mykje varehandel på Brustugu bør arealet avsett til kombinert bustad/forretning/kontor for å sikre at kommunen har eit reserveareal. Arealet ligg innanfor indre sentrumssone og er godt egna til formålet.



Vurdering av konsekvens ved endra bruk av areal:

Tema	Verdiskildring	Skildring og omfang	Vurdering av omfang
Naturmiljø og naturmangfald	Inga kjente registreringar i området.	Regulering til kombinert formål vil truleg påverke naturverdiar og biologisk mangfald lite.	Nøytralt
Jord- og skogbruk	Arealet er dyrka mark.	Arealet ligg inneklemt midt i sentrum av Vågåmo. Har vore avsett til byggeformål i mange år.	Negativt
Landskap	Siste område med husdyrbeite som ligg så sentrumsnært.	Vart peika på at området bør varetakast ut frå omsynet til	Negativ

		landskapsbiletet i stadutviklingsanalysen som vart gjennomført i Vågå 2013.	
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen kjende registreringar.	Ingen verknad	Nøytralt
Forureining, energi og klima	Ligg midt i Vågåmo sentrum.	Positivt med omsyn til <i>samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging.</i>	Positivt
Nærmiljø, friluftsliv og barn og unge	Ikkje registrert som leikeområde eller friluftsområde.	Ingen verknad for barn- og unge.	Positivt
Sosial infrastruktur	Gangavstand til skule og sentrum.	Positivt for folkehelsa	Positivt
Teknisk infrastruktur	Tilgang til offentleg vatn- og avløp.	Ikkje behov for ny infrastruktur	Positivt
Samfunnstryggleik	Området er ikkje rasutsett eller flomutsett. Arealet ligg sentrumsnært med sutt avstand til brannstasjon.	Foreslått utbygging vil ikkje påverke samfunnstryggleiken. Ingen kjent risiko	Nøytralt
Trafikktryggleik	Området har eksisterande avkøyring som kan nyttast. Eksisterande gang- og sykkelveg.	Krev ikkje ny utbygging.	Positivt
Attraktivitet og bukvalitet	Truleg attraktivt areal som ligg sentrumsnært.	Det bør vere eit marknad for sentrumsnært areal.	Positivt

Konklusjon:

Ut frå omsynet til jordvernet og *Meld. St. 9 (2011-2012), Landbruks- og matpolitikken* som vart vedtatt i Stortinget 12. april 2012, bør området førast tilbake til dyrka mark. Jordvernmålet er også presisert i *Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging (2011)*. Omsynet til jordvernet må stå sentralt i all planlegging dersom målet om å redusere talet på omdisponeringar skal bli nådd. Dyrka og dyrkbar jord er ein grunnleggjande ressurs for å sikre matforsyninga på kort og lang sikt, og den er ein viktig del av kulturlandskapet.

Vågåmo er omgitt av dyrka mark og det er vanskeleg å finne nye område for utbygging utan at det råker ved dyrka mark. Sjølv om omdisponering av arealet til kombinert formål ikkje er i tråd med omsynet til jordvernet meiner vi at omsynet til sentrumsutvikling er viktigare enn jordvernomsynet i denne saka. Arealet ligg inneklemt midt i sentrum og arealet har vore avsett til utbyggingsformål i tidlegare arealdelar i mange år. Det er da ein føresetnad at det blir lagt opp til ein effektiv arealutnytting og det må byggjast konsentrert leilegheiter innanfor området i kombinasjon med forretning i 1. etasje. Frittliggjande einebustad er ikkje eit alternativ.

Arealet er siste område med husdyrbeite som ligg så sentrumsnært. Vart peika på at området bør varetakast ut frå omsynet til landskapsbiletet i stadutviklingsanalysen som vart gjennomført i Vågå 2013. Figuren nedanfor viser område i Vågåmo som er viktige for natur- og kulturlandskapet.



Figur 1: Natur- og kulturlandskapet i Vågåmo, vist i stadutviklingsanalysen frå 2013, utarbeidd av Rambøll.

Det er lagt vekt på at området ligg sentrumsnært med tilgang til offentlig vatn- og avløp. Det er stutt veg til barnehage/skule og sentrum. Det er også i tråd med nasjonale føringar for miljøvenleg by- og tettstadutvikling og *Statlig planretningslinjer for samordnet bolig-, areal og transportplanlegging*. Korte avstandar til daglege gjeremål kan bidra til redusert transportbehov og klimagassutslepp. Det gir også god folkehelse at skuleungar kan gå til skulen. Arealet ligg også innanfor indre sentrumssone i Vågåmo der det er ønske om fortetting. Det er viktig at kommunen har eit reserveareal som kan nyttast til arealformålet.

Ingen kjent risiko knytt til samfunnstryggleik. Arealet ligg sentrumsnært med stutt avstand til brannstasjon og det er god tilgang på sløkkevatn. Arealet er flatt og ligg ikkje innanfor aktsemdskart for ras og skred. Arealet ligg ikkje i tilknytning til mindre vassdrag. Ved regulering av området må det takast omsyn til krav til overvasshandtering. Dette er vareteken gjennom føresegnene til arealdelen §4.2 *Krav til overvasshandtering*.

Rådmannen tilrår at området blir tatt med som kombinert formål ved 3. gongs høyring av arealdelen.

B/G01 Vågå Gjestegiveri

Forslagsstillar:	Vågå kommune
Gnr./bnr.:	Gnr. 65 bnr. 6
Dagens formål:	Bustad/forretning/kontor mv.
Foreslått formål:	Kombinert bustad/gjestegiveri
Arealstorleik:	1 daa
Dyrka mark:	0 daa

Skildring av foreslått tiltak:

B/G01 ligg innanfor reguleringsplan for Vågåmo vest frå 1998 og er regulert til bustad/forretning og kontor mv. Området har vore vist som eksisterande forretning i tildegare høyringar, men ettersom sentrumssona er avgrensa i areal bør forretningsareal plasserast innanfor sentrumssona. Området blir difor endra til kombinert bustad/gjestegiveri.



Vurdering av konsekvens ved endra bruk av areal:

Tema	Verdiskildring	Skildring og omfang	Vurdering av omfang
Naturmiljø og naturmangfald	Inga kjente registreringar i området.	Ingen verknad	Positivt
Jord- og skogbruk	Ingen jord- og skogbruksinteresser	Ingen verknad.	Positivt
Landskap	Ligg i utkanten av sentrum ved YX.	Ingen verknad for landskapet.	Positivt
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen kjende registreringar innanfor området.	Ingen verknad	Positivt
Forureining, energi og klima	Stutt veg til Vågåmo sentrum. Positivt med omsyn til <i>samordnet bustad, areal- og transportplanlegging.</i>	Vil gje redusert transportbehov og det vil vere positivt for folkehelsa.	Positivt
Nærmiljø, friluftsliv og barn og unge	Ikkje registrert som leikeområde eller friluftsområde.	Ingen verknad.	Positivt
Sosial infrastruktur	Gangavstand til skule og sentrum.	Positivt for folkehelsa. Vil ikkje utløyse behov for ny infrastruktur.	Positivt

Teknisk infrastruktur	Tilgang til offentlig vatn- og avløp. Gangavstand til sentrum som bør vere trygg.	Vil ikkje utløyse behov for ny infrastruktur.	Positivt
Samfunnstryggleik	Området er ikkje skredutsett eller flomutsett	Føreslått utbygging vil ikkje påverke samfunnstryggleiken.	Positivt
Trafikktryggleik	Det er etablert gang- og sykkelveg i sentrumsområde av Vågåmo.	Området har godkjend avkøyring.	Positivt
Attraktivitet og bukvalitet	Ligg utanfor indre sentrumssone	Truleg eit attraktivt område	Positivt

Konklusjon:

Eigedomen ligg utanfor område som er definert som indre sentrumssone. B/G01 ligg innanfor reguleringsplan for Vågåmo vest frå 1998 og er regulert til bustad/forretning og kontor mv. Området har vore vist som eksisterande forretning i tildegare høyringar, men ettersom sentrumssona er avgrensa i areal bør forretningsareal plasserast innanfor sentrumssona. Området blir difor vist som kombinert bustad/gjestegiveri. Eigedomen er til sals og den har tidlegare vore nytta til gjestegiveri. Ettersom eigedomen ikkje ligg langt frå rv. 15 så meiner Vågå kommune at eigedomen kan vere godt egna som gjestegiveri.

Eigedomane er lagt inn som kombinert bustad/gjestegiveri.

TB/L01: Maurvangen (Tenestebustad med lager/garasje)

Forslagsstillar:	Gjendebåten	
Gnr./bnr.:	Gnr. 187 bnr. 1	
Dagens formål:	LNFR-formål	
Foreslått formål:	Kombinert formål for lager og tenestebustad	
Arealstorleik:	12 daa	
Dyrka mark:	0 daa	
Skildring av foreslått tiltak:		
<p>Gjendebåten treng tenestebustad og garasje/lager i samband med drifta på Gjendebåten. Det er ønskje om å legge til rette for dette på eit areal ved Maurvangen. Arealet er i reguleringsplanen for Maurvangen regulert til landbruk og reindrift.</p>		

Vurdering av konsekvens ved endra bruk av areal:

Tema	Verdiskildring	Skildring og omfang	Vurdering av omfang
Naturmiljø og naturmangfald	Inga kjente registreringar i området. Arealet ligg innanfor 100 meters byggeforbodssona til Sjoa. Det er ca. 30 meter frå på det næraste.	Regulering vil ikkje påverke naturverdiar og biologisk mangfald. Arealet ligg ikkje innanfor strandsona og påverkar ikkje strandsona.	Nøytralt
Jord- og skogbruk	Arealet består av skogsmark og myr	Liten verknad for jord- og skogbruk. Bjørkeskog med liten produksjonsverdi.	Positivt
Landskap	Området heng i landskapet saman med Hoskelie-Maurvangen området	Det er utarbeidd ein landskapsanalyse for området som viser at ei utbygging vil ha små negative konsekvensar.	Nøytralt
Kulturminne og kulturmiljø	Inga kjende registreringar.	Ingen verknad.	Positivt

Forureining, energi og klima	Ligg i tilknytning til Maurvangen og Reinsvungen. Ligg nært opp til myr som drenerer til Måla og Sjoa.	Ei sentral plassering med tanke på drifta på Gjendebåten, samstundes som bygningen ikkje blir plassert i det mest sårbare området ved Gjendeosen. Plassering av lager kan gje auka risiko for avrenning til Sjoa.	Nøytralt
Nærmiljø, friluftsliv og barn og unge	Ikkje registrert som leikeområde eller friluftsområde.	Ingen verknad	Positivt
Sosial infrastruktur	Ligg sentralt til ved Fv 51 og Reinsvungen/Maurvangen	Det vil vere kort avstand frå lager/tenestebustad til arbeidsplass på Gjendebåten	Positivt
Teknisk infrastruktur	Området ligg tett opp til Maurvangen som har privat vass- og avløpssystem	Plan- og bygningsloven § 27–3 gir kommunen rett til å bestemme at nokon må knyte seg til ein privat leidning.	Positivt
Samfunnstryggleik	Området er ikkje skredutsett eller flomutsett. Det renn ein mindre bekk innanfor vestleg del av arealet i myrområdet.	Ingen verknad. Planlagde bygningar vil ikkje ligge innanfor fareområdet til bekken.	Positivt
Trafikktryggleik	Området har godkjend avkøyring frå Fv. 51 som kan nyttast. Det er gangavstand frå området og til Gjendeosen	Tenestebustadane vil berre bli nytta på sommaren når Gjendebåten er i drift. Det går turstig langs vegen frå Reinsvungen til Gjendeosen, slik at trafikktryggleiken er vareteken for mjuke trafikantar.	Nøytralt
Attraktivitet og bukvalitet	Ein ok plassering for tenestebustad	Vil gje ein god bukvalitet for tilsette.	Nøytralt

Konklusjon

Arealet som er foreslått til utbyggingsområdet er vurdert med omsyn til verknad for landskap, sjå landskapsanalyse utarbeidd av Nordplan. Ifølgje analysen vil utbygging av området ha små negative konsekvensar. Rådmannen meiner at denne analysen legg for stor vekt på at vegetasjonen skal behaldast, samt at området allereie har ein del tyngre tiltak plassert i nærområdet. Det kan fort skje naturhendingar som gjer at vegetasjonen endrar seg og bygningen vil da ligge eksponert til frå alle kantar. Rådmannen syns difor at landskapsanalysen har ein for enkel tilnærming med tanke på kva

for status området har i reiselivssamanheng. Det må også leggjast vekt på rådmannen ikkje har tilrådd ei vidare utvikling av fritidsbusetnad i området, nettopp fordi utbygginga kan få store verknader for landskapet og området som reiselivsdestinasjon. Det same gjeld plassering av eit slikt type bygg.

Innanfor delar av arealet renn det ein mindre bekk og det er i føresegnene til arealdelen sagt at minimum ei sone på 20 meter på kvar side av bekkar og elvar er potensielle fareområde, og skal som hovudregel ikkje nyttast til byggeområde. Bygningar er ikkje planlagd innanfor denne sona.

Arealet ligg innanfor 100 meters byggeforbodssona til Sjoa. Det er om lag 30–40 meter til Sjoa på det næraste. Arealet nærast strandsona, som er delt av veggen inn til Maurvangen og Hoskelie, blir ikkje råka av bygginga. Veggen skaper ein fysisk barriere og dette gjer at strandsona og vassdraget til Sjo blir lite råka av ei utbygging. Området ligg nært opp til ei myr som drenerer ut i Mola og vidare ut i Sjoa. Lageraktivitet gir ein auka forureiningsrisiko med omsyn til avrenning frå maskiner og utstyr.

Det er viktig for kommunen at Gjendebåten får moglegheit til å vidareutvikle drifta si med tanke på at Gjendeosen er ein del av Norske turistvegar. Dei har behov for tenestebustad for tilsette og lager/garasje. Samfunnsnyttan med å sikre vidare drift for Gjendebåten er stor, men det har kome fram nokre moment etter 2. gongs høyring som gjer at rådmannen er skeptisk til ein slik type aktivitet i eit slikt område. Med tanke på føre- var prinsippet meiner rådmannen at området bør takast ut. Det må også tilleggast vekt at behovet for tenestebustad er løyst innanfor gjeldande reguleringsplan for Gjendeosen.

Området blir tatt med etter politisk ønskje.

Samla vurdering av konsekvensane for Vågåmo

Det er ledig kapasitet på ledige tomter innanfor Vågåmo sentrum når eksisterande bygd areal som står tomt blir endra til sentrumsformål. Dette vil sikre at arealet kan nyttast til fleire formål og det gir ein god fleksibilitet i planen. Engumtomta ved Moajordet blir foreslått endra frå erverv til kombinert forretning/bustad/kontor, B/FO/K02. Arealet ved Brustugu er delt opp i fleire ulike arealformål. Den gamle OKB-tomta er forslått endra til kombinert bustad/næring/kontor B/N/K02.

Regionale styresmakter har kome med klare tilrådingar og har motsegn til forslag til avgrensing av indre sentrumssone for Vågåmo ved 2. gongs høyring og offentleg ettersyn. Kommunen har tatt omsyn til så klare tilrådingar/motsegn og sentrumssona er trekt vest for Finna, slik at Vågå næringspark ikkje ligg innanfor sentrum. Ettersom forslag til kommuneplanens samfunnsdel ikkje er vedteke, må denne også oppdaterast. Det må vere ein samanheng mellom samfunnsdelen og arealdelen. Dersom Vågå kommune skal få eit kompakt og levande sentrum så bør sentrumssona vere så liten som mogleg. Kommunen må også våge å prioritere. Det kan da ikkje stå i samfunnsdelen at det skal vere eit mål at næringsparken i Vågåmo skal vere nært knytt til sentrumskjernen og stå fram som eit attraktivt handels- og næringsområde med både detaljhandel, kompetansekvjande og plasskvjande næring/industri. Det må gå klart fram at detaljhandel skal konsentrerast til areal som ligg innanfor indre sentrumssone av Vågåmo. Når det gjeld avgrensing av indre sentrumssone så er denne trekt sør for skulen og barnehagen slik at desse ligg innanfor indre sentrumssone. Ettersom idrettsparken er ein viktig funksjon og er med og skapar aktivitet, bør dette arealet ligge innanfor indre sentrumssone.

Når det gjeld areal for bustad så er det lagt til rette for dette på Brustugu og Smedsmo. Det er ledig nokre få tomter innanfor Blessomvollen bustadfelt. Det er mogleg å etablere konsentrert småhus innanfor dette arealet. Det er god kapasitet på ledige tomter innanfor Kvarbergåsen bustadfelt. Dette føreset at det blir etablert gang- og sykkelveg til området. Dersom det ikkje blir etablert gang- og sykkelveg er det ledig 4 ubygde tomter innanfor området. Det er ledig 10 tomter innanfor Sveaholen og 4 tomter innanfor Berget. Samla sett så bør dette vere tilstrekkeleg ledig tomter i løpet av planperioden. Det er også mogleg å fortett innanfor eksisterande areal i Vågåmo, men fortetting kan vere konfliktfylt og det bør takast som ein skilde saker når utbyggjar tek initiativ.


Samla vurdering av konsekvensane for Lalm

Lalm sentrum har tilgang til gode bustadtomter og det er ledig 8 tomter i det nye feltet på Lalm. Dette er solrike og store tomter med god utsikt. Feltet ligg i høgda over Lalm sentrum og ligg ope og fritt, slik at det ikkje er noko følelse av å bu i eit «trengt bustadfelt». Desse områda har difor god bukvalitet med omsyn til kvalitetar som sol, utsikt og kort avstand til skule/barnehage. Området har tilgang til gang- og sykkelveg og offentleg vatn- og avløp. Det er framleis mogleg å leggje til rette for fleire bustadtomter på Lalm. Det er difor foreslått ei mindre utviding av dette feltet, B04 som er på 5 daa. Rådmannen har også kome med forslag til felt B03 som har ei god plassering med omsyn til utsikt, sol, sosial og teknisk infrastruktur. Det er også i tråd med nasjonale føringar for miljøvenleg by- og tettstadutvikling og *Statlig planretningslinjer for samordnet bolig-, areal og transportplanlegging*. Korte avstandar til daglege gjeremål kan bidra til redusert transportbehov og klimagassutslepp. Det gir også god folkehelse at skuleungar kan gå til skulen.

Tilrettelegging av nye bustadfelt som kan knytast på eksisterande vatn- og avløpsnett vil bidra til at fleire bueiningar nyttar eksisterande anlegg. Kostnaden med drift og vedlikehald kan fordelast på fleire slik at utgiftene for den einskilde brukar blir redusert.

Det er opna for to område for spreidd bustadbygging langs Klebervegen. Områda har ligge innanfor LNFR1-område, område der det har vore lagt til rette for spreidd busetnad i gjeldande kommunedelplan. Det har ikkje vore søkt om dispensasjon til frådelling av areal til formål busetnad innanfor området dei siste 20 åra. Det vart frådelt ei tomt i 1993 frå gnr. 1 bnr. 1 som ligg i krysset til Åsvegen. Det er difor lite truleg at det vil vere eit behov for så mange tomter i området. Det er likevel eit ønskje om å tilby innbyggjarane eit variert butilbod og desse område kan vere med og sikre dette. Utbygging av område vil kunne vere konfliktfylt med omsyn til trafikk og mjuke trafikantar. Området har ikkje gang- og sykkelveg og både felta ligg så nære skulen at det ikkje er krav om skuleskyss, med mindre vegen blir oppfatta som utrygg. Det er likevel berre snakk om ei mindre utbygging ettersom område er lagt inn som LNFR spreidd bustadbygging med moglegheit til å byggje inntil tre bustadhus. Fordelane med å kunne tilby innbyggjarane eit variert butilbod blir difor vurdert til å vere større enn ulempene med dårleg tilgang til teknisk infrastruktur.

GL01 og GL02: Utviding av gravlund

Forslagsstillar:	Vågå kommune	
Gnr./bnr.:	Gnr. 24 bnr. 3 og gnr. 66 bnr. 1 fnr. 127	
Dagens formål:	Erverv, Byggeområde og friområde.	
Foreslått formål:	Grav- og urnelund	
Arealstorleik:	1,2 daa	
Dyrka mark:	0 daa	
<p><u>Skildring av foreslått tiltak:</u></p> <p>Ønskjer å leggje til rette for utviding av eksisterande gravplass. Områda skal nyttast til urnelund og gravplass for religiøse minoritetar.</p> <p>Arealet ligg i tilknytning til eksisterande gravplass.</p>		

Vurdering av konsekvens ved endra bruk av areal:

Tema	Verdiskildring	Skildring og omfang	Vurdering av omfang
Naturmiljø og naturmangfald	Inga kjente registreringar i området.	Regulering til gravlund vil ikkje påverke naturverdiar og biologisk mangfald.	Nøytralt
Jord- og skogbruk	Råker ikkje ved jord- og skogbruksareal.	Ingen verknad	Positivt
Landskap	Landskapet vil forandre seg lite.	Liten verknad	Positivt
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ei lita utviding som ikkje vil påverke Vågå kyrkje som eit kulturminne.	Ingen verknad	Positivt
Forureining, energi og klima	Ikkje aktuelt.	Ikkje aktuelt	

Nærmiljø, friluftsliv og barn og unge	Det er eit marginalt areal ved idrettsbana som tidlegare har vore avsett til friområdet. Dette arealet grenser til idrettsbana.	Endring til gravlund vil ikkje merkast ettersom det er eit så lite areal. Blir i praksis ikkje nytta som friluftsområdet.	Nøytralt
Sosial infrastruktur	Ligg i tilknytning til eksisterande gravlund. Vil i praksis vere transformering og gje betre arealutnytting av areal som ligg inntil kyrkja.	Ligg i tilknytning til eksisterande gravplass.	Positivt
Teknisk infrastruktur	Ligg i tilknytning til eksisterande gravlund.	Krev ikkje utbygging av ny infrastruktur.	Positivt
Samfunnstryggleik	Området er ikkje skredutsett eller flomutsett	Ingen verknad.	Positivt
Trafikktryggleik	Det er etablert gang- og sykkelveg i sentrumsområde av Vågåmo.	Området har godkjend avkøyring og trafikktryggleik for mjuke trafikantar er varetatt.	Positivt
Attraktivitet og bukvalitet	Ikkje aktuelt.	Ingen verknad.	

Konklusjon:

Vågå kyrkje har behov for å utvide gravplassen slik at det blir etablert gravplass for urnelund og andre religiøse minoritetar. Arealet innanfor GL01 som ligg inntil idrettsplassen er tenkt nytta som gravplass for religiøse minoritetar. Arealet GL02 mot nord er tenkt nytt som urnelund. Arealet er lite og det er ingen tema i konsekvensutgreiinga som kjem ut som negative. Dette saman med at det er eit viktig samfunnsinteresse i å få etablert eit betre gravtilbod i kommunen gjer at områda blir tatt med i arealdelen.

Områda blir lagt inn i arealdelen.


FT01: Tessosen

Forslagsstillar:	Arne Brimi
Gnr./bnr.:	Gnr. 187 bnr. 1
Dagens formål:	LNFR-område
Foreslått formål:	Fritids- og turistformål
Arealstorleik:	24 daa
Dyrka mark:	0 daa

Skildring av foreslått tiltak:

Ønskjer å leggje til rette for næringsverksemd knytt opp mot allereie etablert aktivitet «Brimiland».

Området ligg rett aust for Tessosen. Området består av skogsmark, fjellfuruskog.



Vurdering av konsekvens ved endra bruk av areal:

Tema	Verdiskildring	Skildring og omfang	Vurdering av omfang
Naturmiljø og naturmangfald	Inga kjente registreringar i området.	Regulering vil truleg påverke naturverdiar og biologisk mangfald lite. Kunnskapsgrunnlaget er vurdert til å vere godt nok.	Nøytralt
Jord- og skogbruk	Arealet er skogsmark	Liten verknad for skogbruket.	Nøytralt
Landskap	Arealet ligg innanfor eit område som er lite råka av utbygging sjølv om vatnet er regulert og det er bygd ein dam i området. i	Landskapet vil forandre seg. Staden blir i dag oppfatta som ei naturperle som vil miste noko av denne kvaliteten ved utbygging.	Negativt
Kulturminne og kulturmiljø	Sør for området, nedanfor vegen er det registrert eit kulturminne.	Truleg ingen verknad på dette minnet. Men området må truleg synfarast.	Nøytralt

Forureining, energi og klima	Området skal nyttast i reiselivssamanheng. Det er allereie etablert fleire hyttefelt i området, både i Vågå og Lom.	Liten verknad.	Nøytralt
Nærmiljø, friluftsliv og barn og unge	Ikkje registrert som leikeområde eller friluftsområde.	Ingen verknad	Nøytralt
Sosial infrastruktur	Ligg i tilknytning til eit etablert hytteområde	Kan bidra til at området blir meir attraktivt som ein turistdestinasjon.	Nøytralt
Teknisk infrastruktur	Ikkje tilgang til offentleg vatn- og avløp.	Kan løysast med separate løysningar.	Negativt
Samfunnstryggleik	Området ligg nært inntil Uksfossen. Må vurdere fare for flaum.	Ein mindre del av området ligg innanfor 20-meters buffersone til vassdraget.	Negativt
Trafikktryggleik	Det er ikkje gang- og sykkelveg i området.	Truleg ikkje behov for gang- og sykkelveg.	Nøytralt
Attraktivitet og bukvalitet	Kan truleg bli ein attraktiv næringsverksemd.	Kan bidra til at resten av området blir meir attraktivt.	Nøytralt


Konklusjon:

Det er viktig å leggje til rette for næringsutvikling og det er få tema i konsekvensutgreiinga som kjem fram som negative. Arealet har ein spesiell naturkvalitet og området blir oppfatta som ei naturperle. Denne kvaliteten kan bli svekka ved ei utbygging. Området ligg i tilknytning til eksisterande friluftsområde der det er etablert fleire hyttefelt i området. Det bør slik sett ligge til rette for å etablere ei næringsverksemd i området som kan vere med å gjere området meir attraktivt som ein turistdestinasjon.

Ein mindre del av arealet ligg innanfor 20 meters buffersone til vassdraget. Det er i føresegnene til arealdelen tatt omsyn til samfunnstryggleiken gjennom føresegn § 6.1.3. *Byggegrense mot vassdrag og bekkar*. Arealet ligg i tilknytning til eit vassdrag slik at det er god tilgang på sløkkevatn. Arealet ligg på grensa til Lom kommuneslik at innsatstid vil vere om lag lik frå Lom og Vågå.

Området blir tatt med.

FT02: Sæta seter (Randsverk camping)

Forslagsstiller:	Peter Brag	
Gnr./bnr.:	Gnr. 187 bnr. 1 fnr. 880	
Dagens formål:	LNFR-område	
Foreslått formål:	Fritids- og turistformål	
Arealstorleik:	32 daa	
Dyrka mark:	14,5 daa overflatedyrka	
Skildring av foreslått tiltak: Ønskjer å leggje til rette for utviding av Randsverk camping. Delar av arealet ligg på Sæta seter. Setra er på totalt 14,5 daa overflatedyrka areal og arealet er under attgroing. Omtala areal ligg på nordvestsida av fv. 51 ved Randsverk. Denne sida av vegen er prega av gamle setrer.		

Vurdering av konsekvens ved endra bruk av areal:

Tema	Verdiskildring	Skildring og omfang	Vurdering av omfang
Naturmiljø og naturmangfald	Arealet har ei biologisk verdi og er karakterisert som naturbeitemark (kartlagt i 2008). Området ligg i nærleiken til naturreservatet Blesomkalvkvea.	Området er naturtypekartlagt sommaren 2015. Lokaliteten er vurdert nedklassifisert til lokalt viktig.	Nøytralt
Jord- og skogbruk	Arealet er dårleg drifta gjennom fleire år og isolert sett eit mindre verdifullt område i produksjonssamheng. Området må derimot sjåast saman med heile seterområdet nord for Fuglsetervegen og Fv. 51.	Liten verknad for framtidig landbruksproduksjon. Marginale jordbruksareal som ligg høgt til fjells.	Nøytralt
Landskap	Ein del av eit samanhengande kulturlandskap som er	Viktig med byggeskikk som harmonerer med	Nøytralt

	prega av seterkultur.	omgjevnaden.	
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen kjende registreringar.	Ingen verknad	Nøytralt
Forureining, energi og klima	Ligg i tilknytning til Randsverk camping og allereie etablert turistverksemd. Ligg sentralt plassert i Sjødalen.	Ingen verknad	Positivt
Nærmiljø, friluftsliv og barn og unge	Ikkje registrert som leikeområde eller friluftsområde.	Ingen verknad	Nøytralt
Sosial infrastruktur	Ligg sentralt plassert i Sjødalen.	Ei utvikling av området kan bidra positivt for resten av Randsverk.	Positivt
Teknisk infrastruktur	Tilgang til offentleg vatn- og avløp	Området må knytast på eksisterande anlegg.	Positivt
Samfunnstryggleik	Ikkje registrert som skredutsett område.	Ingen kjend risiko	Nøytralt
Trafikktryggleik	Utbygging vil bidra til auka behov for å krysse fv. 51 for mjuke trafikantar.	Det må i reguleringsplanen sikrast trafikktrygg kryssing av fylkesvegen for mjuke trafikantar.	Negativt
Attraktivitet og bukvalitet	Området er solvendt og er godt synleg frå vegen.	Kan truleg bli attraktive utleigehytter for Randsverk camping	Positivt

Konklusjon:

Delar av arealet er dyrka mark og det andre arealet er dyrkbart. Området må difor vurderast opp mot omsynet til jordvernet. Arealet er dårleg drifta gjennom fleire år er det isolert sett eit mindre verdifullt område i produksjonssamanheng. Arealet ligg også høgt til fjells 800.–900 moh. og har vesentleg lågare produksjonsverdi enn dyrka mark nede i bygda. Det vil difor vere meir samfunnsøkonomisk å dyrke areal som ligg nærare bygda. Det vil også ut frå samordna areal- og transportplanlegging vere meir fornuftig å dyrke areal som ligg nærmare bygda. Mykje av landbruksjorda i Vågå ligg i tilknytning til setrer og transport av gjødsel, slåtteutstyr mv. genererer mykje transport som gjev slitasje på veg og utslepp av klimagassar. Samfunnsøkonomisk har arealet ein større verdi som fritids- og turistformål. Randsverk camping er ein viktig fritids- og turistdestinasjon i Vågå kommune. Det er viktig at bedrifta får utvikle seg.

Sæta seter har også fulle i det frie, vedtatt av Vågå fjellstyret. Fjellstyret har signalisert at dei ikkje ønskjer å lyse ut bruksretten som seter eller tilleggsjord. Dette med bakgrunn i storleik, plassering og at det er små moglegheiter for utviding. Arealet er difor liten verdi som dyrka jord. Arealet er under sterk attgroing slik at delar av det dyrka arealet bør heller klassifiserast som ungskog, sjå figur 2 og 3.

Arealet er under attgroing, men har ei biologisk verdi og er karakterisert som naturbeitemark med viktig verdi (kartlagt i 2008). Naturbeitemark er avhengig av at området blir beita og lite gjødsla for at

artane og naturmangfaldet skal bli varetatt. Området er naturtypekartlagt sommaren 2015. Det er gjort funn av rankefrøstjerne, fjellnøkkelblom og engbakkesøte. Lokaliteten er vurdert nedklassifisert til lokalt viktig. Dette med bakgrunn i manglande hevd. Sjå vedlagt rapport. Ettersom fjellstyret ikkje ønskjer å lyse ut bruksretten vil lokaliteten truleg få dårlegare biologisk verdi ettersom attgroinga aukar for kvart år.

Når det gjeld kulturlandskap og setermiljø så må området må sjåast saman med heile seterområdet nord for Fuglsetervegen og fv. 51. Arealet ligg for seg sjølv og det vil truleg ikkje påverke resten av seterlandskapet dersom det blir lagt vekt på god byggeskikk innanfor området.

Området ligg på motsett side av Randsverk camping og fv. 51, noko som gjer at tilkomst til området må avklarast med Statens vegvesen. Det er i føresegnene sett krav om at det i reguleringsplanproesessen må sikrast trafikktrygg kryssing av fylkesvegen for mjuke trafikantar.



Figur 2: Arealet mot søraust er attgrodd med lauvskog og arealet bør endrast til ungskog i AR5. Arealet mot nord som er synleg i bakgrunnen er mindre prega av attgroing.




Figur 3: Foto over dyrka mark som viser at om halvparten av den dyrka marka har endra status til ungsog.

Det blir lagt vesentleg vekt på at Randsverk camping har behov for areal for å utvide bedrifta og området sin verdi som naturbeitemark er berre lokalt viktig. Arealet har ingen samfunnsøkonomisk verdi som dyrka mark ettersom Statskog ikkje ønskjer å lyse ut bruksretten for ny bruk. Det er heller ikkje samfunnsøkonomisk forsvarleg å legge opp til at slike areal skal utvidast ved nydyrking ettersom det ligg høgt til fjells.

Ingen kjent risiko knytt til samfunnstryggleik. Arealet ligg om lag 30 km frå Vågåmo og brannstasjon og det er god tilgang på sløkkevatn. Arealet er svakt hellande og ligg ikkje innanfor aktsemdskart for ras og skred. Arealet ligg ikkje i tilknytning til mindre vassdrag. Ved regulering av området må det takast omsyn til krav til overvasshandtering. Dette er vareteken gjennom føresegnene til arealdelen §4.2 *Krav til overvasshandtering*.

Området blir tatt med vidare.

FT03: Tesse

Forslagsstillar:	Lars F. Storrвик	
Gnr./bnr.:	Gnr. 103 bnr. 1	
Dagens formål:	LNFR-område og regulert for fritidsbustader	
Foreslått formål:	Fritids- og turistformål	
Arealstorleik:	8 daa	
Dyrka mark:	0 daa	
Skildring av foreslått tiltak: Ønskjer å leggje til rette for fritids- og turistformål. Delar av arealet er regulert til fritidsbustader i gjeldande reguleringsplan, Tessosen hytteområde.		

Vurdering av konsekvens ved endra bruk av areal:

Tema	Verdiskildring	Skildring og omfang	Vurdering av omfang
Naturmiljø og naturmangfald	Inga kjente registreringar i området.	Regulering vil truleg påverke naturverdiar og biologisk mangfald lite. Kunnskapsgrunnlaget er vurdert til å vere godt nok.	Nøytralt
Jord- og skogbruk	Arealet er skogsmark	Liten verknad for skogbruket.	Nøytralt
Landskap	Arealet ligg innanfor eit område som er regulert til fritidsbustader.	Landskapet vil forandre seg lite ettersom store delar av arealet allereie er regulert.	Nøytralt
Kulturminne og kulturmiljø	Ikkje registrert noko innanfor området.	Truleg ingen verknad	Nøytralt
Forureining, energi og klima	Området skal nyttast i reiselivssamanheng. Det er allereie etablert fleire hyttefelt i området, både i Vågå og Lom.	Liten verknad.	Nøytralt

Nærmiljø, friluftsliv og barn og unge	Ikkje registrert som leikeområde eller friluftsområde.	Ingen verknad	Nøytralt
Sosial infrastruktur	Ligg i tilknytning til eit etablert hytteområde	Kan bidra til at området blir meir attraktivt som ein turistdestinasjon.	Nøytralt
Teknisk infrastruktur	Ikkje tilgang til offentleg vatn- og avløp.	Kan løysast med separate løysningar.	Negativt
Samfunnstryggleik	Området ligg nært inntil Uksfossen. Må vurdere fare for flaum.	Ein mindre del av området ligg innanfor 20-meters buffersone til vassdraget.	Negativt
Trafikktryggleik	Det er ikkje gang- og sykkelveg i området.	Truleg ikkje behov for gang- og sykkelveg.	Nøytralt
Attraktivitet og bukvalitet	Kan truleg bli ein attraktiv næringsverksemd.	Kan bidra til at resten av området blir meir attraktivt.	Nøytralt


Konklusjon:

Det er viktig å leggje til rette for næringsutvikling og det er få tema i konsekvensutgreiinga som kjem fram som negative. Området ligg i tilknytning til eksisterande friluftsområde der det er etablert fleire hyttefelt i området. Det bør slik sett ligge til rette for å etablere ei næringsverksemd i området som kan vere med å gjere området meir attraktivt som ein turistdestinasjon.

Ein mindre del av arealet ligg innanfor 20 meters buffersone til vassdraget. Det er i føresegnene til arealdelen tatt omsyn til samfunnstryggleiken gjennom føresegn § 6.1.3. *Byggegrense mot vassdrag og bekkar*. Arealet ligg i tilknytning til eit vassdrag slik at det er god tilgang på sløkkevatn. Arealet ligg på grensa til Lom kommune slik at innsatstid for brann vil vere om lag lik frå Lom og Vågå.

Området blir tatt med.

N01: Kolbotten II, Lalm

Forslagsstillar:	Nord-Gudbrandsdal næringsforeining	
Gnr./bnr.:	Gnr. 1 bnr. 1	
Dagens formål:	LNFR-område	
Foreslått formål:	Næring	
Arealstorleik:	52 daa	
Dyrka mark:	0 daa	
Skildring av foreslått tiltak: Nord-Gudbrandsdal næringsforeining ønskjer å utvide næringsarealet på Kolbotten. Terrenget består av skogmark Vegtilkomst frå industrivegen.		

Vurdering av konsekvens ved endra bruk av areal:

Tema	Verdiskildring	Skildring og omfang	Vurdering av omfang
Naturmiljø og naturmangfald	Inga kjente registreringar i området.	Regulering til næring vil truleg påverke naturverdiar og biologisk mangfald lite. Kunnskapsgrunnlaget er vurdert til å vere godt nok.	Nøytralt
Jord- og skogbruk	Skogsareal av låg og middels bonitet som er lettdrevet.	Negativt for framtidig landbruksutnytting. Grunneigar meiner arealet er viktig for framtidig landbruksdrift på eigedomen.	Negativt
Landskap	Etablering av industriområde vil ha lite å seie for landskapet.	Liten verknad	Nøytralt
Kulturminne og	Det er registrert fleire	Området er vurdert av	Nøytralt


kulturmiljø	kulturminne i nærleiken, Tolstadkvennberget. Det er tatt omsyn til dette ved avgrensing av areal	Oppland fylkeskommune og er godkjend av dei	
Forureining, energi og klima	Området ligg sentralt til med kort avstand til rv. 15 og Otta sentrum og Vågåmo sentrum	I tråd med samordna <i>bustad- areal-og transportplanlegging.</i>	Positivt
Nærmiljø, friluftsliv og barn og unge	Området blir nytta ein del til jogging og turgåing.	Vil miste denne kvaliteten, men det er mykje anna areal og ta av i nærområdet. Ved regulering av området kan det takast omsyn til at det skal vere avsett areal til ferdsel gjennom arealet.	Nøytralt
Sosial infrastruktur	Stutt veg til Lalm sentrum der det er tilgang til bustadtomter og skule og barnehage.	I tråd med <i>samordna bustad-, areal – og transportplanlegging.</i>	Positivt
Teknisk infrastruktur	Det er bygd kommunal veg til området som er av god standard.	Krev ikkje ny utbygging av veg. Vatn- og avløpsnett må byggjast ut til området.	Nøytralt
Samfunnstryggleik	Delar av området ligg innanfor utløpsområde for snøskred og steinsprang.	Må faresonekartleggjast ved utarbeiding av reguleringsplan	Negativt
Trafikktryggleik	Området får vegtilkomst til industrivegen.	Ved utviding av området bør det sjås på løysningar for å stenge vegen frå Lalm sentrum slik at store køyretøy ikkje får høve til køyre gjennom bustadområda.	Nøytralt
Attraktivitet og bukvalitet	Kan bli eit attraktivt næringsareal ettersom det ligg sentralt langs rv. 15 og midt mellom Vågåmo og Otta.	Eksisterande næringsområdet vart regulert i 1980 og det er framleis ledig kapasitet. Området har difor ikkje vore attraktivt fram til i dag.	Nøytralt

Konklusjon:

Det er lite ledig kapasitet innanfor eksisterande industriområde ettersom dette arealet har blitt reduserast ettersom omsynssona til Tolstadkvennberget er utvida. Det er også ein næringshall under

oppføring innanfor eksisterande reguleringsplan som gjer at det er lite ledig areal igjen. Ein utviding av næringsområdet med om lag 52 daa vil vere nødvendig for å sikre god tilgang til ledig næringsareal i Vågå kommune dei neste åra. Det er store samfunnsinteresser i å ha eit næringsareal som ligg sentralt plassert mellom aust og vest. Det er difor viktig for Vågå kommune å ha god tilgang på slikt areal. Det er også lite tilgang på ledig næringsareal i Vågåmo, slik at det er viktig å ha stor ledig kapasitet på Lalm.

Det er få tema i konsekvensutgreiinga som kjem fram som negative og det er store samfunnsinteresser i å ha eit næringsareal som ligg sentralt plassert mellom aust og vest. Det er difor viktig for Vågå kommune å ha god tilgang på slikt areal. Vågå kommune har behov for å utvide næringsarealet og samfunnsinteressene veg difor tungt for å omdisponere arealet til næring. Arealet er avgrensa slik at det ikkje råker ved grusressursane som ligg i området.




Figur 4: Kartet viser avgrensinga av grusførekomsten som er henta frå grus og pukkk databasen til NGU.

Delar av arealet ligg innanfor aktsemdskartet for steinsprang og snøskred. Området må faresonekartleggast ved utarbeiding av reguleringsplan. Arealet ligg i tilknytning til eksisterande næringsareal på Lalm sentrum og det er god tilgang på sløkkevatn. Ligg 15 km frå Lalm og Otta der brannstasjon er etablert. Relativt stutt innsatstid. Arealet ligg ikkje i tilknytning til mindre vassdrag. Ved regulering av området må det takast omsyn til krav til overvasshandtering. Dette er vareteken gjennom føresegnene til arealdelen §4.2 *Krav til overvasshandtering*.

Området blir tatt med vidare.

N02: Klonesodden

Forslagsstillar:	Klonesodden AS	
Gnr./bnr.:	Gnr. 140 bnr. 22	
Dagens formål:	Byggeområde, erverv	
Foreslått formål:	Næring (bygging av hotell)	
Arealstorleik:	21 daa	
Dyrka mark:	0 daa	
Skildring av foreslått tiltak:		
<p>Klonesodden AS ønskjer å halde oppe planstatus i den nye arealdelen.</p> <p>Klonesodden AS har planar om bygging på området slik det er angitt i gjeldande arealdel. Planlegging for oppstart av omregulering er starta og basert på gjeldande kommunedelplan</p>		

Vurdering av konsekvens ved endra bruk av areal:

Tema	Verdiskildring	Skildring og omfang	Vurdering av omfang
Naturmiljø og naturmangfald	Arealet ligg i direkte tilknytning til Vågåvatnet. Området utanfor Klonesodden er eit viktig område for fugl og med fleire raudlistearter.	Utbygging vil i liten grad råke ved vadefuglar i området. Dette er i hovudsak knytt til området austover mot oset i enden av vatnet.	Nøytralt
Jord- og skogbruk	Råker ikkje ved jord- eller skogbruksareal.	Ingen verknad	Positivt
Landskap	Klonesodden er eit landemerke ved Vågåvatnet. Området er ei gamal fylling.	Vil endre karakter og vil kunne bli eit nytt landemerke med annan karakter.	Nøytralt
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen kjente registreringar.	Ingen verknad	Nøytralt
Forureining, energi og klima	Ligg i stutt avstand til Vågåmo og er i tråd med <i>samordnet bustad-, areal- og transportplanlegging</i> . Utbygging så nære vassdrag er ikkje ønskjeleg.	Sett som premiss at det skal vere eit miljøhotell.	Nøytralt

Nærmiljø, friluftsliv og barn og unge	Strandsona har ein verdi med båt plassar, bade plassar og moglegheiter for fiske	Vil privatisere og urbanisere strandsona. Området vil miste kvaliteten som leike- og friluftsområde for ålmenta.	Negativt
Sosial infrastruktur	Ligg i stutt avstand til Vågåmo og det er etablert gang- og sykkelveg til området.	Ligg ikkje langt frå sentrum.	Nøytralt
Teknisk infrastruktur	Trafikal forhold og Byggegrunn er ei utfordring.	Tilgang til offentleg vatn- og avlaup. Krev infrastrukturutbygging for å sikre avkøyring og parkering.	Negativt
Samfunnstryggleik	Store delar av området er utsett for flaum ved ein 500 års flaum.	Må takst omsyn til dette ved bygging.	Negativt
Trafikktryggleik	Området har utfordrande åtkomst frå rv. 15. Ved utbygging må det etablerast planfri kryssing frå rv. 15. Det må etablerast trafikktrygg vegtilkomst for mjuke trafikantar.	Det er sett krav om planfri kryssing i føresegnene til arealdelen.	Nøytralt
Attraktivitet og bukvalitet	Kan truleg bli eit attraktivt hotell med nærleik til vassdraget og strandsona.	Kan vere positivt for heile Vågå at området blir bygd ut.	Nøytralt

Konklusjon:

Klonesodden fekk nye eigarar i 2014 og dei ønskjer at arealet blir vidareført i ny arealdel. Slik rådmannen ser det er det fleire faktorar som gjer at området er mindre godt eigna for utbygging, men det var ein omfattande prosess ved førre revidering av kommunedelplane for Vågåmo. Det var da motsegn til arealet og saka gjekk til miljøverndepartementet. Klonesodden har fått nye eigarar og dei ønskjer at området blir vidareført som næring med tanke på hotell.


Ved behandling i departementet vart det lagt vekt på at Vågåmo er omgitt av jordbruksareal, elver og bratt terreng slik at det er mykje areal rundt Vågåmo som er vanskeleg nyttbart som utbyggingsformål. Departementet meinte difor at det er viktig at Klonesodden kan utviklast som eit miljøvenleg hotellprosjekt.

Det vart også lagt stor vekt på at Klonesodden er ein gamal fylling og at området ligg såpass avskilt frå omkringingjande LNFR-område. Departementet meinte også at område på andre sidan av vatnet er betre eigna og lettare tilgjengeleg for folk som er busett i Vågåmo. Rådmannen støtter departementet i denne vurderinga og ettersom det har kome nye grunneigarar som ønskjer å bygge ut området er det viktig at arealet blir vidareført i ny arealdel. Det må etablerast planfri kryssing frå rv. 15 og sikrast trafikksikre løysingar for mjuke trafikantar når området blir bygd ut.

Store delar av området er utsett for flaum ved ein 500 års flaum. Det må takast omsyn til dette ved regulering av området. Ligg i stutt avstand til Vågåmo og det er god tilgang på sløkkevatn slik at risiko knytt til brann kan varetakast på ein god måte.

Området blir vidareført i ny arealdel.

N03: Skultbakken

Forslagsstillar:	Tor Magnar Brun	
Gnr./bnr.:	Gnr. 87 bnr. 7	
Dagens formål:	LNFR-område	
Foreslått formål:	Næring	
Arealstorleik:	7 daa	
Dyrka mark:	4,4 daa	
<u>Skildring av foreslått tiltak:</u>		
<p>Plassen Skultbakken skal utviklast som eit litteratur og kultursenter basert på Knut Hamsun. Det skal leggjast til rette for ymse aktivitetar som konsertar og matserving.</p> <p>Det er utarbeidd reguleringsplan for området som har vore ute til høyring, men planarbeidet har stoppa opp fordi området ligg innanfor rasområde for snøskred.</p>		

Vurdering av konsekvens ved endra bruk av areal:

Tema	Verdiskildring	Skildring og omfang	Vurdering av omfang
Naturmiljø og naturmangfald	I naturbase er det registrert eit område med naturbeitemark. Status som viktig pga. førekomst av smalfrøstjerne.	Tatt omsyn til dette i reguleringsplanforslaget. Ligg innanfor området regulert til LNFR i reg. plan forslaget.	Nøytralt
Jord- og skogbruk	Om lag 4,4 daa fulldyrka jord ligg innanfor området	Det vil ikkje vere mogleg å produsere på arealet, men det er eit marginalt jordbruksareal med minimal verdi.	Negativt
Landskap	Landskapet vil ikkje forandre seg mykje.	Liten verknad.	Positivt
Kulturminne og kulturmiljø	Kulturminneregistrering vart gjennomført i veke 46 i 2010.	Ingen verknad	Nøytralt
Forureining, energi og klima	Liten risiko for forureining.	Truleg ingen verknad-	Nøytralt
Nærmiljø, friluftsliv og barn og unge	Det er innanfor planområdet tilgang på naturområde som er eigna	Ikkje i konflikt med barn-og unge sine interesser.	Nøytralt

	for leik.		
Sosial infrastruktur	Ligg langs Fv. 51.	Skal bli eit litteratur og kultursenter.	Positivt
Teknisk infrastruktur	Det skal leggjast til rette for sanitære tilhøve med høg standard.	Jf. føresegner til reg.plan.	Nøytralt
Samfunnstryggleik	Ligg innanfor skredområde for snøskred.	Må faresonekartleggjast i reguleringsplanprosessen for området.	Negativt
Trafikktryggleik	Området har vegtilkomst frå fv. 51 som er godkjend.	Krev ikkje bygging av ny infrastruktur.	Positivt
Attraktivitet og bukvalitet	Kan bli eit populært stad dersom det får høve til å utvikle seg.	Kan vere positivt for heile Vågå kommune	Positivt

Konklusjon:

Det er positivt at plassen blir vareteken og at den blir utvikla med utgangspunkt i Knut Hamsun. Det er utarbeidd eit reguleringsplanforslag for området som har stoppa opp fordi reell fare for snøskred er ikkje tilfredsstillande greia ut. For å vareta omsynet til samfunnstryggleik vil ikkje reguleringsplanen bli godkjend før reell fare for snøskred er vurdert.


Om lag 4 daa dyrka mark ligg innanfor området. Reduksjon av omdisponering av dyrkajord er eit nasjonalt mål. I desember 2015 behandla Stortinget nasjonal jordvernstrategi og sette der eit mål om å redusere den årlege omdisponeringa av dyrka jord til under 4000 daa/år innan 2020. Dyrkajord på eigedommen vil bli lagt til næringsformål. Skal ein kunne ha utviklingsmoglegheiter på Skultbakken er dyrkajorda den best eigna og nærast den einaste moglegheita. Det er relativt bratt på andre delar av eigedommen. Omsynet til det kulturhistoriske og utvikling av plassen er difor viktigare enn jordvernet, spesielt ettersom det er så marginale jordbruksareal. Jordbruksareala har liten samfunnsøkonomisk verdi ettersom dei er så marginale og den kulturhistoriske verdien har større samfunnsøkonomisk gevinst. .

Det vil ved behandling av reguleringsplanen bli tatt omsyn til at det blir avsett ei buffersone mellom areal for næring og naturbeitemarka.

Arealet ligg innanfor aktsemdskartet for snøskred. Området må faresonekartleggjast ved utarbeiding av reguleringsplan. Arealet ligg i tilknytning om lag 15 km frå Vågåmo med relativt stutt innsatstid. Arealet ligg ikkje i tilknytning til mindre vassdrag. Ved regulering av området må det takast omsyn til krav til overvasshandtering. Dette er vareteken gjennom føresegnene til arealdelen §4.2 *Krav til overvasshandtering*.

Området blir lagt inn i arealdelen.

N04: Brustugu - nedre, Vågåmo

Forslagsstillar:	Vågå kommune	
Gnr./bnr.:	Gnr. 66 bnr. 11 og 1	
Dagens formål:	Erverv, Byggeområde	
Foreslått formål:	Næring	
Arealstorleik:	16 daa	
Dyrka mark:	6 daa	
Skildring av foreslått tiltak:		
<p>Arealet ligg som erverv i eksisterande kommunedelplan. Ønsker å vidareføre arealet som næring (hotell og turistinformasjon), evt. opplevingsbasert/kulturbasert næring.</p>		

Vurdering av konsekvens ved endra bruk av areal:

Tema	Verdiskildring	Skildring og omfang	Vurdering av omfang
Naturmiljø og naturmangfald	Inga kjente registreringar i området.	Regulering til næring vil truleg påverke naturverdiar og biologisk mangfald lite.	Nøytralt
Jord- og skogbruk	Stor verdi som dyrka mark.	Kan gje auka konfliktnivå mellom landbruk og andre interesser. Men området ligg så sentrumsnært at det allereie er påverka av utbygging.	Negativt
Landskap	Det dyrka arealet ned mot Vanglandet har stor verdi for landskapsbilete, men området er ikkje godt synleg frå vest ettersom det er så attgrodd etter Vågåvatnet.	Landskapet vil forandre seg, men det kan vere positivt ved at heile området ved Vanglandet blir meir tilrettelagd som turområde/friluftsområde i samband med at området blir bygd ut.	Nøytralt
Kulturminne og kulturmiljø	Inga kjende registreringar i området.	Truleg ingen verknad	Negativt
Forureining, energi og klima	Stutt veg til Vågåmo sentrum. Positivt med omsyn til <i>samordnet bustad-, areal- og transportplanlegging</i> .	Vil gje redusert transportbehov og det vil vere positivt for folkehelsa.	Positivt

Nærmiljø, friluftsliv og barn og unge	Ikkje registrert som leikeområde eller friluftsområde.	Ingen verknad.	Nøytralt
Sosial infrastruktur	Gangavstand til skule og sentrum. Ligg innanfor indre sentrumssone av Vågåmo.	Positivt for folkehelsa. Vil ikkje utløyse behov for ny infrastruktur.	Positivt
Teknisk infrastruktur	Tilgang til offentleg vatn- og avløp. Gangavstand til sentrum som bør vere trygg.	Vil ikkje utløyse behov for ny infrastruktur.	Positivt
Samfunnstryggleik	Delar av området ligg innanfor 200 og 500 års flomsone.	Må takast omsyn til dette ved regulering. Arealet må fyllast opp og det bør mellom anna vere kjellarfrie bygg.	Nøytralt
Trafikktryggleik	Det er gang- og sykkelveg til sentrum og skule.	Utbygging vil bidra til at eksisterande gang- og sykkelveg blir meir nytta.	Positivt
Attraktivitet og bukvalitet	Ligg sentrumsnært, men også med stutt veg til turstigar og Vågåvatnet.	Godt egna for opplevingsbasert/kulturbasert næring ettersom det ligg langs rv. 15-	Positivt


Konklusjon

Ut frå omsynet til jordvernet og *Meld. St. 9 (2011-2012), Landbruks- og matpolitikken* som vart vedtatt i Stortinget 12. april 2012, bør området takast ut. Jordvernmålet er også presisert i *Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging (2011)*. Omsynet til jordvernet må stå sentralt i all planlegging dersom målet om å redusere talet på omdisponeringar skal bli nådd. Dyrka og dyrkbar jord er ein grunnleggjande ressurs for å sikre matforsyninga på kort og lang sikt, og den er ein viktig del av kulturlandskapet. Samfunnsnyttan med å etablere næring på arealet er vurdert til å vere høgare enn nytta med å bevare arealet som jordbruksareal. Historikken i saka viser dette. Gjeldande kommunedelplan for Vågåmo som vart godkjend i MD i 2009. Det var da presisert viktigheita av å få utvikla eit «sterkt kryss» og det var hevda at det var samfunnsmessige store verdiar knytt til å få utvikla området, slik at omsynet til jordvern og kulturlandskap var underordna utbyggingsinteressene. Ut frå historikken i saka syns rådmannen det er vanskeleg å tilrå ei attendeføring til jordbruk.

Delar av området ligg innanfor 200 og 500 års flomsone. Må takast omsyn til dette ved regulering. Arealet må fyllast opp. Arealet ligg sentrumsnært med stutt avstand til brannstasjon og det er god tilgang på sløkkevatn. Arealet er flatt og ligg ikkje innanfor aktsemdskart for ras og skred. Arealet ligg ikkje i tilknytning til mindre vassdrag. Ved regulering av området må det takast omsyn til krav til overvasshandtering. Dette er vareteken gjennom føresegnene til arealdelen §4.2 *Krav til overvasshandtering*.

Arealet blir vidareført som næring som skal nyttast til hotell og turistinformasjon.

FO/N02: Lemonsjøen

Forslagsstillar:	Vågå kommune	
Gnr./bnr.:	Gnr. 187 bnr. 1	
Dagens formål:	Byggeområde, erverv	
Foreslått formål:	Forretning og næring	
Arealstorleik:	188 daa	
Dyrka mark:	0 daa	
Skildring av foreslått tiltak:		
<p>Ønskjer å vidareføre område for Byggeområde, erverv frå gjeldande kommunedelplan</p>		

Vurdering av konsekvens ved endra bruk av areal:

Tema	Verdiskildring	Skildring og omfang	Vurdering av omfang
Naturmiljø og naturmangfald	I nordvestre del av planområdet er det registrert funn av raudlista planteartar, bakkesøte og småsøte, som har status NT.	Ved utarbeiding av reguleringsplan må området kartleggjast nærare med omsyn til desse registreringane.	Negativt
Jord- og skogbruk	Forslått område ligg i tilknytning til eksisterande område som er regulert.	Liten verknad for landbruket, med unntak av beiteinteresser.	Nøytralt
Landskap	Det er etablert fleire store hyttefelt i området og ei bygging vil fungere som ei fortetting/utviding.	Liten verknad for landskapet viss det blir lagt vekt på god byggeskikk som harmonerer med omgjevnaden.	Nøytralt
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen kjente registreringar.	Ingen verknad	Nøytralt


Forureining, energi og klima	Ligg i eit satsingsområde der det er etablert offentleg vatn- og avløp. Ei utviding av området er også i tråd med <i>samordnet bustad-, areal- og transportplanlegging</i> .	Ingen verknad	Positivt
Nærmiljø, friluftsliv og barn og unge	Ikkje registrert som eit viktig leikeområde eller mykje nytta til friluftsliv.	Det er mykje tilgjengeleg urørt areal på Lemonsjøen som kan nyttast til friluftsliv.	Nøytralt
Sosial infrastruktur	Stutt veg til etablerte skiløyper og utforanlegg.	I tråd med <i>Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal og transportplanlegging</i> .	Positivt
Teknisk infrastruktur	Tilgang til offentleg vatn- og avløp.	Krev ikkje utbygging.	Positivt
Samfunnstryggleik	Ligg ikkje innanfor rasutsett område.	Ingen verknad	Nøytralt
Trafikktryggleik	Området har tilgang til eksisterande veg som går i området. Det er planlagt ny gang- og sykkelveg frå Lemonsjøen alpin til Skardå camping	Krev ny bygging av gang- og sykkelveg.	Nøytralt
Attraktivitet og bukvalitet	Truleg ein sentral plass å plassere slik verksemd på Lemonsjøen	Viktig å ha tilgang til areal som er avsett til næring/forretning, sjølv om det ikkje ligg føre nokre konkrete planar for arealbruken no.	Positivt

Konklusjon:

Lemonsjøen er eit satsingsområde og ein hyttedestinasjon i Vågå kommune. Det er viktig at det blir lagt til rette for ei utviding innanfor området. Ettersom det er lagt opp til ein utviding av område til fritidsbustader, er det viktig at det tilgang til areal for forretning og næring innanfor området. Arealet er ei vidareføring frå gjeldande kommunedelplan.

Det er registrert funn av raudlista planteartar som har status NT innanfor området. Det må ved utarbeiding av reguleringsplan for området kartleggjast nærare kva for verknad ei utbygging vil ha for desse og om det kan vere andre raudlista artar innanfor området. Det er ingen kjent risiko knytt til samfunnstryggleik. Arealet ligg om lag 30 km frå Vågåmo og brannstasjon og tilgang til sløkkevatn må sikrast i samband med regulering av området. **Området blir tatt med i arealdelen.**

F01: Slombhaugen, Leomsjøen

Forslagsstillar:	Statskog	
Gnr./bnr.:	Gnr. 187 bnr. 1	
Dagens formål:	LNFR-område og Byggeområde fritidsbustader	
Foreslått formål:	Fritidsbustader	
Arealstorleik:	238 daa	
Dyrka mark:	0 daa	
Skildring av foreslått tiltak: Ønskjer å leggje til rette utviding og fortetting av fritidsbustader på Lemonsjøen.		

Vurdering av konsekvens ved endra bruk av areal:

Tema	Verdiskildring	Skildring og omfang	Vurdering av omfang
Naturmiljø og naturmangfald	Inga kjente registreringar i området.	Regulering til fritidsbustader vil truleg påverke naturverdiar og biologisk mangfald lite. Kunnskapsgrunnlaget er vurdert til å vere godt nok.	Nøytralt
Jord- og skogbruk	Forslått område ligg i tilknytning til eksisterande område som er regulert. Eit viktig skogsområde for Langmorkje allmenning og beiteområde.	Utbygging gjer at arealet ikkje kan nyttast til skogsdrift og er mindre godt egna for beiting. Auka konfliktnivå mellom landbruk og andre interesser.	Negativt
Landskap	Det er etablert fleire store hyttefelt i området og ei utviding vil i praksis fungere som ei fortetting.	Liten verknad for landskapet.	Nøytralt
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen kjente registreringar.	Ingen verknad	Nøytralt

Forureining, energi og klima	Ligg i eit satsingsområde der det er etablert offentleg vatn- og avløp. Ei utviding av området er også i tråd med nasjonal areal- og transportplanlegging.	Ingen verknad	Positivt
Nærmiljø, friluftsliv og barn og unge	Eit areal som ikkje er mykje nytta.	Kan takast omsyn til etablering av nye skiløypenett innanfor området ved regulering.	Nøytralt
Sosial infrastruktur	Stutt veg til etablerte skiløyper og utforanlegg.	I tråd med <i>Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal og transportplanlegging.</i>	Positivt
Teknisk infrastruktur	Tilgang til offentleg vatn- og avløp.	Krev ikkje bygging av ny infrastruktur.	Positivt
Samfunnstryggleik	Ligg ikkje innanfor rasutsett område. Einskilde mindre areal innanfor området er brattare enn 1:4.	Det er lite areal som er brattare enn 1:4 og det bør i reguleringsplanprosessen vere mogleg å ta omsyn til desse område.	Nøytralt
Trafikktryggleik	Området har tilgang til eksisterande veg som går i området. Det er planlagt ny gang- og sykkelveg frå Lemonsjøen alpin til Skardå camping	Krev ny bygging av gang- og sykkelveg og interne vegar.	Nøytralt
Attraktivitet og bukvalitet	Truleg attraktive tomter. Det har vore bygd flest hytter innanfor Lemonsjøområdet dei siste åra.	Vil kunne bidra til å styrke Lemonsjøen som hyttedestinasjon.	Positivt

Konklusjon:

Lemonsjøen er eit satsingsområde og ein hyttedestinasjon i Vågå kommune. Det er viktig at det blir lagt til rette for ei utviding innanfor området. Det er etablert fleire store hyttefelt innanfor området og det er god kapasitet innanfor området. Det er 22 ubygde tomter innanfor Lemonsjøen hyttefelt og 90 ubygde tomter innanfor Lemonsjøen fjellpark I og II. Sjølv om det er mange ledige tomter er dette også det området der det blir bygd flest hytter i året. Det har i snitt vore bygd 16 hytter i året dei siste 8 åra. Det vil si at det er ein tomtereserve for om lag 8 år dersom det ikkje blir lagt ut nye utbyggingsområde.


Det er få tema som kjem fram som negative i konsekvensutgreiinga innanfor dette området. Det er berre mindre einskilde område som er brattare enn 1:4, og det bør vere mogleg å ta omsyn til desse område ved utarbeiding av reguleringsplan for arealet. Området blir nytta som beite for beitelaget, men ifølgje beitekartlegging utført av Yngve Rekdal har området marginale beitekvalitetar. Det vil likevel vere konfliktfylt å blande beiteinteresser med fritidsinteresser, men dette kan løysast ved

utarbeiding av reguleringsplan. Arealet er skogsmark og ved 1. gongs høyring av arealdelen har Langmorkje allmenning vist til dei viktige skogressursane innanfor området. Rådmannen har forståing for at Langmorkje ønskjer å ta vare på skogressursen, men næringsutvikling i form av bygging av fritidsbustader skaper ei mykje større verdiskaping enn det skogsdrift gjer. Lemonsjøen er også eit satsingsområde slik at det må påreknast at området vil ekspandere over tid og da må skogen vike.

Det er ingen kjent risiko knytt til samfunnstryggleik. Arealet ligg om lag 30 km frå Vågåmo og brannstasjon. Tilgang til sløkkevatn må sikrast i samband med regulering av området.

Området blir tatt med i arealdelen.

F02: Ormeholet (Storviksmorkje)

Forslagsstillar:	Pål Sve Bjørndal	
Gnr./bnr.:	Gnr. 0 bnr. 0	
Dagens formål:	LNFR-område	
Foreslått formål:	Fritidsbustader	
Arealstorleik:	38 daa	
Dyrka mark:	0 daa	
<u>Skildring av foreslått tiltak:</u> Ønskjer å leggje til rette for om lag 15–20 fritidsbustader. Arealet består av fjellbjørkeskog og ligg om lag 925 moh. Vegtilkomst frå eksisterande veg som må forlengast. Arealet ligg i eit området Svarttjønn / Vianvang / Bjønnskardet der det allereie eksisterer ein god del hyttebusetnad.		

Vurdering av konsekvens ved endra bruk av areal:

Tema	Verdiskildring	Skildring og omfang	Vurdering av omfang
Naturmiljø og naturmangfald	Inga kjente registreringar i området når det gjeld artar og naturkvalitetar. Søre del av området går i retning eit større samanhengande naturområde rundt Kvitingskjølen.	Regulering til fritidsbustader vil truleg påverke naturverdiar og biologisk mangfald lite. Kunnskapsgrunnlaget er vurdert til å vere godt nok.	Negativt
Jord- og skogbruk	Arealet ligg i eit beiteområde.	Kan gi auka konfliktnivå mellom landbruk og friluftinteressar.	Negativt
Landskap	Arealet ligg under tregrensa og det er etablert fleire hyttefelt i området.	Lite truleg at det vil ha negativ verknad på landskapet.	Nøytralt

	Arealet er flatt.		
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen kjente registreringar	Ingen verknad	Nøytralt
Forureining, energi og klima	Ligg i eit område der det er etablert fleire mindre hyttefelt.	Storviksmorkje er eit satsingsområde der det er ønskje om vidare utvikling av fritidsbustader.	Nøytralt
Nærmiljø, friluftsliv og barn og unge	Ikkje registrert som leikeområde eller friluftsområde.	Ingen verknad.	Positivt
Sosial infrastruktur	Ligg i eit område der det er ønskje om vidare utvikling av fritidsbustader.	Ei utbygging kan virke positivt for heile området og gjere det meir attraktivt.	Positivt
Teknisk infrastruktur	Ikkje tilgang til offentleg vatn- og avløp.	Må løysast med separate løysningar.	Negativt
Samfunnstryggleik	Ligg ikkje innanfor skredutsett område, men nordre del av området er bratt	Det brattaste området er truleg ikkje egna for utbygging.	Nøytralt
Trafikktryggleik	Området har tilgang til eksisterande veg som går i området. Det er ikkje gang- og sykkelveg.	Mogleg å få til vegtilkomst og det er ikkje pårekeleg at det vil vere eit stort behov for gang- og sykkelveg.	Nøytralt
Attraktivitet og bukvalitet	Det er mykje ledige tomter i området.	Det kan tyde på at området ikkje er særleg attraktivt.	Nøytralt

Konklusjon:

Arealet grenser inntil B6 Ormeholdet i kommunedelplan for Storviksmorkje. Området er regulert for 8 tomter og det er 5 ubygde tomter innanfor området. Lengre mot aust er det starte opp reguleringsplanarbeid for Tesseosen-Bjønnskardet som opnar for om lag 30 hyttetomter. Lengre mot vest er det 25 ledige tomter innanfor detaljreguleringsplan for Svarttjønn. Det er dermed god kapasitet på ledig tomter i området. Ettersom det er så god tilgang på tomter i området er det tvilsamt om det er behov for å leggje ut nye utbyggingsområdet i den delen av kommunen. Området Storviksmorkje er eit av satsingsområda der det framleis er ønskje om vidare hytteutvikling, men det er ikkje den mest attraktive fritidsdestinasjonen i kommunen.

Søre del av området går i retning eit større samanhengande naturområde rundt Kviting skjølen, og vil påverke grense for INON (inngrepsfrie område) her. Nordre del av planområdet er bratt og truleg ikkje egna for utbygging. Ettersom det er ledig ein så stor planreserve i området vil rådmannen tilrå at området blir tatt ut. Kommunen bør heller vidareføre nye område i andre delar av kommunen der attraktiviteten er større.

Området blir tatt med.

F03: Grasdokken

Forslagsstillar:	Anne og Erik Wendt	
Gnr./bnr.:	Gnr. 154 bnr. 13	
Dagens formål:	LNFR-område	
Foreslått formål:	Fritidsbustader	
Arealstorleik:	64 daa	
Dyrka mark:	0 daa	
Skildring av foreslått tiltak: Ønskjer å leggje til rette for fritidsbustader. Området består av glissen skogsmark og grensar til Stutarhagen hyttefelt. Det er vegtilkomst til området.		

Vurdering av konsekvens ved endra bruk av areal:

Tema	Verdiskildring	Skildring og omfang	Vurdering av omfang
Naturmiljø og naturmangfald	Det er inga kjente registreringar innanfor området.	Regulering til fritidsbustader vil truleg påverke naturverdiar og biologisk mangfald lite. Kunnskapsgrunnlaget er vurdert til å vere godt nok.	Nøytralt
Jord- og skogbruk	Delar av arealet er skogsmark som brukast som utmarksbeite	Kan gje auka konfliktnivå mellom landbruk og friluftsiinteresser, men arealet ligg utanfor omsynssone for Heimfjellet der det skal takast ekstra omsyn til beiteinteresser.	Negativt
Landskap	Arealet er prega av seterlykkjer og spreidd hyttebusetnad. Området grensar til Stutarhagen hyttefelt.	Liten verknad for landskapet. Arealet grensar til eksisterande reguleringsplan.	Nøytralt
Kulturminne og	Ingen kjente registreringar	Ingen verknad	Nøytralt

kulturmiljø			
Forureining, energi og klima	Areala ligg i eit etablert friluftsområde med mykje fritidsbustader.	Melingen-området er eit satsingsområde der det er ønskje om vidare utvikling av fritidsbustader.	Nøytralt
Nærmiljø, friluftsliv og barn og unge	Ikkje registrert som leikeområde eller friluftsområde.	Ingen verknad	Nøytralt
Sosial infrastruktur	Ligg i tilknytning til eksisterande område for fritidsbustader.	Ei utbygging kan virke positivt for heile området og gjere det meir attraktivt.	Positivt
Teknisk infrastruktur	Ikkje tilgang til offentleg vatn- og avløp	Må løysast med separate løysningar.	Negativt
Samfunnstryggleik	Ligg ikkje innanfor rasutsett område	Ingen verknad	Nøytralt
Trafikktryggleik	Området har tilgang til eksisterande veg som går i området. Det er ikkje gang- og sykkelveg.	Mogleg å få til vegtilkomst og det er ikkje pårekeleg at det vil vere eit stort behov for gang- og sykkelveg.	Nøytralt
Attraktivitet og bukvalitet	Solrike tomter som ligg i dalsida.	Truleg attraktive tomter.	Positivt


Konklusjon:

Innanfor Melingen området er det mykje eksisterande fritidsbustader og området bør framleis vere eit satsingsområde i Vågå. Det er 19 ubygde tomter innanfor reguleringsplanen for Stutarhaugen og slik sett så er det ledig kapasitet i området. Arealet grensar inntil Stutarhaugen hytteområde og arealet er derfor godt egne for framtidig hyttebustader. Det er få tema som kjem fram som negative i konsekvensutgreiinga og dette talar for at området bør takast med vidare.

Det er ingen kjent risiko knytt til samfunnstryggleik. Arealet ligg om lag 30 km frå Vågåmo og brannstasjon og tilgang til sløkkevatn må sikrast i samband med regulering av området.

Området blir lagt inn i arealdelen.

F04: Reiregrende

Forslagsstillar:	Kari Sveen og Kjell Volden	
Gnr./bnr.:	Gnr. 156 bnr. 3	
Dagens formål:	LNFR-område	
Foreslått formål:	Fritidsbustader	
Arealstorleik:	6 daa	
Dyrka mark:	1 daa	
Skildring av foreslått tiltak: Ønskjer å leggje til rette 3 til 4 hytter. Eigedomen ligg på grensa til Sel kommune og er bygd med ei seterstugu og eit enkelt uthus. Området er prega av noko attgroing. Vegtilkomst frå Bringsvegen.		

Vurdering av konsekvens ved endra bruk av areal:

Tema	Verdiskildring	Skildring og omfang	Vurdering av omfang
Naturmiljø og naturmangfald	Inga kjente registreringar i området.	Truleg ingen verknad. Er ei lita utbygging. Kunnskapsgrunnlaget er vurdert til å vere godt nok.	Nøytralt
Jord- og skogbruk	Ei gamal seterlykkje som er under attgroing.	Ingen verknad for landbruk ettersom lykkja er under attgroing. Positivt at slike område fortettast.	Nøytralt
Landskap	Ligg i eit område med mykje spreidd fritidsbustader	Ingen verknad	Nøytralt
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen kjende registreringar.	Ingen verknad	Nøytralt
Forureining, energi og klima	Området ligg i tilknytning til eksisterande hytteområde.	I tråd med <i>samordna bustad-, areal- og transportplanlegging</i>	Positivt
Nærmiljø, friluftsliv og barn og unge	Ikkje registrert som leikeområde eller friluftsområde.	Ingen verknad	Nøytralt

Sosial infrastruktur	Ligg i tilknytning til eksisterande område for fritidsbustader.		Nøytralt
Teknisk infrastruktur	Ikkje tilgang til offentleg vatn- eller avløp.	Det er berre snakk om 4 tomter og det bør kunne løysast med infiltrasjon i grunn.	Nøytralt
Samfunnstryggleik	Ligg ikkje innanfor raseutsett område	Ingen verknad	Nøytralt
Trafikktryggleik	Området har tilgang til eksisterande veg som går i området. Det er ikkje gang- og sykkelveg.	Mogleg å få til vegtilkomst og det er ikkje pårekeleg at det vil vere eit stort behov for gang- og sykkelveg.	Nøytralt
Attraktivitet og bukvalitet	Ligg i eit område der det er mange spreidde fritidsbustader	Truleg attraktive tomter.	Positivt

Konklusjon:

Området ligg i eit område der det er mykje fritidsbustad i Vågå og ei utbygging vil vere i tråd med ønskje om å støtte opp under eksisterande område for fritidsbustader. Det er ingen tema som kjem fram som negative i konsekvensutgreinga og det er eit lite areal som blir råka av bygging. Dette talar for at området kan takast med vidare.

Det er ingen kjent risiko knytt til samfunnstryggleik. Arealet ligg om lag 30 km frå Vågåmo og brannstasjon. Det er ei mindre utbygging slik at tilgang til brannvatn er vareteken.


Området blir tatt med vidare.

F05: Fjellsida

Forslagsstillar:	Kjetil Villa
Gnr./bnr.:	Gnr. 187 bnr. 1
Dagens formål:	Byggeområde for idrettsanlegg.
Foreslått formål:	Fritidsbustader
Arealstorleik:	75 daa
Dyrka mark:	0 daa

Skildring av foreslått tiltak:

Ønskjer å leggje til rette utviding av fritidsbustader på Lemonsjøen.



Vurdering av konsekvens ved endra bruk av areal:

Tema	Verdiskildring	Skildring og omfang	Vurdering av omfang
Naturmiljø og naturmangfald	Inga kjente registreringar i området.	Regulering til fritidsbustader vil truleg påverke naturverdiar og biologisk mangfald lite. Vurdert til at det ikkje er behov for ytterlegare kartleggingar.	Nøytralt
Jord- og skogbruk	Forslått område ligg i tilknytning til eksisterande skitrekk. Ligg innanfor kjerneområde for beiting av sau.	Utbygging kan gje auka konfliktnivå mellom landbruksinteresse og fritidsinteresse. Arealet kan ikkje nyttast til skogsdrift etter regulering.	Negativt
Landskap	Det er etablert fleire store hyttefelt i området og ei utviding vil i praksis	Truleg liten verknad for landskapet. Det er i reg.plan forslaget	Nøytralt

	fungere som ei fortetting av Lemonsjøen.	utarbeidd hellingskart, men ikkje utført nokon landskapsanalyse.	
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen kjente registreringar.	Ingen verknad	Nøytralt
Forureining, energi og klima	Ligg i eit satsingsområde der det er etablert offentleg vatn- og avløp. Ei utviding av området er også i tråd med nasjonal areal- og transportplanlegging.	Liten verknad. Ligg innanfor satsingsområde der det er ønskje om vidare utvikling.	Positivt
Nærmiljø, friluftsliv og barn og unge	Fine moglegheiter for ski inn og ski ut.	Er tatt omsyn til dette i forslag til reg.plan.	Nøytralt
Sosial infrastruktur	Stutt veg til etablerte skiløyper og utforanlegg.	I tråd med <i>Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal og transportplanlegging.</i>	Positivt
Teknisk infrastruktur	Tilgang til offentleg vatn- og avløp.	Krev ikkje bygging av ny infrastruktur.	Positivt
Samfunnstryggleik	Delar av arealet ligg innanfor rasutsett område., jord- og flomskred og snøskred. Delar av arealet er bratt.	Området må faresonekartleggjast ved utarbeiding av reguleringsplan.	Negativt
Trafikktryggleik	Området har tilgang til eksisterande veg som går i området. Det er planlagt ny gang- og sykkelveg frå Lemonsjøen alpin til Skardå camping	Krev ny bygging av gang- og sykkelveg og interne vegar.	Nøytralt
Attraktivitet og bukvalitet	Truleg attraktive tomter. Det har vore bygd flest hytter innanfor Lemonsjøområdet dei siste åra.	Kan bidra til å styrke Lemonsjøen som ein hyttestedestinasjon.	Positivt

Konklusjon:

Lemonsjøen er eit satsingsområde og ein hyttestedestinasjon i Vågå kommune. Det er viktig at det blir lagt til rette for ei utviding innanfor området. Det vart i 2012 utarbeidd ein reguleringsplan for området som var ute til fyrste gongs offentleg ettersyn. Prosessen med reguleringsplanarbeidet har stoppa opp fordi delar av området er omfatta av aktsemdskartet for snøskred. Store delar av arealet ligg også innanfor aktsemdsområde for jord- og flomskred. Området må faresonekartleggjast i samband med reguleringsplanprosessen. Delar av arealet er bratt, men i samband med reguleringsplanarbeidet vart det utarbeidd hellingskart som syner at det er mogleg å etablere fritidsbustader innanfor området utan at tomtene blir plassert i terreng brattare enn 1:4.


I samband med reguleringsplanarbeidet, vart det peika på frå regionale styresmakter at det burde ha vore ei grundigare omtale av konsekvensane for alpinsenteret, at eit stort areal inntil bakken får

endra arealføremål. Det er drivar av skianlegget som også er forslagsstillar, slik at det er ikkje motstridane interesser mellom etablering av fritidsbustader og vidare drift av skitrekket. Etablering av fritidsbustader på arealet vil gjere at skitrekket blir meir brukt, da ski inn og ski ut vil vere eit viktig trekkplaster. Skitrekket har over tid etablert seg meir mot vest der det er fleire utfartsløyper. Det vil difor ikkje vere i konflikt med skisenteret at det blir etablert fritidshytter på arealet.

Arealet ligg om lag 30 km frå Vågåmo og brannstasjon og tilgang til sløkkevatn må sikrast i samband med regulering av området.

Området blir tatt med vidare.

F08: Veidarheim

Forslagsstillar:	Inge Hagen og Gry Haugseth	
Gnr./bnr.:	Gnr. 154 bnr. 35	
Dagens formål:	LNFR-område	
Foreslått formål:	Fritidsbustader	
Arealstorleik:	2 daa	
Dyrka mark:	0 daa	
Skildring av foreslått tiltak:	<p>Eigedomen er ein fritidseigedom på 2 daa som ligg ved Melingen. Grunneigar ønskjer å leggje til rette for at eigedom gnr. 154 bnr. 35 kan delast, slik at det kan byggjast to fritidsbustader i staden for ein.</p>	

Vurdering av konsekvens ved endra bruk av areal:

Tema	Verdiskildring	Skildring og omfang	Vurdering av omfang
Naturmiljø og naturmangfald	Ingen interesser i området.	Ingen verknad	Nøytralt
Jord- og skogbruk	Ingen beiteinteresser i området.	Ingen verknad	Nøytralt
Landskap	Det ligg fleire eksisterande hytter i området.	Truleg ingen verknad. Det er berre snakk om utnytte areal litt betre med å legge til rette for to fritidsbustader i staden for ein.	Nøytralt
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen kjende registreringar	Ingen verkand	Nøytralt
Forureining, energi og klima	Området ligg i tilknytning til fleire eksisterande hytteområde.	I tråd med <i>samordna bustad-, areal- og transportplanlegging</i>	Nøytralt
Nærmiljø, friluftsliv og barn og unge	Ikkje registrert som leikeområde eller friluftsområde.	Ingen verknad	Nøytralt
Sosial infrastruktur	Ligg i tilknytning til eksisterande hyttefelt.	Mogleg å få til vegtilkomst til området.	Nøytralt
Teknisk	Ikkje tilgang til offentleg	Det er berre snakk om	Nøytralt

infrastruktur	vatn- og avløpsanlegg.	to tomter, bør kunne løysast lokalt. Det skal først opp lågstandard hytter innanfor området.	
Samfunnstryggleik	Ligg ikkje innanfor rasutsett område.	Vil truleg ikkje påverke samfunnstryggleiken.	Nøytralt
Trafikktryggleik	Området har tilgang til eksisterande veg som går i området. Det er ikkje gang- og sykkelveg	Mogleg å få til vegtilkomst og det er ikkje pårekeleg at det vil vere eit stort behov for gang- og sykkelveg.	Nøytralt
Attraktivitet og bukvalitet	Ligg i eit område der det er mange spreidde fritidsbustader.	Truleg attraktive tomter	Positivt

Konklusjon:


Det er fleire frittliggjande hytter i dette området nær Melingen som ligg innanfor LNFR-område. Området er prega av eldre fritidsbusetnad og arealbruken står fram som noko tilfeldig. Den aktuelle tomta er romsleg og ligg i eit område med eksisterande fritidsbusetnad. Rett aust for eigedommen er det eit areal fulldyrka mark (Bakkesæter, gbnr 154/8). Det er elles skog av lågbonitet i området. Tomta er i dag ei fritidstomt, og ligg utanfor aktsemdsområde for skred og ikkje utsett i forhold til sidevassdrag. Det er inga kjende kulturminne eller førekomst av prioriterte naturtypar eller sårbare artar på arealet, og ein kan ikkje sjå at omsøkt deling har konsekvensar for naturmangfaldet, jf. naturmangfaldlova §§ 8–12.

Den aktuelle tomta har slik arrondering og kvalitet at eigedommen er eigna for deling. Deling av hyttetomta vil innebere fortetting av eit eksisterande område med fleire fritidsbustader. Fortetting er positivt ut frå tanken om ei betre arealutnytting, kan i noko høve vere konfliktfylt fordi naboeigedomar ikkje ønskjer fleire hytter i eit område. Det vart i 2013 gjeve dispensasjon til å dele den aktuelle tomta som da var på 3 daa til to tomter på 1 og 2 daa. Det er tomta på 2 daa som no ønskjast delt på nytt. I 2013 vart alle naboar høyrde og det var ingen innvendingar til delinga.

Ettersom tomta er på 2 daa og har ein slik arrondering og kvalitet som er egna for deling, så bør det ligge til rette for at tomta blir delt i to utan at det blir stilt krav om reguleringsplan. Ein reguleringsplanprosess vil ikkje vere nødvendig for å sikre god plassering av tomter og vegtilkomst.

Arealet blir lagt inn som område for to fritidsbustader.

F09: Jetta

Forslagsstillar:	Grunneigarar	
Gnr./bnr.:	Gnr. 22 bnr. 2 Gnr 20 bnr. 1 gnr. 18 bnr. 1	
Dagens formål:	LNFR-område	
Foreslått formål:	Fritidsbustader	
Arealstorleik:	210 daa	
Dyrka mark:	0 daa	
<u>Skildring av foreslått tiltak:</u> Området ligg nord for Vågåmo langs Blåhøvegen. Ønskjer å leggje til rette for sentrumsnære fritidsbustader Området har vegtilkomst frå Blåhøvegen. Det er tenkt om lag 70 fritidsbustader innanfor området.		

Vurdering av konsekvens ved endra bruk av areal:

Tema	Verdiskildring	Skildring og omfang	Vurdering av omfang
Naturmiljø og naturmangfald	Ein mindre del av området er i naturbase registrert som beiteområde for villrein. Området er eit viktig leveområde for rype.	Ligg innanfor sone c, fjell og fjordbygder i den regionale planen for Ottadalsområdet. Vil redusere leveområde og jaktområde for rype.	Nøytralt
Jord- og skogbruk	Området er eit viktig beiteområdet. Arealet er uproduktivt og registrert som vernskog	Økt konfliktnivå mellom landbruk og friluftinteresser. Ettersom arealet er vernskog må det søkjast før det blir hogd.	Negativt
Landskap	Området ligg under tregrensa, men det er	Må utarbeidast ein landskapsanalyse på	Nøytralt

	ingen eksisterande fritidsbustader i området slik at det er vanskeleg å vurdere landskapsverknad.	reguleringsplannivå.	
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ingen kjende registreringar av kulturminne innanfor området	Truleg ingen verknad.	Nøytralt
Forureining, energi og klima	Ligg ikkje i tilknytning til eksisterande hytteområde, men ligg sentrumsnært til Vågåmo.	Vil bli ein satellitt i eit urørt område, men det er stutt avstand til Vågåmo.	Nøytralt
Nærmiljø, friluftsliv og barn og unge	Er eit mindre nytta nærfriluftsområde enn andre område som har vore vurdert i nærleiken.	Ei utbygging av området vil privatisere området og gjere det mindre attraktivt som friluftsområde eller det kan bidra til auka infrastrukturutbygging slik at det blir lettare tilgjengeleg for fastbuande som nyttar området.	Nøytralt
Sosial infrastruktur	Ligg ikkje i tilknytning til eksisterande fritidsbustader.	Området vil stå fram som ein satellitt i eit urørt området.	Negativt
Teknisk infrastruktur	Ikkje tilgang til offentleg vatn- og avløp. Vegtilkomst frå Blåhøvegen.	Krev infrastrukturutbygging.	Nøytralt
Samfunnstryggleik	Ligg ikkje innanfor skredutsett området. Det renn fleire bekker i området.	Det må takast omsyn til bekkane ved ei eventuell regulering.	Nøytralt
Attraktivitet og bukvalitet	Kan vere attraktive tomter for dei som ønskjer sentrumsnære fritidsbustader.	Kan bidra til å styrke Vågåmo sentrum ettersom dei ligg så nære sentrum.	Positivt

Konklusjon:

Området ligg i eit urørt område der det er ingen eksisterande hyttebustad frå før. Området ligg nedanfor tregrensa slik at ei utbygging vil ikkje vere så eksponert som tidlegare forslag som har vore vurdert i det same området. Det bør heller ikkje opnast for større nye hyttefelt innanfor område som er urørt for slik aktivitet. Det er ingen eksisterande fritidsbustader i området og arealet vil stå fram som ein satellitt. Nye utbyggingsområde for fritidsbustader bør støtte opp under eksisterande hytteområde.

Jetta-området er definert som vinterbeite i NINA-kartlegginga og naturbase. Men det er ifølgje NINA-rapport 643 ikkje observert rein her i nyare tid. Vedlegg med kartplott frå teljingar og data frå «Sett Rein» viseringer registreringar i tida etter 1955, men det skal vere observert rein her på 1970-talet. Det aktuelle området ligg innanfor sone c, fjell og fjordbygder, i den regionale planen for

Ottadalsområdet som er vedtatt. Ei bygging vil difor ikkje vere i konflikt med den regionale planen. Store delar av området ligg utanfor sona som er registrert som viktig vinterbeiteområde.

Vågå kommune bør byggje opp under allereie etablerte hytteområde. Det er store areal avsett til slike område i kommunen og det er spelt inn fleire område i kommuneplanprosessen. Det bør difor prioriterast å støtte opp under allereie etablerte hytteområde. Nye felt for hyttebusetnad bør leggjast i allereie etablerte hytteområde.

Dersom det skal opnast for fritidsbustader ved Jetta må dette vurderast i ein heiltalig plan for bygging av fritidsbustader i kommunen. Når det skal etablerast fritidsbustader i eit urørt området er det spesielt viktig at ein får vurdert heile området samla. Dersom det skal opnast for fritidsbustader på Jetta så bør kommunen sjå heile området samla og finne eit areal som har minst mogleg konfliktnivå når det gjeld beiteområde, viltområde, landskapsverknad med vidare. Når dette er på plass vil ein ha eit betre kunnskapsgrunnlag til å velje ut eit område som skapar vekst og glede for heile kommunen.

Området er lagt inn etter politisk ønskje.

Samla vurdering av fritidsbustader i Indre Sjødalen og heile Vågå

I løpet av dei siste 11 åra har det vore bygd 175 hytter i heile Vågå. Nedanfor der det lista opp ein oversikt over nye område som er vurdert tatt med.

F01: Slombhaugen	238 daa	80 hytter
F02: Ormeholdet	38 daa	15 hytter
F03: Grasdokken, gnr. 154 bnr. 13	64 daa	30 hytter
F04: Reiregrende	5 daa	4 hytter
F05: Fjellsida	75 daa	56 hytter
F08 Veidarheim	2 daa	2 hytter
F09 Jetta	210 daa	70 hytter
<u>Sum</u>	<u>632 daa</u>	<u>257 hytter</u>

Innanfor Lemonsjøen er det ledig om lag 110 fritidstomter per i dag. Innanfor Sjødalen fjellgrend er det ledig om lag 80 fritidstomter. I heile Vågå er det totalt ca. 300 ledige tomter. Dersom ein legg til 257 tomter, som det er foreslått lagt inn i ny arealdel, vil det vere ein samla tomtereserve på om lag 540 hytter. Noko som gir ein tomtereserve for 25 år dersom det blir bygd ca. 20 fritidsbustader i året. Dette viser at Vågå kommune har tatt omsynet til motsegna frå regionale styresmakter om å få ein meir realistisk hyttereserve. Rådmannen meiner at det ikkje bør opnast for fleire tomter før kommunen har fått ein heilhetleg strategi for bygging av fritidsbustader. Det er spesielt viktig å ha dette på plass før ein opne for nye byggeområde i område der det ikkje er etablert fritidsbustader frå før. Det er også viktig å vere klar over at ein stor hyttereserve kan verke mot sin hensikt. For store arealreserve gir dårleg styring med arealbruken og kan undergrave utviklinga i område der det til dømes er investert i infrastruktur.


F/FT01: Fjellsida

Forslagsstillar:	Kjetil Villa
Gnr./bnr.:	Gnr. 187 bnr. 1
Dagens formål:	Byggeområde for idrettsanlegg og byggeområde, erverv.
Foreslått formål:	Fritidsbustader og fritids- og turistformål
Arealstorleik:	64 daa
Dyrka mark:	0 daa

Skildring av foreslått tiltak:

Ønskjer å leggje til rette utviding av fritidsbustader og fritids- og turistformål på Lemonsjøen. Utleigeeiningane skal knytast til skisenteret.

For å vere mest mogleg fleksibel i høve til endringar i marknaden er det ønskje om å opne for bygging av ulike typar utleigeeiningar som enkelthytte, tomannshytter og leilegheiter.



Vurdering av konsekvens ved endra bruk av areal:

Tema	Verdiskildring	Skildring og omfang	Vurdering av omfang
Naturmiljø og naturmangfald	Inga kjente registreringar i området.	Regulering av området vil truleg påverke naturverdiar og biologisk mangfald lite. Vurdert til at det ikkje er behov for ytterlegare kartleggingar.	Nøytralt
Jord- og skogbruk	Forslått område ligg i tilknytning til eksisterande skitrekk. Ligg innanfor kjerneområde for beiting av sau.	Utbygging kan gje auka konfliktnivå mellom landbruksinteresse og fritidsinteresse. Arealet kan ikkje nyttast til skogsdrift.	Negativt
Landskap	Det er etablert fleire store hyttefelt i området og ei utviding vil i praksis fungere som ei fortetting av Lemonsjøen.	Truleg liten verknad for landskapet. Det er i reg.plan forslaget utarbeidd hellingskart, men ikkje utført nokon	Nøytralt

		landskapsanalyse.	
Kulturminne og kulturmiljø	Det ligg eit kulturminne innanfor området.	Det blir tatt omsyn til dette i reguleringsplanarbeidet.	Nøytralt
Forureining, energi og klima	Ligg i eit satsingsområde der det er etablert offentleg vatn- og avløp. Ei utviding av området er også i tråd med nasjonal areal- og transportplanlegging.	Liten verknad.	Positivt
Nærmiljø, friluftsliv og barn og unge	Fine moglegheiter for ski inn og ski ut.	Er tatt omsyn til dette i forslag til reg.plan.	Nøytralt
Sosial infrastruktur	Stutt veg til etablerte skiløyper og utforanlegg.	I tråd med <i>Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal og transportplanlegging.</i>	Positivt
Teknisk infrastruktur	Tilgang til offentleg vatn- og avløp.	Krev ikkje bygging av ny infrastruktur.	Positivt
Samfunnstryggleik	Ligg innanfor aktsområde for jord- og flomskred.	Må faresonekartleggjast på reguleringsplannivå-	Negativt
Trafikktryggleik	Området har tilgang til eksisterande veg som går i området. Det er planlagt ny gang- og sykkelveg frå Lemonsjøen alpin til Skardå camping	Krev ny bygging av gang- og sykkelveg og interne vegar.	Nøytralt
Attraktivitet og bukvalitet	Truleg attraktive tomter. Det har vore bygd flest hytter innanfor Lemonsjøområdet dei siste åra.	Kan bidra til å styrke Lemonsjøen som ein hyttestedestinasjon.	Positivt

Konklusjon:

Lemonsjøen er eit satsingsområde og ein hyttestedestinasjon i Vågå kommune. Det er viktig at det blir lagt til rette for ei utviding innanfor området. Det vart i 2012 utarbeidd ein reguleringsplan for området som var ute til fyrste gongs offentleg ettersyn. Prosessen med reguleringsplanarbeidet stoppa opp fordi delar av området er omfatta av aktsemdskartet for snøskred, gjeld område F05. Store delar av arealet ligg også innanfor aktsemdsområde for jord- og flomskred. Området må difor faresonekartleggjast i samband med reguleringsplanprosessen. Delar av arealet er bratt, men i samband med reguleringsplanarbeidet vart det utarbeidd hellingskart som syner at det er mogleg å etablere fritidsbustader innanfor området utan at tomtene blir plassert i terreng brattare enn 1:4.

Store delar av arealet ligg som byggeområde erverv i gjeldande arealdel og det vil bli ei vidareføring av dette arealet. Arealet ligg om lag 30 km frå Vågåmo og brannstasjon og tilgang til sløkkevatn må sikrast i samband med regulering av området.

Området blir tatt med vidare.

R/N01 og G01: Tolstadmoen

Forslagsstillar:	Torbjørn Bråten	
Gnr./bnr.:	Gnr. 1 bnr. 1	
Dagens formål:	LNFR-område	
Foreslått formål:	Råstoffutvinning, etterbruk næringsareal	
Arealstorleik:	44 daa	
Dyrka mark:	0 daa	
<p><u>Skildring av foreslått tiltak:</u></p> <p>Torbjørn Bråten har med samtykke frå grunneigar spelt inn at området må avsettast til område for råstoffutvinning. Etterbruken kan vere industri. Det er avsett ein vegetasjonssone, (G01) mot vest, slik at det er om lag 100 meter frå uttaksområdet til næraste bustadhus.</p> <p>Terrenget består av skogmark.</p> <p>Vegtilkomst frå Industrivegen.</p>		

Vurdering av konsekvens ved endra bruk av areal:

Tema	Verdiskildring	Skildring og omfang	Vurdering av omfang
Naturmiljø og naturmangfald	Inga kjente registreringar i området.	Regulering til råstoffutvinning vil truleg påverke viktige naturverdiar og biologisk mangfald lite. Kunnskapsgrunnlaget er vurdert til å vere godt nok.	Nøytralt
Jord- og skogbruk	Skogbruksareal av middels bonitet, lettdrive. Grusførekomsten kan opparbeidast til dyrka mark etter at grusressursen er teken ut.	Skogen kan avverkast, men negativt for framtidig landbruksutnytting å ta i bruk areal til anna formal enn landbruk etter uttak av grusressursen.	Negativ
Landskap	Området har ikkje særskilde kulturlandskapskvalitetar.- Området er skogkledd, og	Nordvestre del av uttaksområdet er brattare og kan bli eksponert ved uttak. Ved regulering må	Negativt


	har i dag mindre tekniske inngrep som kraftline.	det gjerast vurderingar av nær- og fjernverknad og tilpassing i forhold til dette for å redusere negative konsekvensar for landskap. Uttaksområdet må også avgrensast i forhold til innsyn frå bustad og frå rv. 15. Det er avsett ei vegetasjonssone på om lag 100 mellom bustadhus og område for råstoffutvinning.	
Kulturminne og kulturmiljø	Det er registrert fleire kulturminne i nærleiken, Tolstadkvennerget, men det er ikkje registrert nokon funn innanfor området som er sett av som framtidig råstoffutvinning.	Området er vurdert av Oppland fylkeskommune og det er ikkje funne å vere i konflikt med Tolstadkvennerget.	Nøytralt
Forureining, energi og klima	Området grenser til rv. 15. Området ligg nær eksisterande bustad. Det er avsett ei vegetasjonssone på 100 meter mot bustadeigedom slik at mogleg konfliktnivå blir dempa.	Området er gunstig lokalisert langs rv15 i forhold til transportavstand. Ved regulering må det sikrast at forureining av lokal karakter (støy/støv) er innanfor tilrådde nivå og ikkje medfører plage for naboar.	Nøytralt
Nærmiljø, friluftsliv og barn og unge	Nordre del av området blir nytta noko til jogging og turgåing. Det går ein stig langs åsryggen gjennom ønskt uttaksområde.	Stigen vil bli borte. Det er fleire stigar i området, og omlegging eller ev. krav om tilbakeføring etter avslutta uttak kan varetakast ved regulering dersom stigen er sett på som viktig for friluftslivet.	Nøytralt
Sosial infrastruktur	Ikkje relevant tema	Ikkje relevant tema	
Teknisk infrastruktur	Området grensar til eksisterande kommunal veg til industriområde og til rv. 15. Kraftline kryssar ønskt uttaksområde sør i området.	Området ligg gunstig til for tilkomst frå kommunal veg. Transport vil ikkje få konsekvensar for støykjensleg busetnad. Forholdet til kraftline må avklarast i reguleringsplan.	Positivt
Samfunnstryggleik	Eit stripe langs den kommunale vegen er omfatta av aktsemdskart for snøskred (utløpsområde) og	Må kartleggast ved regulering for formål industri.	Nøytralt

	steinsprang.		
Trafikktryggleik	Kan nytte eksisterande avkøyring til industridegen som har passeringslomme. Ligg nært opp til rv. 15.	Krev ikkje ny bygging av veg.	Positivt
Attraktivitet og bukvalitet	Området grensar til rv. 15. Området ligg nær eksisterande bustad, om lag 100 meter.	I forhold til etterbruk til formål industri, kan det vere ein gunstig for bedriftene å ligge synleg til frå rv. 15. Nærleik til eksisterande bustad må varetakast i reguleringsplan for å sikre at et ikkje blir vesentlege ulempe.	Nøytralt

Konklusjon:

Store delar av arealet er ein viktig grusførekomst, og inngrepet bør avgrensast etter denne ressursen. Grus er generelt ein knapp ressurs på landsbasis, Vågå kommune har avgrensa med grusressursar. Grusførekomstane er ein ikkje fornybare ressursar og må forvaltast på ein langsiktig måte gjennom overordna arealplanlegging. Ut frå omsynet til miljø og kostnader er det viktig at det er tilgang til lokal grus. Grusførekomsten på Tolstadmoen er klassifisert som lokalt svært viktig. Det er utarbeidd ein reguleringsplan for Tolstadmoen masseuttak sør for rv15 som opnar for eit forventa massevolum på 500 000 – 600 000m³. Det er likevel viktig å tenke langsiktig i forhold til dei gode grusførekomstane og unngå nedbygging. Ut frå dette er det samfunnstenleg å opne for at grusressursen kan utnyttast før området kan byggast ut til industriføremål. Sidan uttak av råstoff inneber terrenginngrep kjem fleire enkelttema i vurderinga av konsekvens ved endra bruk av arealet negativt ut, men fleire av desse negative konsekvensane kan unngåast/avbøtast gjennom detaljplanlegginga av området. Det er avsett ei vegetasjonssone mot vest slik at mogleg konfliktnivå med omsyn til støy og støv blir noko redusert. Det er i føresegnene sett krav om at det ikkje er lov å gjennomføre tiltak innanfor området som kan redusere skjermingseffekten før området for råstoffutvinning er ført tilbake til næringsareal. Det vil bli avsett ei sone mor rv. 15 og Kolbottenvegen ved utarbeiding av reguleringsplan for området.

I den samla vurderinga av endra arealbruken må det også leggjast vekt på at kommunen har eit samfunnsansvar for å ikkje bygge ned viktige grusressursar som ligg gunstig til for å uttak. **Ut frå ei heilskapleg vurdering av området, bør det leggjast til rette for å ta ut grusressursen før området blir teke i bruk til formål industri.**



Figur 5: Kartet viser avgrensinga av grusførekomsten som er henta frå grus og pukkk databasen til NGU.

Fylkesmannen har ved 1. gongs høyring av arealdelen fremja motsegn til området ut frå manglande støytgreiing. Rådmannen vise til dokumentet *Behandling av merknader etter 1. gongs høyring av forslag til ny arealdel*. Vurderingane som er gjort her viser at omsynet til støy er tilstrekkeleg vareteken ved å sette krav om støyanalyse på reguleringsplannivå

Området blir tatt med vidare.

R01: Hanslien

Forslagsstillar:	Harald Sve Bjørndal
Gnr./bnr.:	Gnr. 161 bnr. 9
Dagens formål:	LNFR-området
Foreslått formål:	Råstoffutvinning, grus
Arealstorleik:	25 daa
Dyrka mark:	0 daa

Skildring av foreslått tiltak:

Ønskjer å leggje til rette for utviding av eksisterande område for uttak av råstoff, grus.

Arealet ligg som LNFR-område i gjeldande kommunedelplan og landbruksområde i gjeldande reguleringsplan.



Vurdering av konsekvens ved endra bruk av areal:

Tema	Verdiskildring	Skildring og omfang	Vurdering av omfang
Naturmiljø og naturmangfald	Inga kjente registreringar i området.	Regulering til råstoffutvinning vil truleg påverke naturverdiar og biologisk mangfald lite. Kunnskapsgrunnlaget er vurdert til å vere godt nok.	Nøytralt
Jord- og skogbruk	Ved å ta ut massar innanfor området vil ein få eit areal med jamn stigning som betre kan nyttast som beite og dyrka mark.	Tiltaket vil ikkje råke ved eksisterande dyrka mark.	Positivt
Landskap	Ved å ta ut massar innanfor området blir det ikkje ein så bratt skrent og	Vil gje ei betre landskapstilpassing.	Positivt

	arealet får ei betre landskapstilpassing		
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen kjende registreringar innanfor området.	Ferdavegen mellom gardstuna Hanslien og Sørлие blir ikkje råka av uttaksområdet. Gravrøysa ligg også utanfor område som er avsett til masseuttak.	Nøytralt
Forureining, energi og klima	Området ligg om lag 300–400 meter frå busetting. Det er vidareføring av eksisterande verksemd	Lite truleg at det vil vere konfliktfylt med omsyn til støy og støv. Støyanalyse må utarbeidast på reguleringsplannivå. Ved regulering må det sikrast at forureining av lokal karakter (støy/støv) er innanfor tilrådde nivå og ikkje medfører plage for naboar.	Nøytralt
Nærmiljø, friluftsliv og barn og unge	Ikkje registrert som leikeområde eller friluftsområde. Ligg i tilknytning til eksisterande uttaksområde.	Liten verknad	Nøytralt
Sosial infrastruktur	Ikkje aktuelt	Ikkje aktuelt	
Teknisk infrastruktur	Utviding av eksisterande masseuttak	Krev ikkje bygging av ny infrastruktur.	Positivt
Samfunnstryggleik	Ligg ikkje innanfor rasutsett område eller flomutsett område.	Truleg ingen verknad	Nøytralt
Trafikktryggleik	Vil nytte eksisterande avkøyring til området. Vil skape noko tungtrafikk langs etter fv. 436.	Ei utviding vil ikkje gi meir trafikk enn den aktiviteten som eksisterande masseuttak gir.	Nøytralt
Attraktivitet og bukvalitet	Uttaket ligg sentralt midt mellom Vågåmo og Otta	Har blitt tatt ut om lag 10 000m ³ kvart år innanfor området. Forventa same årleg uttak.	Nøytralt

Konklusjon:

Området grenser inntil eit eksisterande masseuttak som er i drift. Det er utarbeidd reguleringsplan for eksisterande uttaksområde. Det er positivt at heile grusressursen blir utnytta. Ei utviding av uttaksområdet vil også bidra til at området får ei betre landskapstilpassing og at arealet kan brukast til jordbruk etter tilbakeføring. Område for framtidig uttaksområde går nord for stigen i området slik

at ferdavegen mellom Hanslien og Sørlien ikkje blir råka av tiltaket. Gravrøysa som ligg i området ligg også utanfor uttaksområde.

Det har vore uttak av massar innanfor området i mange år og det er lite truleg at ei utviding på 30 daa vil vere konfliktylt med omsyn til støy og støv. Det er om lag 300–400 meter til næraste busetting. Det er i reguleringsføresegnene sett krav om utarbeiding av støyanalyse på reguleringsplannivå.

Fylkesmannen har ved 1. gongs høyring av arealdelen fremja motsegn til området ut frå manglande støyutgreiing. Rådmannen viser til dokumentet *Behandling av merknader etter 1. gongs høyring av forslag til ny arealdel*. Vurderingane som er gjort her viser at omsynet til støy er tilstrekkeleg vareteken ved å sette krav om støyanalyse på reguleringsplannivå

Området blir tatt med vidare.

R02: Ristigdalen

Forslagsstillar:	Ørjan Venås og Kristine Snerle	
Gnr./bnr.:	Gnr. 26 bnr. 10	
Dagens formål:	LNFR-område	
Foreslått formål:	Råstoffutvinning	
Arealstorleik:	12 daa	
Dyrka mark:	0 daa	
Skildring av foreslått tiltak:	<p>Ønskjer å leggje til rette for eit mindre uttaksområde for skifer. Arealet ligg i eit område der det har vore tatt ut skifer tidlegare på naboeigedomar.</p>	

Vurdering av konsekvens ved endra bruk av areal:

Tema	Verdiskildring	Skildring og omfang	Vurdering av omfang
Naturmiljø og naturmangfald	Ingen kjende registreringar i området.	Regulering til råstoffutvinning vil truleg påverke naturverdiar og biologisk mangfald lite. Kunnskapsgrunnlaget er vurdert til å vere godt nok.	Nøytralt
Jord- og skogbruk	Arealet er produktiv skog	Liten verknad for skogbruket ettersom det er eit så avgrensa areal.	Nøytralt
Landskap	Arealet ligg i Ristigdalen og er lite synleg frå veg og omkringliggjande landskap.	Truleg liten verknad ettersom det er snakk om eit mindre uttak. Det har vore tatt ut skifer i området i fleire tiår.	Nøytralt
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen kjende registreringar i området	Truleg ingen verknad	Nøytralt

Forureining, energi og klima	Området ligg om lag 250 meter frå busetting. Det er i praksis vidareføring av eksisterande verksemd ettersom arealet grenser til eit området der det har vore uttak i fleire tiår.	Lite truleg at det vil vere konfliktfylt med omsyn til støy og støv ettersom det er eit mindre uttaksområde og det har vore drift i området i mange år. Støyanalyse må utarbeidast på reguleringsplannivå. Ved regulering må det sikrast at forureining av lokal karakter (støy/støv) er innanfor tilrådde nivå og ikkje medfører plage for naboar.	Nøytralt
Nærmiljø, friluftsliv og barn og unge	Ikkje registrert som leikeområde eller friluftsområde. Ligg i tilknytning til eksisterande uttaksområde.	Liten verknad	Nøytralt
Sosial infrastruktur	Ikkje aktuelt	Ikkje aktuelt	
Teknisk infrastruktur	Utviding av område for råstoffuttak ettersom det har vore uttak innanfor området i fleire tiår.	Krev ikkje bygging av ny infrastruktur.	Positivt
Samfunnstryggleik	Ligg ikkje innanfor rasutsett område eller flomutsett område.	Truleg ingen verknad	Nøytralt
Trafikktryggleik	Vil nytte eksisterande vegtilkomst til området. Det er ingen busetnad i området som blir råka av auka transport	Området ligg gunstig til for tilkomst frå privat veg og deretter fylkesveg. Transport vil ikkje få konsekvensar for støykjensleg busetnad.	Positivt
Attraktivitet og bukvalitet	Ikkje aktuelt	Ikkje aktuelt	Nøytralt

Konklusjon:

Området grenser inntil eit eksisterande råstoffuttak som er under avslutting. Det er positivt at heile steinressursen i området blir utnytta.


Det har vore uttak av stein innanfor området i mange år og det er lite truleg at ei utviding på 12 daa vil vere konfliktfylt med omsyn til støy og støv. Det er om lag 250 meter til næraste busetting som er grunneigar av eigedomen. Det er i reguleringsføresegnene sett krav om utarbeiding av støyanalyse på reguleringsplannivå. Det blir elles vist til ekstra utgreiingar som er gjort for R01Hanslien og R/N01 Tolstadmoen i dokumentet *Behandling av merknader etter 1. gongs høyring av forslag til ny arealdel*.

Vurderingane som er gjort her, vil også gjelde for dette området og kommunen meiner difor at det er tilstrekkeleg at det er sett krav om utarbeiding av støyanalyse på reguleringsplannivå.

Det er viktig at det blir lagt til rette for at stein og grusressursar blir tatt ut. Steinuttaket ligg i eit område der det har vore tatt ut stein i fleire tiår og det har ikkje vore noko konflikt knytt til dette. Rådmannen vil tilrå at området blir tatt inn i kommuneplanens arealdel.

Området blir tatt med vidare.

R03 Blåhøvegen

Forslagsstillar:	Jetta sameige	
Gnr./bnr.:	Gnr. 200 bnr. 1	
Dagens formål:	LNFR-område	
Foreslått formål:	Råstoffutvinning	
Arealstorleik:	6 daa, uttak av inntil 3000m ³ masse.	
Dyrka mark:	0 daa	
<p><u>Skildring av foreslått tiltak:</u></p> <p>Ønskjer å leggje til rette for eit mindre område for råstoffutvinning langs Blåhøvegen. Massane skal nyttast til vedlikehald av Blåhøvegen. Vil ikkje vere kommersielt sal av grus.</p> <p>Det har tidlegare vore tatt ut masse innanfor området. Området ligg over tregrensa i snaufjellet slik at området er godt eksponert i terrenget.</p>		

Vurdering av konsekvens ved endra bruk av areal:

Tema	Verdiskildring	Skildring og omfang	Vurdering av omfang
Naturmiljø og naturmangfald	Området er i naturbase registrert som vinterbeiteområde for villrein. Ingen andre kjende registreringar i området	Uttaket er lite og vil truleg ha ingen verknad for området sitt potensial som vinterbeite. Kunnskapsgrunnlaget er vurdert til å vere godt nok.	Nøytralt
Jord- og skogbruk	Området ligg over tregrensa og består av grusmasser.	Ingen verknad	Negativt
Landskap	Området ligg over tregrensa i eit området som er godt eksponert. Det er snakk om uttak av inntil 3000m ³ .	Arealet er lite og det er snakk om uttak av lite masser. Området ber også preg av at det har vore tatt ut massar tidlegare, slik at det er lite truleg at eit mindre uttak vil gje store landskapsinngrep.	Nøytralt

Kulturminne og kulturmiljø	Ingen kjende registreringar innanfor området	Ingen verknad	Nøytralt
Forureining, energi og klima	Uttaket vil sørge for at vedlikehald av Blåhøvegen kan gjerast med massar i området. Vil føre til mindre miljøbelastning for bustadhus som ligg langs	Vil gje betydeleg mindre transport av gruss. I dag blir grusen transportert om lag 1 mil. Det blir i dag køyrt grus frå Rustdalen i Sel kommune.	Nøytralt
Nærmiljø, friluftsliv og barn og unge	Ikkje registrert som leikeområde eller friluftsområde.	Det at det blir mindre transport av køyretøy som frakte grus opp til Blåhøvegen vil gjere nærmiljøet til barn langs vegen tryggare.	Nøytralt
Sosial infrastruktur	Ikkje aktuelt	Ikkje aktuelt	
Teknisk infrastruktur	Området ligg sentralt plassert langs Blåhøvegen.	Krev ikkje ny infrastruktur.	Negativt
Samfunnstryggleik	Vil bidra til at Blåhøvegen kan oppgraderast og få ein betre framkomeleg heit.	Vil gje ein betre samfunnstryggleik.	Nøytralt
Trafikktryggleik	Uttatte masser skal nyttast til opprusting av Blåhøvegen. Vil ikkje gje auka trafikk i området.	Vil fjerne behovet for å køyre masser frå andre masseuttak. Dette vil gje mindre transport av tungtrafikk gjennom bustadfelt.	Positivt
Attraktivitet og bukvalitet	Uttaksområdet er så lite at det er lite truleg at det vil ha nokon verknad på attraktiviteten til området.	Det at Blåhøvegen kan haldast ved like med stadeigen grus gjer at vegen vil kunne få ein betre standard slik at det blir meir populært å nytte vegen.	Nøytralt

Konklusjon:

Området ligg i snaufjellet i eit urørt område der det er lite inngrep frå før. Området vil vere godt eksponert i terrenget, men det har vore uttak innanfor området tidlegare. Området ber difor preg av dette og det er snakk om eit lite uttak. Massane som blir tatt ut skal berre nyttast til vedlikehald av Blåhøvegen. Det er utarbeidd eigne føresegner som sett føringar for dette.

Ved 3. gongs høyring av den regional plan for Ottadalen villreinområde, som skal vareta leveområdet til villreinen, er området avsett som sone c (fjell og fjordbygder). Uttaket er difor i tråd med forslag til regional plan for Ottadalen villreinområde og vil ikkje påverke villreinen sitt leveområde.

Området blir tatt med.

SB02 Bårstad, Lalm

Forslagsstillar:	Ola Skogen
Gnr./bnr.:	Gnr. 5 bnr. 15
Dagens formål:	LNFR1-område
Foreslått formål:	LNFR, spreidd bustad
Arealstorleik:	10 daa
Dyrka mark:	0 daa

Skildring av foreslått tiltak:

Området var spelt inn som byggeområde bustad, men kommunen har endra det til LNFR-område, spreidd bustad. Det kan byggjast tre bustadhus innanfor området. Det er ikkje sett krav om utarbeiding av reguleringsplan i føresegnene.

Området har tidlegare vore nytta som uttak og forelding av kleber. Terrenget har helling mot sørvest med god solgang og utsikt.

Vegtilkomst frå Klebervegen og opparbeidd privat veg.



Vurdering av konsekvens ved endra bruk av areal:

Tema	Verdiskildring	Skildring og omfang	Vurdering av omfang
Naturmiljø og naturmangfald	Det er registrert førekomstar av drakehovud i nærleiken, men det er lite truleg at det finst drakehovud innanfor området.	Bygging av tre bustadhus vil truleg påverke naturverdiar og biologisk mangfald lite. Kunnskapsgrunnlaget er vurdert til å vere godt nok.	Nøytralt
Jord- og skogbruk	Arealet grenser inntil dyrka mark og eit aktivt jordbruk. Området vil vere godt eksponert for støy og lukt frå landbruk på grunn av plassering.	Økt konfliktnivå mellom landbruk og andre interesser. Det er sett av ei buffersone på 20 meter til dyrka mark slik at konfliktnivået	Nøytralt

		reduserast.	
Landskap	Området vil vere godt synleg i dalsida, men det er ei mindre utbygging.	Ev. hus vil vere godt synleg i landskapet. Det vil vere viktig med ein bygningsutforming som harmonerer med omgjevnaden.	Negativt
Kulturminne og kulturmiljø	Delar av den gamle klebermølla står igjen, men den er ikkje verna.	Ingen verknad	Nøytralt
Forureining, energi og klima	Området ligg slik til at det vil vere bilbasert. Negativt med omsyn til <i>samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging</i>	Vil gi auka transportbehov og klimautslepp.	Negativt
Nærmiljø, friluftsliv og barn og unge	Ikkje registrert som leikeområde eller friluftsområde.	Truleg ingen verknad	Nøytralt
Sosial infrastruktur	Området ligg om lag 3,5 km frå Lalm skule.	Avstand til skule er kortare enn 4 km, slik at det er ikkje tilgang til skuleskyss. Klebervegen blir dermed skuleveg for mange.	Negativt
Teknisk infrastruktur	Området har ikkje tilgang for tilknytning til kommunalt vatn- og avlaup. Dårleg standard på vegen	Kan løysast ved separate løysingar.	Nøytralt
Samfunnstryggleik	Arealet ligg innanfor aktsemdsområde for jord- og flomskred og snøskred. Det går ei høgspenline innanfor området.	Området er faresonekartlagt i 2008 og arealet er ikkje skredutsett. Må takst omsyn til høgspenlina ved bygging av hus.	Nøytralt
Trafikktryggleik	Klebervegen er bratt, svingete og smal og er på ca. 2 km. Vegen har ikkje gang- og sykkelveg, slik at ferdsel ikkje blir trygg for mjuke trafikantar.	Vil bidra til at ein større del av barn og unge i Vågå ikkje får ein skuleveg som er trygg, men det er ei mindre utbygging.	Negativt
Attraktivitet og bukvalitet	Solrike tomter med god utsikt. Dårleg tilgang til teknisk infrastruktur. Vil vere eksponert for støy og lukt frå landbruk.	Vil i liten grad bidra til å styrke Lam som tettstad, men kan vere eit godt alternativ for folk som vil bu spreidd.	Nøytralt

Konklusjon:

Det er eit politisk ønskje om å styrke grendene og legge til rette for eit variert butilbod i alle delar av kommunen. Området har mangelfull tilgang på teknisk infrastruktur, både vatn- og avløp. Vegtilkomsten til området er Klebervegen som er svært bratt og med dårleg standard. Området ligg 3,5 km frå skule slik at det er pårekeleg at vegen vil bli nytta som skuleveg ettersom ein ikkje har rett til skuleskyss. Sjølve Klebervegen er ca. 2 km. Det vart i 2012 gjennomført barnetrakkregistreringar som viser at Klebervegen blir oppfatta som skummel og farleg. Det var få registreringar ettersom det ikkje bur så mange barn i området, men ein bør likevel leggje vekt på dei som er registrert. Ein auke i trafikken som ei utbygging vil gje, vil også gje auka slitasje på vegen og meir trafikk som gjer vegen meir trafikkfarleg for mjuke trafikantar.

Ein utbygging av område vil også kunne gje auka konflikt mellom landbruksinteresser og andre interesser, men det er avsett ei buffersone på 20 meter til dyrka mark. Dette bør vere med og reduser mogleg konfliktnivå. Området si plassering i fjellsida gjer at området blir godt eksponert for støy og lukt frå omkring liggjande landbrukseiningar som driv intensiv og stor landbruksdrift som skaper støy og lukt i periodar.

Området er faresonekartlagt i 2008, NGI rapport 20071802-1, og arealet er ikkje utsett for skred.

Utbygginga er ikkje i tråd med *statleg planretningslinjer for samordnet bolig, areal- og transportplanlegging*. Området ligg 3,5 km frå skule/barnehage og butikk og vegen er bratt slik at området vil bli bilbasert. Utbygginga støtter ikkje opp under ønskje om eit konsentrert utbyggingsmønster som gjer at fleire kan nå sine daglege gjeremål utan bruk av bil. Klebervegen har ikkje gang- og sykkelveg slik at ferdsel ikkje blir trygg og miljøvenleg.

Området har tidlegare vore nytta som uttak og forelding av kleber. Ovanfor utbyggingsområdet ligg det fleire gamle gruvegangar. Ei utbygging av området med fleire bustadhus vil kunne føre til at nærområdet blir meir nytta av barn i leik. Det er viktig å syte for at gruvegangane er forsvarleg sikra.

Sjølv om utbygging av området kjem negativt ut i konsekvensutgreiinga må det leggjast vekt på at det er ei mindre utbygging. Vågå kommune ønskjer å ha eit variert bustadtilbod til innbyggjarane og det er difor ønskjeleg å leggje ut nokre område som LNFR, spreidd bustad.

Rådmannen meiner difor at fordelane med å kunne tilby bustadtomter som ligg spreidd, er høgare enn ulempene med å etablere tre nye bustadtomter i området

Rådmannen meiner at området er egna for ei mindre utbygging, slik som LNFR spreidd bustad opnar for. Arealet er avgrensa i storleik og det vil vere mogleg å oppføre tre bustadhus innanfor området utan at det blir kravd reguleringsplan.

Området blir tatt med vidare.

SB03 Tolstadløkken, Lalm

Forslagsstillar:	Anne Teigen
Gnr./bnr.:	Gnr. 1 bnr. 15
Dagens formål:	LNFR1-område
Foreslått formål:	LNFR, spreidd bustad
Arealstorleik:	10 daa
Dyrka mark:	0 daa

Skildring av foreslått tiltak:

Området var spelt inn som byggeområde bustad, men kommunen har endra det til LNFR-område, spreidd bustad. Det kan byggjast tre bustadhus innanfor området. Det er ikkje sett krav om utarbeiding av reguleringsplan i føresegnene.

Området består av skogsmark. Terrenget har helling mot vest/nordvest. Delvis god solgang og utsikt.

Vegtilkomst frå Klebervegen og opparbeidd privat veg.



Vurdering av konsekvens ved endra bruk av areal:

Tema	Verdiskildring	Skildring og omfang	Vurdering av omfang
Naturmiljø og naturmangfald	Inga kjente registreringar i området.	Bygging av tre bustadhus vil truleg påverke naturverdiar og biologisk mangfald lite. Kunnskapsgrunnlaget er vurdert til å vere godt nok.	Nøytralt
Jord- og skogbruk	Arealet består av skogsmark. Delar av arealet grenser til et mindre gardsbruk.	Truleg lite konfliktnivå med omsyn til landbruk. Utbygging gjer at	Nøytralt

		arealet ikkje kan nyttast til skogsdrift.	
Landskap	Arealet ligg ikkje eksponert til og ei utbygging vil ha lite å seie for landskapet.	Det er berre snakk om ei mindre utbygging.	Nøytralt
Kulturminne og kulturmiljø	Inga kjente registreringar.	Er ikkje synfart.	Nøytralt
Forureining, energi og klima	Området ligg om lag 2,5 km frå Lalm skule. Klebervegen er bratt, svingete og smal og er på ca. 1 km. Negativt med omsyn til <i>samordnet bolig-, areal og transportplanlegging</i> .	Vil gi auka transportbehov og klimautslepp.	Negativt
Nærmiljø, friluftsliv og barn og unge	Ikkje registrert som leikeområde eller friluftsområde.	Truleg ingen verknad.	Nøytralt
Sosial infrastruktur	Området ligg om lag 2,5 km frå Lalm skule.	Avstand til skule er kortare enn 4 km slik at det er ikkje tilgang til skuleskyss. Klebervegen blir skuleveg for mange.	Negativt
Teknisk infrastruktur	Området har ikkje tilgang for tilknytning til kommunalt vatn- og avlaup. Dårleg standard på vegen	Kan løysast ved separate løysingar.	Nøytralt
Samfunnstryggleik	Området ligg innanfor aktsemdsområdet for jord- og flaumskred. Går ei høgspenline gjennom delar av området.	Området er faresonekartlagt i 2008 og arealet er ikkje skredutsett. Høgspenline må flyttast eller gravast i jord.	Nøytralt
Trafikktryggleik	Klebervegen er bratt, svingete og smal og er på ca. 1 km. Vegen har ikkje gang- og sykkelveg, slik at ferdsel ikkje blir trygg for mjuke trafikantar.	Vil bidra til at ein større del av barn og unge i Vågå ikkje får ein skuleveg som er trygg.	Negativt
Attraktivitet og bukvalitet	Solrike tomter med relativt god utsikt. Dårleg tilgang til teknisk infrastruktur.	Vil i liten grad bidra til å styrke Lam som tettstad, men kan vere eit godt alternativ for folk som vil bu spreidd.	Nøytralt

Konklusjon:

Det er eit politisk ønskje om å styrke grendene og legge til rette for eit variert butilbod i alle delar av kommunen. Området har ikkje tilgang til kommunalt vass- og avlaup, men dette kan løysast med separate løysingar og infiltrasjon i grunn ettersom det berre er ei mindre utbygging.

Vegtilkomsten til området er Klebervegen som er bratt og med dårleg standard. Utbygginga er ikkje i tråd med *statleg planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging*. Området ligg 2,5 km frå skule/barnehage og butikk og vegen er bratt slik at området vil bli bilbasert.

Utbygginga støtter ikkje opp under ønskje om eit konsentrert utbyggingsmønster som gjer at fleire kan nå sine daglege gjeremål utan bruk av bil. Klebervegen har ikkje gang- og sykkelveg slik at vegen blir oppfatta som farleg for skulebarn.

Området er faresonekartlagt i 2008, NGI rapport 20071802-1, og arealet er ikkje utsett for skred.


Sjølv om utbygging av området kjem negativt ut i konsekvensutgreiinga må det leggjast vekt på at det er ei mindre utbygging. Vågå kommune ønskjer å ha eit variert bustadtilbod til innbyggjarane og det er difor ønskjeleg å leggje ut nokre område som LNFR, spreidd bustad.

Rådmannen meiner difor at fordelane med å kunne tilby bustadtomter som ligg spreidd, er høgare enn ulempene med å etablere tre nye bustadtomter i området

Rådmannen meiner at området er egna for ei mindre utbygging, slik som LNFR spreidd bustad opnar for. Arealet er avgrensa i storleik og det vil vere mogleg å oppføre tre bustadhus innanfor området utan at det blir kravd reguleringsplan.

Området blir tatt med vidare.

SB04 Holongsøyom

Forslagsstillar:	Ø. Venås og K. Snerle	
Gnr./bnr.:	Gnr. 26 bnr. 10	
Dagens formål:	LNFR-område	
Foreslått formål:	LNFR, spreidd bustad	
Arealstorleik:	6 daa	
Dyrka mark:	0 daa	
Skildring av foreslått tiltak:		
<p>Området er spelt inn som til LNFR-område, spreidd bustad. Det kan byggjast tre bustadhus innanfor området. Det er ikkje sett krav om utarbeiding av reguleringsplan i føresegnene.</p> <p>Området består av skogsmark. Terrenget har helling mot vest/nordvest. God solgang og noko utsikt.</p> <p>Vegtilkomst frå opparbeidd privat veg. Det ligg ein fritidsbustad og eit bustadhus i området.</p>		

Vurdering av konsekvens ved endra bruk av areal:

Tema	Verdiskildring	Skildring og omfang	Vurdering av omfang
Naturmiljø og naturmangfald	Inga kjente registreringar i området.	Bygging av tre bustadhus vil truleg påverke naturverdiar og biologisk mangfald lite. Kunnskapsgrunnlaget er vurdert til å vere godt nok.	Nøytralt
Jord- og skogbruk	Arealet består av skogsmark.	Truleg lite konfliktnivå med omsyn til landbruk. Utbygging gjer at arealet ikkje kan	Nøytralt

		nyttast til skogsdrift.	
Landskap	Arealet ligg ikkje eksponert til og ei utbygging vil ha lite å seie for landskapet.	Det er berre snakk om ei mindre utbygging.	Nøytralt
Kulturminne og kulturmiljø	Inga kjente registreringar.	Er ikkje synfart.	Nøytralt
Forureining, energi og klima	Området ligg om lag 7 km frå Vågåmo. Negativt med omsyn til <i>samordnet bolig-, areal og transportplanlegging.</i>	Vil gi auka transportbehov og klimautslepp.	Negativt
Nærmiljø, friluftsliv og barn og unge	Ikkje registrert som leikeområde eller friluftsområde.	Truleg ingen verknad.	Nøytralt
Sosial infrastruktur	Området ligg om lag midt mellom Vågåmo og Lalm	Avstand til skule er lengre enn 4 km slik at det er tilgang til skuleskyss. Det bur fleire born i området.	Nøytralt
Teknisk infrastruktur	Området har ikkje tilgang for tilknytning til kommunalt vatn- og avlaup.	Kan løysast ved separate løysingar.	Nøytralt
Samfunnstryggleik	Ligg ikkje innanfor faresonekart for steinsprang, snøskred og jord- og flaumskred. 100 m nord for området renn det ein bekk. Delar av området er brattare enn 1:4.	Delar av arealet er bratt, men det er fleire flate parti slik at arealet kan vere egna for utbygging. Samfunnstryggleiken er vareteken.	Nøytralt
Trafikktryggleik	Det er om lag 500 meter med privat veg som vil vere skuleveg. Vegen har ikkje gang- og sykkelveg, slik at ferdsel ikkje blir trygg for mjuke trafikantar.	Vil bidra til at ein større del av barn og unge i Vågåmo ikkje får ein skuleveg som er trygg, men det er ei mindre utbygging og det er ikkje mykje trafikk på vegen.	Negativt
Attraktivitet og bukvalitet	Tomter med relativt god utsikt og solgang. Dårleg tilgang til teknisk infrastruktur.	Vil i liten grad bidra til å styrke Vågåmo som tettstad, men kan vere eit godt alternativ for folk som vil bu spreidd.	Nøytralt

Konklusjon:

Det er eit politisk ønskje om å styrke grendene og legge til rette for eit variert butilbod i alle delar av kommunen. Området har ikkje tilgang til kommunalt vass- og avlaup, men dette kan løysast med separate løysingar og infiltrasjon i grunn ettersom det berre er ei mindre utbygging.

Vegtilkomsten til området er Øyomsvegen som er bratt og svingete. Utbygginga er ikkje i tråd med *statleg planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging*. Området ligg om lag 500 meter frå busshaldeplass og om lag 7 km frå Vågåmo. Utbygginga støtter ikkje opp under ønskje om eit konsentrert utbyggingsmønster som gjer at fleire kan nå sine daglege gjeremål utan bruk av bil. Øyomsvegen har ikkje gang- og sykkelveg slik at vegen blir oppfatta som farleg for skulebarn.


Sjølv om utbygging av området kjem negativt ut i konsekvensutgreiinga må det leggjast vekt på at det er ei mindre utbygging. Vågå kommune ønskjer å ha eit variert bustadtilbod til innbyggjarane og det er difor ønskjeleg å leggje ut nokre område som LNFR, spreidd bustad.

Rådmannen meiner difor at fordelane med å kunne tilby bustadtomter som ligg spreidd, er høgare enn ulempene med å etablere tre nye bustadtomter i området

Rådmannen meiner at området er egna for ei mindre utbygging, slik som LNFR spreidd bustad opnar for. Arealet er avgrensa i storleik og det vil vere mogleg å oppføre tre bustadhus innanfor området utan at det blir kravd reguleringsplan.

Området blir tatt med vidare.

SB05: Sandbu

Forslagsstillar:	Even Sandbo	
Gnr./bnr.:	Gnr. 16 bnr. 2	
Dagens formål:	LNFR-område	
Foreslått formål:	LNFR, spreidd bustad	
Arealstorleik:	2 daa	
Dyrka mark:	2 daa innmarksbeite	
Skildring av foreslått tiltak: <p>Arealet er ein del av driftseininga 16/2. Området er spelt inn som LNFR-område, spreidd bustad. Det er ønskje om å bygge eit bustadhus innanfor området.</p> <p>Området består av 2 daa innmarksbeite. Arealet ligg i tilknytning til eksisterande bustadtomt og har god solgang og utsikt.</p> <p>Vegtilkomst frå opparbeidd privat veg.</p>		

Vurdering av konsekvens ved endra bruk av areal:

Tema	Verdiskildring	Skildring og omfang	Vurdering av omfang
Naturmiljø og naturmangfald	Inga kjente registreringar i området.	Bygging av eit bustadhus vil truleg påverke naturverdiar og biologisk mangfald lite. Kunnskapsgrunnlaget er vurdert til å vere godt nok.	Nøytralt
Jord- og skogbruk	Arealet består 2 daa innmarksbeite som grenser inntil eksisterande bustadhus	Gardsbruket vil miste litt innmarksbeite, men tomte ligg i tilknytning til eksisterande	Nøytralt

		bustadhus slik at området er allereie påverka av spreidd busetnad.	
Landskap	Arealet ligg innanfor eit samanhengande jordbrukslandskap som har fleire spreidd bustader på eige tomt.	Eit utbygging vil ikkje perforere eit samanhengande kulturlandskap ettersom det er fleire spreidd hus i området.	Nøytralt
Kulturminne og kulturmiljø	Fotodokumentasjon viser at det ligg ei mogleg røys aust for tomta ned mot bekkefare.	Ei utbygging vil truleg få ingen verknad for dette moglege kulturminne.	Nøytralt
Forureining, energi og klima	Området ligg om lag 4 km frå Vågåmo. Negativt med omsyn <i>til samordnet bolig-, areal og transportplanlegging.</i>	Området ligg så langt frå sentrum at det er pårekeleg at det blir nytta bil som framkomstmiddel. Negativt med omsyn <i>til samordnet bolig-, areal og transportplanlegging.</i>	Negativt
Nærmiljø, friluftsliv og barn og unge	Ikkje registrert som leikeområde eller friluftsområde.	Truleg ingen verknad.	Nøytralt
Sosial infrastruktur	Området ligg om lag 4 km frå Vågåmo.	Avstand til skule er 4 km slik at det er tilgang til skuleskyss.	Nøytralt
Teknisk infrastruktur	Området har ikkje tilgang for tilknytning til kommunalt vatn- og avlaup.	Kan løysast ved separate løysingar.	Nøytralt
Samfunnstryggleik	Ligg innanfor aktsemdsområde for snøskred. Det renn ein mindre bekk aust for tomta, men tomta ligg over 20 meter frå denne.	Det er gjennomført faresonekartlegging i samband med bygging av nytt hus på naboeigedom som ligg 450 meter sørvest for eigedomen. Dette arealet vart friskmeldt, slik at det er lite truleg at det er skredfare innanfor området. Ved ev. bygging må området vurderast med omsyn til skredfare.	Nøytralt
Trafikktryggleik	Det er om lag 1km med privat veg som vil vere skuleveg. Vegen har ikkje gang- og sykkelveg, slik at ferdsel ikkje blir trygg for	Vil bidra til at ein større del av barn og unge i Vågå ikkje får ein skuleveg som er trygg, men det er ei	Nøytralt

	mjuke trafikantar.	mindre utbygging og det er ikkje mykje trafikk på vegen.	
Attraktivitet og bukvalitet	Solrik tomt med god utsikt. Dårleg tilgang til teknisk infrastruktur.	Vil i liten grad bidra til å styrke Vågåmo som tettstad, men kan vere eit godt alternativ for folk som vil bu spreidd.	Nøytralt

Konklusjon:

Det er eit politisk ønskje om å styrke grendene og legge til rette for eit variert butilbod i alle delar av kommunen. Området har ikkje tilgang til kommunalt vass- og avlaup, men dette kan løysast med separate løysingar og infiltrasjon i grunn ettersom det berre er ei mindre utbygging.

Vegtilkomsten til området er bratt og svingete og er på om lag 1 km. Utbygginga er ikkje i tråd med *statleg planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging*. Området ligg om lag 1 km frå busshaldeplass og om lag 4 km frå Vågåmo. Dette er ikkje så langt unna Vågåmo sentrum, men likevel så langt at det må nyttast bil til og frå sentrum. Utbygginga støtter ikkje opp under ønskje om eit konsentrert utbyggingsmønster som gjer at fleire kan nå sine daglege gjeremål utan bruk av bil. Steindalsvegen har ikkje gang- og sykkelveg slik at vegen blir oppfatta som farleg for skulebarn. Det er planlagt ny gang- og sykkelveg frå Steindalsvegen til Sveaholsvegen i nytt forslag til kommuneplanens arealdel, slik at da vil det bli samanhengande gang- og sykkelveg til sentrum.

Eigedomen ligg innanfor aktsemdsområde for snøskred. Aust for arealet renn det ein mindre bekk og det er i føresegnene til arealdelen sagt at minimum ei sone på 20 meter på kvar side av bekkar og elvar er potensielle fareområde, og skal som hovudregel ikkje nyttast til byggeområde. Det er gjennomført faresonekartlegging i samband med bygging av nytt hus på naboeigedom som ligg 450 meter sør vest for eigedomen. Dette arealet vart friskmeldt slik at det er lite truleg at det er skredfare innanfor området. Ved ev. behandling av byggesak må området vurderast/utredast med omsyn til skredfare.

Området er innmarksbeite og ut frå omsynet til arealbruken er det uheldig med ei utbygging, men arealet er lite og ligg i tilknytning til eksisterande bustadhus som er utskilt på eiga tomt. Ulempene for landbruk vil difor vere minimale og omsynet til busetting blir vektlagt som viktigare enn samfunnsulempene for framtidig landbruksdrift. Vågå kommune ønskjer å ha eit variert bustadtilbod til innbyggjarane og det er difor ønskjeleg å leggje ut nokre område som LNFR, spreidd bustad.

Rådmannen meiner difor at fordelane med å kunne tilby bustadtomter som ligg spreidd, er høgare enn ulempene med å etablere eit nye bustadtomt i området

Rådmannen meiner at området er egna for ei mindre utbygging, slik som LNFR spreidd bustad opnar for. Arealet er avgrensa i storleik og det vil vere mogleg å oppføre eit bustadhus innanfor området utan at det blir kravd reguleringsplan.

Området blir tatt med vidare.

SN01 (Spreidd næring i LNFR): Pina seter

Forslagsstillar:	Tone Bakken
Gnr./bnr.:	Gnr. 187 bnr. 1
Dagens formål:	LNFR-område
Foreslått formål:	LNFR, spreidd næring
Arealstorleik:	4 daa
Dyrka mark:	0 daa

Skildring av foreslått tiltak:

Ønskjer å legge til rette for to utleige einingar (hytter) til garden. Skal leigast ut til målarar/kunstnarar.

Hyttene skal nyttast i samband med Morten Krøgvold sine workshops i Vågå.

Området ligg i tilknytning til Pina seter på Randsverk



Vurdering av konsekvens ved endra bruk av areal:

Tema	Verdiskildring	Skildring og omfang	Vurdering av omfang
Naturmiljø og naturmangfald	Ligg ikkje langt frå Blesomkalvkveien og eit område som er merka som naturbeitemark	Vil truleg påverke naturverdiar og biologisk mangfald i området lite ettersom det er eit lite tiltak.	Nøytralt
Jord- og skogbruk	Område ligg i eit seterområde og skal vere tilleggsnæring til eksisterande seter	Sett krav i føresegnene om at fritidsbustadene skal vere ein del av gnr. 187 bnr. 1 fnr. 877 og 878 og kan ikkje delast frå.	Nøytralt
Landskap	Det er berre snakk om to hytter så det vil truleg ha liten verknad på landskapet.	Sett krav i føresegnene om at bygningar må tilpassast	Nøytral

		eksisterande bygningsmiljø.	
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen kjente registreringar	Truleg ingen verknad	Nøytralt
Forureining, energi og klima	Eit lite tiltak slik at det truleg vil ha liten verknad.	Truleg ingen verknad	Nøytralt
Nærmiljø, friluftsliv og barn og unge	Ikkje registrert som leikeområde eller friluftsområde.	Truleg ingen verknad	Nøytralt
Sosial infrastruktur	Ligg i tilknytning til Randsverk. Eit område som har etablert fritids- og turistverksemd.	Ei utbygging kan styrke dette miljøet.	Positivt
Teknisk infrastruktur	Ikkje tilgang til offentleg vatn- og avløp.	Ei lita utbygging. Bør kunne løysast lokalt.	Nøytralt
Samfunnstryggleik	Ligg ikkje innanfor rasutsett område	Truleg ingen verknad	Nøytralt
Trafikktryggleik	Setra har eksisterande avkøyrsel.	Ein så liten utviding har truleg liten verknad for trafikktryggleiken.	Nøytralt
Attraktivitet og bukvalitet	Ligg i eit turistområdet så det kan bli attraktive utleigeobjekt.	Positivt for området.	Nøytralt

Konklusjon:


Eigedomen ligg på Statsgrunn, gnr. 187 bnr. 1, men er tenkt etablert i tilknytning til setra til gnr. 17 bnr. 1 som har gnr. 187 bnr. 1 fnr. 877 og 878. Landbrukseigedomen har ut frå produksjonen på garden ikkje behov for fleire seterhus. Arealet blir difor lagt inn som LNFR, spreidd næring. Det er ingen av punktane i konsekvensutgreiing som kjem fram som negative. Det ligg slik til rette for å opne for ein slik aktivitet. Ettersom det ikkje ligg føre ei avklaring etter seterforskrifta er det i føresegnene til arealdelen presisert at tiltaket må vere godkjend etter seterforskrifta og Statskog før det kan byggjast ut. Det er vidare sett krav om at fritidsbustadene skal vere ein del av gnr. 187 bnr. 1 fnr. 877 og 878 og kan ikkje delast ut som sjølvstendige fritidsbustader på eigen tomt.

Det er i forslag til samfunnsdelen sett som mål at Vågå skal:

- Styrke eksisterande bedrifter og utvikling av nye arbeidsplassar.
- Skape fleire arbeidsplassar innan kultur- og naturbaserte næringar; område kor Vågå og regionen har kvalitetsmessige fortrinn.
- Utvikle ein sterkare gründerkultur i Vågå med fleire innbyggjarar som våger å satse på nye ting og som ser moglegheiter for å etablere eigne arbeidsplassar.

Dette tiltaket kjem inn under satsingsområde i samfunnsdelen og det er difor viktig å vidareføre dette målet også ved utarbeiding av kommuneplanens arealdel. Rådmannen vil difor tilrå at området blir tatt med vidare. **Området blir tatt med vidare.**

SN02 (Spreidd næring i LNFR): Kalven seter

Forslagsstillar:	Vågå kommune	
Gnr/bnr.:	Gnr. 187 bnr. 1 fnr. 869	
Dagens formål:	LNFR-område	
Foreslått formål:	LNFR, spreidd næring	
Arealstorleik:	8,6 daa	
Dyrka mark:	6,4 daa	
Skildring av foreslått tiltak:		
<p>Kalven seter ligg i sørenden av Lemonsjøen, mellom Lemonsjøen Fjellstue og Lemonsjøen Skiheisar. På setra er det servering/kaffibar og aktivitetspark/energikamppark. Vågå kommune ønskjer å formalisere gjeldande arealbruk og arealet blir difor avsett til LNFR, spreidd næring.</p> <p>Ifølgje gardskartet er sjølve setertunet på 2,2 daa slik at 6,4 daa dyrka mark er råka av parkering og areal for energikamp.</p>		

Vurdering av konsekvens ved endra bruk av areal:

Tema	Verdiskildring	Skildring og omfang	Vurdering av omfang
Naturmiljø og naturmangfald	Ingen kjende registreringar innanfor området.	Vil truleg påverke naturverdiar og biologisk mangfald i området lite ettersom det er eit lite tiltak.	Nøytralt
Jord- og skogbruk	Område ligg i eit seterområde og bruken er knytt opp til eksisterande bygningar og setermiljø.	Formalisering av gjeldande arealbruk. Vil ikkje påverke jordbruket negativt.	Nøytralt
Landskap	Det er snakk om vidareutvikling av eksisterande seter.	Vil vere positivt for å vareta det gamle setermiljøet og kulturlandskapet.	Nøytral
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen kjente registreringar	Ingen verknad	Nøytralt

Forureining, energi og klima	Ligg i tilknytning til Lemonsjøen som er ein viktig turistdestinasjon i Vågå.	Positivt med omsyn til samordnet bolig-, areal og transportplanlegging.	Nøytralt
Nærmiljø, friluftsliv og barn og unge	Arealet er brukt som aktivitetspark og er eit populært område for barnefamiljar.	Formalisering av gjeldande bruk. Eit positivt aktivitetstilbod for Lemonsjøen.	Positivt
Sosial infrastruktur	Ligg midt i sentrum av Lemonsjøen som er ein fritidsdestinasjon.	Vil vere positivt for området at slike seter blir brukt til alternativ produksjon utover tradisjonell setring.	Nøytralt
Teknisk infrastruktur	Tilgang til offentleg vatn- og avløp.	Dersom det blir ei vesentleg utviding må det settast krav om at arealet blir knytt til offentleg vatn- og avlaup.	Nøytralt
Samfunnstryggleik	Ligg ikkje innanfor rasutsett område	Ingen verknad.	Nøytralt
Trafikktryggleik	Området har godkjend avkøyring. Setra ligg i eit område der det er planlagd ny gang- og sykkelveg, men den er planlagd på den andre sida av fv. 15 slik at vegen må kryssast for å få tilgang til den	Området har fartsgrense på 50 km i dag og det er viktig at området har redusert fartsgrense ettersom det er mykje aktivitet i området både frå gåande, syklande og skigåarar ettersom skiløypa kryssar fv. 51 på vinteren.	Nøytralt
Attraktivitet og bukvalitet	Eit attraktivt området med omsyn til fritids- og turistformål	Vidareutvikling av Kalven seter vil styrke Lemonsjøen som ein turistdestinasjon	Positivt

Konklusjon:

Aktiviteten på setra har dreidd bort frå tradisjonell setring og over på kaffibar og aktivitetspark. For å formalisere dagens bruk av området blir området avsett som LNFR, spreidd næring.

Arealet ligg midt i sentrum av Lemonsjøen og utvikling av setra som kaffibar og aktivitetspark vil styrke Lemonsjøen som ein turistdestinasjon. Det er difor viktig å legge til rette for at dette konseptet kan vidareutviklast i framtida. Ved å legge området som LNF, spreidd næring er det mogleg å innpasse noko spreidde bygningar til annan bruk enn landbruksrelaterte verksemder i LNFR-område, utan at det er krav om reguleringsplan eller at det må behandlast som ein dispensasjon frå gjeldande plan. Arealet blir difor føreslått lagt inn i ny arealplan som LNFR, spreidd næring.

Arealet som er avsett som LNFR, spreidd næring er på 8,6 daa og ifølgje gardskartet er 6,4 daa dyrka mark. Dette arealet er i dag i bruk som parkering og aktivitetspark. Arealet kan førast tilbake til dyrka mark dersom kaffiverksemda blir nedlagt. Det er i føresegnene sett krav om at ev. nye bygningar ikkje kan førast opp på dyrka mark. Omsynet til jordvernet er difor varetaken.


Det er i forslag til samfunnsdelen sett som mål at Vågå skal:

- Styrke eksisterande bedrifter og utvikling av nye arbeidsplassar.
- Skape fleire arbeidsplassar innan kultur- og naturbaserte næringer; område kor Vågå og regionen har kvalitetsmessige fortrinn.
- Utvikle ein sterkare gründerkultur i Vågå med fleire innbyggjarar som våger å satse på nye ting og som ser moglegheiter for å etablere eigne arbeidsplassar.

Dette tiltaket kjem inn under satsingsområde i samfunnsdelen og det er difor viktig å vidareføre dette målet også ved utarbeiding av kommuneplanens arealdel. Rådmannen vil difor tilrå at området blir lagt inn som LNF, spreidd næring

Arealet blir lagt inn som LNFR, spreidd næring.

FS01: Kortbaneflyplass på Grov

Forslagsstillar:	Noregs luftsportsforbund	
Gnr./bnr.:	Gnr. 187 bnr. 1	
Dagens formål:	LNFR-område	
Foreslått formål:	Flyplass for allmenn flyging	
Arealstorleik:	390 daa	
Dyrka mark:	0 daa	
Skildring av foreslått tiltak: Ønskjer å legge til rette for utøving av luftsportsaktivitetar. Primært motorfly og seilfly. Aktivitetar som hang- og paragliding, mikroflying, fallskjermhopping, drone – og modellflyging vil også kunne utøvast på arealet. Treng areal for å etablere ei kortbane på 1000 meter ettersom arealet ligg 800 m.o.h.		

Vurdering av konsekvens ved endra bruk av areal:

Tema	Verdiskildring	Skildring og omfang	Vurdering av omfang
Naturmiljø og naturmangfald	Det er ingen kjende registreringar innanfor sjølve området som er avsett til flystripe. Det er registrert aktivitet av store rovfuglar i nærområdet rundt området.	Truleg liten verknad ettersom det vil vere minimal aktivitet på arealet sjølv om det er eit stort tiltak.	Nøytralt
Jord- og skogbruk	Arealet består av skog av låg bonitet og uproduktivt areal. Beiteareal.	Liten verknad for jord- og skogbruk, med unntak av beitebruk.	Nøytralt
Landskap	Tiltaket inneber lite terrenginngrep. Sjølve rullebane blir berre om lag 10 meter brei, men må vere 1000 meter lang.	Landskapet vil forandre seg, men det ligg i eit området der det vil ha liten visuell verknad.	Nøytralt
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ingen kjente registreringar innanfor området	Ingen verknad	Nøytralt
Forureining, energi og klima	Området ligg om lag 15 km frå Vågåmo. Liten fare for forureining frå sjølve	Ikkje i tråd med <i>Statlige planretningslinjer for</i>	Negativt

	anlegget, men tiltaket vil medføre auka støy frå anlegget.	<i>samordnet bolig-, areal og transportplanlegging.</i> Må det utarbeidast støyanalyse.	
Nærmiljø, friluftsliv og barn og unge	Ikkje registrert som leikeområde eller friluftsområde.	Truleg liten verknad.	Nøytralt
Sosial infrastruktur	Ligg 15 km frå Vågåmo og 10 km frå Lemonsjøen	Ikkje i tråd med <i>Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal og transportplanlegging</i> , men det er vanskeleg å kunne plassere noko som er så arealkrevjande bygdenært.	Negativt
Teknisk infrastruktur	Området vil få vegtilkomst frå Fv. 51	Krev bygging av ny infrastruktur.	Nøytralt
Samfunnstryggleik	Det ligg nokre mindre bekkar og myrdrag innanfor området.	Det bør vere mogleg å ta omsyn til dette ved utarbeiding av reguleringsplan.	Nøytralt
Trafikktryggleik	Området ligg ikkje heilt opp til FV. 51, slik at fare for distraksjon blir minimal.	Truleg liten verknad for trafikktryggleiken. Området blir bilbasert.	Nøytralt
Attraktivitet og bukvalitet	Det er viktig for Vågå kommune at flymiljøet får utvikle seg.	Kan bidra til å gjere Vågå til ein meir attraktiv plass, men det kan også verke negativt for Lemonsjøen og nærområdet som reiselivsdestinasjon.	Nøytralt

Konklusjon:

Området for flystripe har blitt flytta sidan 1. gongs høyring av arealdelen. Arealet låg da sentrumsnært til Vågåmo, men var i konflikt med fleire tema som jordvern og tiltak i vassdrag m.v. Området som no er lagt inn kjem negativt ut med omsyn til samordna areal- og transportplanlegging. Det har vore vurdert område som ligg nærare Vågåmo tidlegare. Desse er omtalt nedanfor:

1. Sørem som i dag: Forlenga og sambruk med jordbruk. Ev. nye bygg leggjast innanfor eksisterande område som må hevast vesentleg for å ta omsyn til flomfare. I konflikt med jordvern og grunneigarar ønskjer ikkje å avstå areal.

2. Sørem, forlenga og løfta over flomnivå: Ikkje aktuelt ut frå økonomi og ønskje frå grunneigar.

3. Øi langs Vågåvegen RV452: Ikkje aktuelt. I konflikt med jordvern og grunneigar ønskjer ikkje å avstå areal.

4. Flyplass på Sagrenna, langs Blåhøvegen: For høgtliggande og det er ikkje aktuelt å bygge flyplassen så høgt ut frå tryggleiken. Vil også vere eksponert i landskapet ettersom den vil ligge i snaufjellet.

Inga av alternativa som er vurdert tidlegare er aktuelle og ein har da kome fram til eit nytt område på Grov. Dette arealet ligg langt frå Vågåmo sentrum, men det er få andre tema som kjem negativt ut i konsekvensutgreiinga på kommuneplannivå. Omsynet til støy må vurderast på reguleringsplannivå og det må utarbeidast ein støyanalyse. Omsynet til beiteinteresser og naturinteresser må også vurderast nærare på reguleringsplannivå.

Vidareutvikling av flymiljøet i kommunen vil kunne vere av stor samfunnsinteresse for Vågå og dette kan kanskje vege opp for mindre god areal- og transportplanlegging. På den andre sidan så kan dårleg plassering bidra til at området og anlegget blir mindre brukt. Det er uheldig å opne for ein aktivitet som legg eit så stort arealbeslag dersom aktiviteten berre blir sporadisk og eit nokre gonger i året. Det er da ikkje samfunnsmessig forsvarleg å bygge ut området.

Utvikling av flystripe på Grov kan også vere positivt for vidare utvikling av Lemonsjøen og Sjudalen som ein turistdestinasjon, men det kan også vere negativt. Ved 2. gongs høyring har det kome merknader til området som er kritisk til forslaget. Bygging av kortbaneflyplass vil krevje eit stort arealbeslag og samfunnsnyttan opp mot samfunnsulempa med støy og aktivitetar i eit godt etablert friluftsområde, naturområde og beiteområde er for dårleg kjend. **Området er redusert i areal og tatt med etter politisk ønskje.**

VF01 Brustugu

Forslagsstillar:	Vågå kommune	
Gnr./bnr.:	Gnr. 66 bnr. 1 og gnr. 66 bnr. 14	
Dagens formål:	Grønstruktur og område for bruk og vern av vassdrag.	
Foreslått formål:	Friluftsområde	
Arealstorleik:	13 daa	
Dyrka mark:	0 daa	
<u>Skildring av foreslått tiltak:</u> Ønskjer å leggje til rette for etablering av friluftsområde i tilknytning til utbygging av Brustugu.		

Vurdering av konsekvens ved endra bruk av areal:

Tema	Verdiskildring	Skildring og omfang	Vurdering av omfang
Naturmiljø og naturmangfald	Det er ingen kjende registreringar innanfor området. Det er ikkje registrert våtmarksfugl innanfor området ifølgje artskart.	Ei tilrettelegging til friluftsområde vil truleg ha liten verknad ettersom det er ei mindre tilrettelegging.	Nøytralt
Jord- og skogbruk	Råker ikkje ved jord- og skogbruksareal	Ingen verknad	Nøytralt
Landskap	Området vil bli meir tilrettelagd for friluftsliv i tilknytning til vassdrag.	Kan vere med å gjere innfallsporten til Vågåmo meir synleg og attraktiv.	Nøytralt
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen kjende registreringar	Truleg ingen verknad	Nøytralt
Forureining, energi og klima	Liten risiko for forureining	Må takast om syn til dette ved utarbeiding av reguleringsplan for området.	Nøytralt
Nærmiljø, friluftsliv og barn og unge	Eit tiltak som vil vere med å gjere området meir tilgjengeleg for alle	Kan bli eit viktig nærmiljøanlegg for innbyggjarar i	Positivt


	innbyggjarar i Vågå.	Vågåmo.	
Sosial infrastruktur	Ligg sentralt og i tilknytning til Brustugu.	Vil bidra til å styrke området og gjere det meir attraktivt	Nøytralt
Teknisk infrastruktur	Ligg tett opp til Brustugu og planlagt utbygging der, slik at det vil vere mogleg å legge til rette for teknisk infrastruktur dersom det er ønskje om det.	Dersom det er aktuelt å bygge ut for teknisk infrastruktur må det takast omsyn til dette ved utarbeiding av reguleringsplan.	Nøytralt
Samfunnstryggleik	Området ligg nært opp til Ottaelv og strømnings frå elva, slik at det kan vere ein risiko knytt til vassaktivitet i eit slikt område.	Det må takast omsyn til dette ved regulering av området.	Nøytralt
Trafikktryggleik	Det er gang- og sykkelveg til området og ein etablert gangstig som kan vidareutviklast meir.	Omsynet til trafikktryggleik er vareteken.	Nøytralt
Attraktivitet og bukvalitet	Kan bli eit attraktivt nærmiljøanlegg.	Eit positivt tiltak.	Positivt

Konklusjon:

Vågå kommune har ønskje om å utvikle Brustugu slik at det blir ein innfallspport til Vågåmo. Det er difor viktig å sikre at heile området kan bidra til å få folk til å stoppe og trekke folk til sentrum. Tilrettelegging av friluftsområde godt synleg frå rv. 15 vil vere med å gje eit godt visuelt inntrykk av Vanglandet og Brustugu. Stadanalysen frå Rambøll frå 2013 viser at det ligg ein stort utviklingsmoglegheit innan utviklinga av blågrøn struktur. Vågåvatnet er ei perle som i dag er lite utnytta og ei etablering av friluftsområde vil gjere området meir attraktivt. Det går ein turstig langs Vanglandet i dag og det har i fleire år vore ønskje om å utvikle denne meir.

Området blir endra til friluftsområde.

VF02. Vatn og friluftsområde, isbane Vågåvatnet

Forslagsstiller:	Vågå kommune	
Gnr./bnr.:	Gnr. 0 bnr. 0	
Dagens formål:	Særskilt bruk, vern av sjø og vassdrag.	
Foreslått formål:	Isbane på Vågåvatnet	
Arealstorleik:	837 daa	
Dyrka mark:	0 daa	
<p>Skildring av foreslått tiltak:</p> <p>Ønskjer å leggje til rette for vidare bruk av isbane som dei siste åra har vore etablert på Vågåvatnet.</p> <p>Tiltaket går over ein kort periode på om lag 3 månader frå januar til mars.</p>		

Vurdering av konsekvens ved endra bruk av areal:

Tema	Verdiskildring	Skildring og omfang	Vurdering av omfang
Naturmiljø og naturmangfald	Aktiviteten går føre på vinteren når det er snø.	Ingen verknad.	Nøytralt
Jord- og skogbruk	Råker ikkje ved jord- og skogbruksareal	Ingen verknad	Nøytralt
Landskap	Ingen verknad for landskapet.	Ingen verknad	Nøytralt
Kulturminne og kulturmiljø	Ikkje aktuelt	Ingen verknad	Nøytralt
Forureining, energi og klima	Liten risiko for forureining. Det har ikkje vore klage på støy.	Stort sett berre avgassar frå bilar og fly.	Nøytralt
Nærmiljø, friluftsliv og barn og unge	Eit populært tiltak for unge sjåførar. Arealet blir ikkje nytta til noko anna på vinterstid.	Eit avgrensa området som blir nytta midlertidig.	Positivt
Sosial infrastruktur	Ikkje aktuelt	Ikkje aktuelt	Nøytralt

Teknisk infrastruktur	Ikkje aktuelt	Ikkje aktuelt	Nøytralt
Samfunnstryggleik	Har eit tett samarbeidet med det lokale politiet.	Kan virke førebyggjande for andre trafikkulykker at ein lærer korleis bilen oppfører seg på glatt føre.	Nøytralt
Trafikktryggleik	Aktiviteten er tenkt gjennomført på isen. Trafikktryggleiken er vareteken.	Kan virke førebyggjande for andre trafikkulykker at ein lærer korleis bilen oppfører seg på glatt føre.	Nøytralt
Attraktivitet og bukvalitet	Eit attraktivt tilbod for ein del unge sjåførar.	Eit positivt ungdomstiltak.	Nøytralt

Konklusjon:

Det er gjennom kommunal forskrift opna for at det kan lande eller ta av med luftfartøy på ope eller islagt vatn på eit område mellom Lye og Rundhaugen. Det har gjennom fleire år vore gitt løyve til avviking av flystevne Vågå wavecamp innanfor området. Kommunen har dei siste åra gjeve dispensasjon frå gjeldande kommunedelplan for etablering av isbane på Vågåvatnet i perioden januar til mars. Det har difor vore etablert motorferdsel og flyferdsel innanfor området i fleire år. Det er ved revisjon av arealdelen ønskje om å formalisere den faktiske bruken av areala i ny arealdel.

Aktiviteten innanfor området går over ei stutt tid og det har ikkje vore nokon klager på aktiviteten. Ettersom tiltaket skjer på vinterstid, har det minimal verknad for naturmiljø og naturmangfaldet. Det er ikkje sett krav om utarbeiding av reguleringsplan ettersom det er eit mindre, lokalt tiltak som ikkje kan samanliknast med Losna.

Området blir tatt med.

Ny gang- og sykkelveg mellom Lemonsjøen alpin og Skardå camping


Forslagsstillar:	Vågå kommune	
Gnr./bnr.:	Gnr. 187 bnr. 1 m. fleire	
Dagens formål:	LNFR-område	
Foreslått formål:	Gang- og sykkelveg	
Arealstorleik:	2400 meter	
Dyrka mark:	50 meter blir råka.	
<p>Skiltring av foreslått tiltak:</p> <p>Ønskjer å leggje til rette for etablering av gang- og sykkelveg frå Skardå camping i nord til Lemonsjøen alpinanlegg i sør. Anlegget er på ca. 2400 m.</p> <p>I samband med utarbeiding av masterplan for Lemonsjøen vart det i 2009 utarbeidd eit forprosjekt der trasé for gang- og sykkelveg vart utreidd. Denne rapporten er vedlagt og fungerer som underlag for konsekvensutgreiinga.</p>		

Vurdering av konsekvens ved endra bruk av areal:

Tema	Verdiskiltring	Skiltring og omfang	Vurdering av omfang
Naturmiljø og naturmangfald	Det er registrert nokre artar av stor forvaltningsinteresse etter vegtraseen som fjellmarinøkkel, handmarinøkkel, trefingerurt og fjellfrøstjerne.	Ei utbygging vil redusere leveområdet til artene.	Nøytralt
Jord- og skogbruk	Det er berre om lag 50 meter dyrka mark som blir råka av tiltaket ved Skardå camping.	Liten verknad for landbruk. Samfunnsnyttan vil vere mykje større enn ulempene for landbruket.	Nøytralt

Landskap	Skal leggjast i tilknytning til eksisterande vegtrasé.	Vil ha liten verknad på landskapet. Ingen store terrenginngrep.	Nøytralt
Kulturminne og kulturmiljø	Det er eit kulturminne i området. Kjem ikkje i konflikt med trasé for gang- og sykkelveg.	Ingen verknad	Nøytralt
Forureining, energi og klima	Utbygging vil bidra til at fleire går og sykklar.	Bra for folkehelsa. Mindre klimautslepp frå samferdsel.	Positivt
Nærmiljø, friluftsliv og barn og unge	Ikkje registrert som leikeområde eller friluftsområde.	Vil vere positivt for nærmiljøet at det blir etablert gang- og sykkelveg.	Nøytralt
Sosial infrastruktur	Ligg i eit området med etablert reiselivsnæring, fritidsbustader og alpinanlegg	Vil knyte området meir saman og vil kunne gjere det betre tilgjengeleg for barn og andre.	Positivt
Teknisk infrastruktur	Vil krevje utbygging av om lag 2400 meter gang- og sykkelveg	Utbygging krev ikkje store terrenginngrep ettersom terrenget ikkje er så krevjande.	Nøytralt
Samfunnstryggleik	Vil bidra til at risikoen for trafikkulykker med mjuke trafikantar blir redusert.	Vil gje betre samfunnstryggleik.	Positivt
Attraktivitet og bukvalitet	Vil kunne bidra til at området blir meir attraktivt.	Truleg stor verknad.	Positivt

Konklusjon:



Figur 6: Flybilette over området der ny gang- og sykkelveg er vist med raud line.

Gjennom arbeidet med masterplanen for Lemonsjøen vart det utarbeidd ein rapport som tar for seg utgreiing av gang- og sykkelveg mellom Lemonsjøen alpin og Skårdå camping. Denne planen er detaljert og det er utarbeidd ein teknisk plan som viser val av trasé, sjå vedlegg. Med utgangspunkt i rapporten og vurdering av tema ovanfor er det få tema som kjem fram som negative. Samfunnsnyttan med å få etablert gang- og sykkelveg er mykje større enn ulempene.

Gang- og sykkelvegen blir lagt inn i arealplankartet.

Vidareføring av ny gang- og sykkelveg frå Sveaholsvegen til rundkøyring

Forslagsstillar:	Vågå kommune	
Gnr/bnr.:	Gnr. 17 bnr. 1 og gnr. 19 bnr. 1	
Dagens formål:	Gang- og sykkelveg. framtidig	
Foreslått formål:	Gang- og sykkelveg	
Arealstorleik:	160 m	
Dyrka mark:	160 m	
<p>Skildring av foreslått tiltak:</p> <p>Ønskjer å leggje til rette for etablering av gang- og sykkelveg frå Sveaholsvegen og til rundkøyring i Vågåmo Ein strekning på totalt 160 meter Ligg inn i eksisterande kommunedelplan for Vågåmo, vidareføring frå gjeldande plan.</p>		

Vurdering av konsekvens ved endra bruk av areal:

Tema	Verdiskildring	Skildring og omfang	Vurdering av omfang
Naturmiljø og naturmangfald	Inga kjente registreringar i området.	Arealet er hovudsakeleg dyrka mark og det er lite truleg at gang- og sykkelveg vil ha nokon verknader for naturmiljø og naturmangfald.	Positivt
Jord- og skogbruk	Gang- og sykkelvegen må etablerast på dyrka mark.	Om lag 1 daa dyrka mark vil gå ut av produksjon.	Negativt
Landskap	Arealet må fyllast opp noko ved etablering av gang- og sykkelveg langs eksisterande veg.	Ingen verknad for landskapet.	Nøytralt
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen kjende registreringar i området.	Ingen verknad	Nøytralt
Forureining, energi og klima	Utbygging vil bidra til at fleire går og sykklar.	Bra for folkehelsa. Mindre klimautslepp frå samferdsel.	Positivt
Nærmiljø, friluftsliv og barn og unge	Ikkje registrert som leikeområde eller	Vil vere positivt for nærmiljøet at det blir	Nøytralt

	friluftsområde. Det er fleire som går tur langs Vanglandet og som deretter går om Vågåvegen frå sør slik at det blir ein runde.	etablert gang- og sykkelveg.	
Sosial infrastruktur	Ligg ikkje langt frå Vågåmo. Vil gje samanhengande gang- og sykkelveg til Vågåmo sentrum.	Vil knyte området meir saman og vil kunne gjere det betre tilgjengeleg for barn og andre.	Positivt
Teknisk infrastruktur	Vil krevje utbygging av om lag 160 meter gang- og sykkelveg	Utbygging krev ikkje store terrenginngrep ettersom terrenget ikkje er så krevjande.	Nøytralt
Samfunnstryggleik	Vil bidra til at risikoen for trafikkulykker med mjuke trafikantar blir redusert.	Vil gje betre samfunnstryggleik.	Positivt
Attraktivitet og bukvalitet	Vil kunne bidra til at området blir meir attraktivt og bebuarane i Steindalsvegen får betre trafikktryggleik.	Truleg stor verknad.	Positivt

Tiltaket vil krevje omdisponering av 1 daa fulldyrka mark av god kvalitet. Ut frå omsynet til jordvernet og *Meld. St. 9 (2011-2012), Landbruks- og matpolitikken* som vart vedtatt i Stortinget 12. april 2012, bør området takast ut. Jordvernmålet er også presisert i *Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging* (2011). Omsynet til jordvernet må stå sentralt i all planlegging dersom målet om å redusere talet på omdisponeringar skal bli nådd. Jordvernmålet må vegast opp mot samfunnsnyttan og i dette tilfellet vil tiltaket vere av stor samfunnsnytte. Det er også lite areal som blir råka. Bygging av gang- og sykkelveg vil knyte området betre saman med resten av Vågåmo og samfunnsinteressene er vektlagt til å vere viktigare enn jordvernomsynet.

Gang- og sykkelvegen blir vidareført i arealplankartet.

Vidareføring av ny gangveg frå Kvarbergåsen til Hølvegen, Vågåmo

Forslagsstillar:	Vågå kommune	
Gnr./bnr.:	Gnr. 71 bnr. 1 og gnr. 66 bnr. 1	
Dagens formål:	Gangveg	
Foreslått formål:	Gangveg	
Arealstorleik:	Ca. 1000 meter	
Dyrka mark:	0 meter	
Skildring av foreslått tiltak:		
<p>Ønskjer å leggje til rette for etablere gangveg frå Kvarbergåsen bustadfelt om Likvegen til Hølvegen.</p>		

Vurdering av konsekvens ved endra bruk av areal:

Tema	Verdiskildring	Skildring og omfang	Vurdering av omfang
Naturmiljø og naturmangfald	Det er ikkje særleg verdiar knytt til området. Inngår i eit område for rådyrbeite.	Truleg liten verknad.	Nøytralt
Jord- og skogbruk	Arealet er skogsmark.	Liten verknad for skogsdrifta i området.	Negativt
Landskap	Området er definert som ein del av Nordherad kulturlandskapsområde.	Truleg liten verknad for landskapet.	Negativ
Kulturminne og kulturmiljø	Likvegen er eit gammalt vegfår med regional verneverdi. Vegen er vist som omsynssone med særlege angitt omsyn.	Det er tatt omsyn til at Likvegen er eit gammalt vegfår, men etablering av heilårsveg vil forandre vegens karakter noko.	Nøytralt
Forureining, energi og klima	Utbygging vil bidra til at fleire kan gå til Vågåmo.	Bra for folkehelsa. Mindre klimautslepp frå samferdsel.	Positivt
Nærmiljø, friluftsliv og barn og unge	Ikkje registrert som leikeområde. Likvegen blir nytta som turveg og som bilete nedanfor syner er stigen godt opparbeidd.	Vegen vil framleis kunne nyttast som turveg sjølv om den blir meir opparbeidd som gangveg.	Nøytralt

Sosial infrastruktur	Vil bidra til å knyte bustadfeltet på Kvarbergåsen nærmare opp til Vågåmo. Viktig å få etablert gangvegen for å sikre ei utbygging av området.	Det er i føresegnene til reguleringsplanen for Kvarbergåsen sett rekkefølgekrev om at gangvegen må vere opparbeidd som ein heilårsveg før bustadhus nr. 7 kan takast i bruk.	Positivt
Teknisk infrastruktur	Krev bygging av om lag 1000 m gangveg. Skal etablerast i eit til dels bratt terreng.	Vil kunne bli noko terrenginngrep ettersom det er eit krevjande terreng.	Negativt
Samfunnstryggleik	Vil bidra til at risikoen for trafikkulykker med mjuke trafikantar blir redusert.	Vil gje betre samfunnstryggleik.	Positivt
Attraktivitet og bukvalitet	Vil kunne bidra til at området blir meir attraktivt for busetting.	Vil knyte området nærmare til Vågåmo sentrum.	Positivt

Konklusjon

Framtidig gangveg frå Kvarbergåsen til Hølvegen er ei vidareføring frå gjeldande kommunedelplan. Etersom det er så lite trafikk langs Hølvegen er det ikkje planlagt gang- og sykkelveg langs den vegen. Det er elles lagt opp til at gang- og sykkelvegen skal gå gjennom Ullinsvin slik at vegtilkomsten til Vågåmo blir stuttare, samt at det krev mindre bygging av ny gang- og sykkelveg. Øvre del av gangvegen ligg innanfor reguleringsplanen for Kvarbergåsen bustadfelt. Der er Likvegen vist som omsynssone med særlege angitt omsyn. Det er også knytt føresegner til plankartet:

«§10 c) Sone med angitte særlige hensyn

10.1 H570_1 Bevaring kulturmiljø

Gjelder sone i og inntil "Likvegen".

Innanfor denne hensynssona (H570_1) finst "Likvegen", et gammalt vegfår med regional verneverdi. Opplevingsverdien av vegen og kulturmiljøet omkring den skal bevarast så langt det lar seg gjere. Vegen og området langs med den skal så langt som mogleg opprettholdes med dagens linjeføring og kurvatur. Tiltak innanfor omsynssona skal leggast fram for Oppland fylkeskommune for godkjenning.»

Denne omsynssona er også lagt inn i arealplankartet og det er utarbeidd føresegner til omsynssona slik at omsynet til Likvegen som gammalt vegfår er vareteken.

Det er elles få tema som kjem fram som negative i konsekvensutgreiinga og samfunnsnyttan med å etablere gangvegen blir sett på som større enn ulempene.



Figur 7: Bilete frå Likvegen.

Gangvegen blir vidareført i arealplankartet.

Samla vurdering av nye byggeområde som er avsett i planforslaget

Det er i planforslaget lagt til rette for ei moderat utviding av nye byggeområde for fritidsbustader i heile kommunen. Rådmannen meiner at det ikkje bør opnast for fleire tomter før kommunen har fått ein heilhetleg strategi for bygging av fritidsbustader. Det er spesielt viktig å ha dette på plass før ein opne for nye byggeområde i område der det ikkje er etablert fritidsbustader frå før. Det er også viktig å vere klar over at ein stor hyttereserve kan verke mot sin hensikt. For store arealreserve gir dårleg styring med arealbruken og kan undergrave utviklinga i område der det til dømes er investert i infrastruktur. Det er eit politisk ønskje om å legge til rette for sentrumsnære fritidsbustader og det er difor lagt inn eit område ved Jetta.

Det er avsett nokre nye byggeområde for berre bustader i planforslaget. I sentrum av Vågåmo er det også lagt inn fleire nye byggeområde der bustad er i kombinasjon med andre arealformål. Det er også lagt til rette for stor fleksibilitet i planen når det gjeld sentrumsområde ettersom store areal innanfor indre sentrumssone er avsett til sentrumsformål. Målet er at det skal bli etablert bustader innanfor delar av dette areal. Det er berre lagt til rette for einebustader på Lalm og i spreidde felt, LNF- spreidd bustad. Dette er i tråd med undersøkingar som viser at det er etterspørsel etter sentrumsnære leilegheiter. Ved å legge til rette for dette, vil omsetnad og sal av eksisterande einebustader dekke opp for etterspørsel etter einebustader. Det bør difor ikkje vere behov for å legge til rette for meir areal til dette arealformålet.

Det er i planforslaget lagt opp til ei utviding av næringsareal på Lalm. Det kan vere utfordrande at det ikkje er sett av noko areal til utviding av Vågå næringspark, men omsynet til jordvernet har blitt vekta tungt. Omsynet til jordvernet har generelt vore vekta sterkt og ettersom sentrum av Vågåmo er omgjeve av dyrka mark, har det ikkje blitt lagt til rette for nye byggeområde på dette arealet. Dette er også i tråd med *Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal og transportplanlegging*. Fortetting og transformering vil vere viktig for å få ei meir effektiv arealutnytting og gje reduserte klimagassutslepp. For å møte overgangen til lågsleppssamfunnet må kommunen legge større vekt på effektiv arealbruk og samordning av arealbruk og transportsystem.

For å sikre tilgang på lokal grus- og steinressursar er det avsett nokre nye område for råstoffutvinning. Dette er små areal samanlikna med andre regionar, men det er likevel viktige areal for Vågå kommune. Stein- og grus er ikkje ein fornybar ressurs og det er viktig at desse areala blir utnytta.